Kyrkjemøtet har 13/4-24 fastsett «Bestemmelser om avgjørelsesmyndighet i saker om kirkelig inndeling» jf. Kyrkjeordninga § 3. Bispedømerådet har myndigheit til å avgjere i desse sakene:

- a) oppretting eller nedlegging av prosti
- b) Overføring av eit sokn frå eit prosti til eit anna
- c) Endring av grensene mellom sokn
- d) Samanslåing av sokn
- e) Oppretting av nytt sokn i eit distrikt kor det er kyrkje
- f) Treffe avgjersler som er naudsynte for å gjennomføre endringar i inndelinga.
- g) Fastsetting av namn på kyrkje, sokn eller prosti.

Det er bispedømerådet som vurderer kva som er den mest tenlege inndelinga.

Høyringsnotatet har lagt vekt på ulike omsyn som tal sokn og kyrkjelege fellesråd, tal prestar og andre vigsla stillinga, geografi og reiseavstand. Ein har forsøkt å vekte dette mot målsettinga om robuste, tenlege og framtidsretta einingar som kan gje god leing og samordning med dei lokale kyrkjelege organ.

Oppsummeringa av høyringa med omsyn til val av modell

Det er ein klar hovudtendens i høyringssvara. Heile 25 (av 38) peiker på modell 3 som ein føretrekt modell.

Nokre kyrkjeleg fellesråd og sokneråd i Søre Sunnmøre og Nordre Sunnmøre prosti har ikkje kryssa av for denne modellen men overlèt til dei to prostia å velje kva dei ønskjer.

Dei anonyme høyringssvara som kom inn via heimesida peika og i hovudsak på modell 3 som beste alternativ.

Om ein grupperer dei ulike høyringssvar med omsyn til modellval ser ein følgjande:

Frå Indre Romsdal prosti

Av dei 10 høyringsinstansane som har svara i Indre Romsdal prosti vil 8 ha modell 3. Vestnes kyrkjelege fellesråd vil ikkje ha nokon endring (= modell 1) medan staben i Rauma er delt med eit fleirtal som vel modell 3 (samanslåing med Domprostiet) og eit mindretal som vel modell 1 (status quo)

Høyringsinstansane i prostiet legg til grunn at dei vil behalde presteressursane (minimum 50%), styrke prostesekretærressursen for det nye prostiet og at ein av prestane med tilknytning til noverande Indre Romsdal prosti blir assisterande prost.

Ein understrekar behovet for nærvær av ein som leier prestetenesta lokalt, samarbeider tett med kyrkjeverjene og er til stades ved ulike kyrkjelege hendingar (visitas, kyrkjejubileum, innsetjingar og liknande)

Frå Molde domprosti

Av dei 6 høyringsinstansane som har svara i Molde domprosti vil 5 ha modell 3 medan ein (Molde menighetsråd) vil ha modell 1 (inga endring)

Også her blir det peike på, i val av modell 3, at ein opprettheld (tilnærma) dei same presteressursane, styrker prostesekretærfunksjonen og har ein assisterande prost med sete i Indre Romsdal prosti, i minimum 50 % stilling.

Dette er viktige føresetnader for at eit nytt prosti skal ha naudsynte ressursar for god leiing av prostiet der domprosten og er fast vikar for biskopen.

Domprosten går inn for modell 3. Dette vil «sikre en løsning som står seg over tid. Dette vil gi både noen positive effekter, og noen nye utfordringer. • Et større fagmiljø, både for prester, kantorer, diakoner og kateketer • Større fleksibilitet ved vakanser • De økonomiske faktorene ved at medarbeidere skal delta i fagsamlinger • Størrelsen på beredskapsområdet • Prosten som synlig kirkefaglig leder for ansatte og råd i en større enhet

Det forutsetter god dialog og samledelse mellom prost og kirkeverger om vi fullt ut skal få glede av disse. Utfordringene kan løses ved å utvide stillingen til prostesekretær, og sikre at vedkommende har nødvendige tilganger og mandat til å være til reell avlastning for prosten. Et annet alternativ kan være å tilsette en assisterende prost i en delt stilling med prostiprest/sokneprest i indre deler av prostiet. Videre er det verdt å vurdere behovet for å dele beredskapsområdet i to».

Frå Nordre Sunnmøre prosti

Av dei 15 høyringsinstansane som har svara i Nordre Sunnmøre er det ingen som ønskjer at indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (Storfjorden) skal bli ein del av eit nytt prosti (Modell 2). Alle 6 sokna (i Storfjorden) ønskjer at ein opprettheld modell 1 og aukar naudsynte ressursar til prostiet. 8 høyringssvar ønskjer modell 3 og 1 ønskjer ein ny modell 3 der ein opprettheld tal prostar. Konstituert prost ønskjer modell 3, medan to sokneråd peiker på at prostiet er for stort.

Sula sokneråd har foreslått ein ny modell 6 som vil vere eit alternativ med omsyn til storleik (tal medlemmar, tal sokn og FR, tal prester og geografi). Denne modellen liknar tidlegare Austre Sunnmøre prosti med unntak av Ørskog som vil høyre Ålesund kommune til. I denne modellen vil eit nytt NS prosti bestå av Ålesund, Sula og Giske.

Frå Søre Sunnmøre prosti

Her har ein fått 3 høyringssvar. To av desse ønskjer modell 1 men overlèt til Indre Romsdal prosti og Molde domprosti å ta stilling til ein evt. modell 3.

Prosten ønskjer ikkje å inkludere deler av Nordre Sunnmøre prosti i Søre Sunnmøre prosti, då ho meiner at prostiet er passe stort og avstandane vil bli for store. Ho peiker på modell 3 som eit godt alternativ.

Andre hovudelement i høyringa

Stort eller lite prosti

Det er ein klar forståing blant dei som har uttala seg, at modell 3 er det mest aktuelle alternativet. Indre Romsdal prosti er for lite med berre 5 prestar. Det er for sårbart og lite

fleksibelt ved vakansar og ulike permisjonar. Noko som samsvarar med dei erfaringane vi har dei siste åra, og som er bakgrunn for heile denne prosessen.

Om ein slår saman Indre Romsdal og Molde domprosti vil det bli eit relativt stort geografisk område med i overkant av 50000 medlemmar, 5 Fellestråd, 26 sokn, 19 prestar og 8 vigsla stillingar. Domprosten er i tillegg fast vikar for biskopen.

Det blir og peike på av fleire at prostigrensene bør følgje naturlege kvardagslinjer.

Assisterande prost

Arbeidsgruppa drøfta spørsmålet om assisterande prost undervegs i sitt arbeid med høyringsnotatet. Sidan dette er ei ordning som i dag ikkje er ein ordning i Den norske kyrkja, men kjent frå våre venskapsbispedøme i England, vart det ikkje tatt med i høyringsnotatet.

Men fleire høyringssvar (både frå kyrkjeleg fellestråd og prostar) peiker på at ein ordning med assisterande prost eller domprost 2 kan vere ei mogleg løysing på utfordringane med eit større prosti. Dette vil avlaste og bidra til nærleik til prestane i området. Men det er uklart om det det mogleg å søke Kyrkerådet om lov til å prøve ut noko liknande i det nye prostiet.

Det som i dag er praksis er at ein av prestane i eit prosti, blir peike ut med eit særleg ansvar for å fungere som prost i prostens sitt fråvær, men ikkje ved sida av med definert mynde og ansvarsoppgåver.

Dersom ein prest skulle få særleg ansvar og oppgåver av administrativ karakter bind ein opp presteressursar til administrative oppgåver. Det er ikkje hensiktsmessig i ein krevjande rekrutteringssituasjon.

Leiing i prostiet

Kyrkja er i kontinuerleg endring. Prosessen kring kyrkjeleg organisering er ikkje ferdig. Det er og fleire usikkerheitsmoment knytt til kva leiarrolle prostens skal ha i ein ny kyrkjeleg kvardag. Kor tett på lyt ein prost vere for god leiing av prestetenesta? Utviklinga mot eit felles VI held fram med vekt på samleiing.

Fleire kyrkjelege fellestråd peiker på det eksisterande kyrkjeleg samarbeidet i regionen, med kurs og samlingar, administrativt og fagleg utveksling, og at dette bør utviklast vidare.

Eit av høyringssvara peiker og på at det

«I det nasjonale arbeidet med kirkelig organisasjonsutvikling er det vedtatt at samarbeid mellom prestetjenesten ved prost og fellestrådene ved kirkeverge skal utvikles og legges enda bedre til rette for. Det pekes i dette også på behov for økt samarbeid mellom nabofellestråd lokalt. Endring av prostigrenser må derfor legge til rette for -og underbygge slikt samarbeid framover.»

Økonomiske omsyn/vurderingar

Å velje modell 3 – slik dei fleste i høyringa meiner er den beste løysinga – vil potensielt redusere lønsmidlar til ei prostestilling. Då ser ein bort i frå nokre av premissa for høyringssvar som føreset at ein opprettheld heile eller deler av tal på prestar i noverande Indre Romsdal prosti. Samstundes vil utgiftene til reise, samlingar og beredskap potensielt auke. Skal ein redusere kostnadene må ein redusere tal prestestillingar, uavhengig av modell.

Økonomien i eit framtidsperspektiv er òg eit stort usikkerheitsmoment, og eit viktig premiss for korleis vi organiserer og bemannar kyrkja. Sjølv om vi ønskjer å oppretthalde kyrkjelyder, gudstenestefellesskap og stabar alle stader vil ein usikker økonomi legge sterke føringar for om det er mogleg.

I høyringa er det fleire som peiker på ein framtidig vanskeleg økonomi, medan andre føreset meir økonomi for å styrkje drifta og leiinga av kyrkja.

Støttefunksjon – administrativ hjelp for prostens

Fleire av dei som har uttala seg har peika på behov for auka støttefunksjon for prostens og ber om at stillinga som prostesekretær vert auka. Ein gjennomgang med klargjering av

oppgåver og innhald for sekretærfunksjonen (prosteseekretær) kan bli ei reell avlasting for prosten i dei store prostia.

For dei som svarer på høyringa frå Indre Romsdal er det eit sterkt ønske at ein beheld presteressursane i noverande Indre Romsdal, og at ein prest i Indre Romsdal prosti får ansvar for å koordinere prestetenesta og vere eit bindeledd til prosten.

Beredskapsområde

I dag er desse to prostia 2 beredskapsområder. Eit nytt stort beredskapsområde vil gje lengre reisetid og lengre responstid. Til samanlikning er det i Nordre Sunnmøre prosti eit forsøk med eitt stort beredskapsområde etter ønske frå prestane. Fleire prestar i eit område gir færre beredskapsveker pr prest pr år, men dei einiskilde oppdraga kan verte lengre. Det kan vere eit alternativ å søkje kyrkjerådet om å oppretthalde tildelinga av ressursar til to beredskapsområder i staden for eit nytt stort område.

Tal prostar

Høyringsnotatet peiker på at det ikkje er ønskeleg å redusere tal prostar i bispedømet. Det vil potensielt svekke kollegafellesskapet og auke oppgåvene som fell på prostane i bispedømet. Til samanlikning har ingen andre bispedøme færre enn 8 prostar.

Om ein reduserer tal prosti frå 6 til 5 vil det redusere tal prostar tilsvarande.

Sentrale prosessar

Det er starta ein prosess sentralt i kyrkja med å kartlegge prostia i landet. Det finns i dag ikkje ei slik oversikt og mykje tyder på at ein i åra som kjem vil ha fleire revisjonar av prostigrensene.

Fleire bispedøme har no liknande prosessar med omsyn til endring av prostigrensar. Ein har ikkje fått noko signal om å vente med desse prosessane. Snarare tvert imot er signala at det i framtida vil bli fleire slike prosessar.

Tillitsvalde

Tillitsvalde for alle vigsla stillingar har vore invitert til å svare på høyringa. Presteforeningen har svart på høyringa.

Dei støtter modell 3 som den modellen som svarer ut dei utfordringane som er presentert i arbeidsgruppa og i høyringsnotatet best. Dei ber òg om at Rauma beheld presteressursane med fortrinnsvis 100 %, minimum 50 %.

Val av modell

Berre to høyringsinstansar ønskjer modell 2 og difor er det få som tek stilling til spørsmål 2 i høyringa om evt. flytting av prostesete til Vestnes. Eit av hovudargumenta mot modell 2 er at det er relativt få stillingar i Storfjorden. Det blir mykje geografi og auka reiseavstandar men lite effekt med omsyn til tal stillingar.

Høyringssvara peiker på ei løysing – modell 3 – der ein slår saman Indre Romsdal prosti og Molde domprosti til eit nytt prosti.

Særleg vurderingar om Nordre Sunnmøre prosti

Det løyser ikkje den andre utfordringa, som var ein av hovudgrunnane til heile høyringa: Spørsmålet om Nordre Sunnmøre prosti er for stort?

Nordre Sunnmøre er eit av dei største prostia i landet og det kan synes som fleire oppgåver vert lagt til prosten dei næraste åra mellom anna med ansvar for kyrkjefagleg leiing for fleire enn prestane. Andre stader i landet har ein sett i gang ein prosess med å vurdere om store prosti skal delast opp att.

Nokre av høyringsinstansane meiner at Nordre Sunnmøre prosti er passeleg stort. Prostigrensene er godt innarbeida og harmonerer med kommunegrensene. Ved å oppretthalde dagens prostigrense unngår ein òg splitting av dei kyrkjelege fellesråda.

Andre har uttala at dei ikkje ønskjer å foreslå endringar for andre prosti enn sitt eige prosti.

Dei tillitsvalde har enten ikkje svara på høyringa på dette punktet og hatt fokus på Indre Romsdal prosti. Vi veit difor ikkje kva prestane i Nordre Sunnmøre meiner om dette spørsmålet.

Forslaget om at delar av Nordre Sunnmøre går til Indre Romsdal eller Søre Sunnmøre har ingen tilslutning. Riktig nok har det kome eit forslag med ein ny modell 6 frå ein av høyringsinstansane. Denne er ikkje vurdert nærare. Om den skulle vere aktuell, er det naturleg å tenke at den bør sendast ut på høyring.

Namn på prosti

Høyringsnotatet hadde eit spørsmål om namneval dersom ein vel modell 3, samanslåing av Indre Romsdal prosti og Molde domprosti.

Det er 3 ulike svar:

- Molde domprosti
- Romsdal (dom-)prosti
- Romsdal og Molde domprosti

Fleire representantar frå Indre Romsdal prosti finn det naturleg at Romsdal blir ein del av namnet på det nye prostiet

Før fastsetting av namn på prosti skal det bli henta inn råd frå Namnekonulenttenesta, jf. bestemmelser fastsett av Kyrkjemøtet.

Administrasjonen si sluttvurdering

Det er gitt uttrykk for at Nordre Sunnmøre prosti er for stort, men administrasjonen kan ikkje sjå at det ligg andre aktuelle, realistiske alternativ som får oppslutning. Dette var også eit tema i samband med vedtak i 2019. Det kan sjå ut som at samanslåinga av Austre Sunnmøre og Nordre Sunnmøre i 2019 har gått seg til. Det er difor ikkje fremja forslag om endring av prostigrensene for Nordre Sunnmøre. Alternativt kan uforandra grense for Nordre Sunnmøre bli omtalt direkte i eit av vedtakspunkta.

Indre Romsdal er det minste prostiet i landet og blir etter høyringa og vidare arbeid vurdert som for lite. Grenseregulering mot sør eller nord har liten eller inga tilslutning. Administrasjonen følger fleirtalet av høyringane og arbeidsgruppa, og meiner det er best å slå saman Molde domprosti og Indre Romsdal prosti.

Spørsmål om rammer for prostetenesta (administrative ressursar, fungering mm) er dels ei budsjettsak, dels tema for biskop/stiftsdirektør evt. bispedømeråd i ei separat sak. Synspunkt om presteressursar, særleg i Indre Romsdal, er lagt merke til, men må bli handtert som eige tema, jf. budsjettsaka.

Det blir på nasjonalt nivå arbeidd med spørsmål om prostigrenser og rammer for prostetenesta. Dette arbeidet kan føre til at Møre bispedøme må handtere grensespørsmål også i framtida.

Før det blir fastsett namn på det nye prostiet, må Namnekonulenttenesta gi uttale. Det har vore omtalt og vurdert mange alternative modellar, og vi tilrår at det først må avgjerast kva for grenser som skal gjelde, deretter fastsette namn i eigen sak.

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd gjer fylgjande vedtak:

1. Talet på prosti i Møre bispedøme blir redusert frå 6 til 5 prosti med verknad frå 01.01.2025
2. Indre Romsdal prosti og Molde domprosti blir slått saman til eit nytt prosti.
3. Namnet på det nye prostiet blir fastsett i eigen sak etter uttale frå Namnekonsulenttenesta
4. Møre bispedømeråd ber Kyrkerådet vurdere å oppretthalde noverande tildeling av ressursar til 2 beredskapsområde i det nye prostiet.
5. Administrasjonen vurderer/undersøker ulike tiltak som sikrar tilstrekkeleg administrativ leiarstøtte for prosten i det nye prostiet/alle prostia.



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

Dato: 12.02.2024

Vår ref: 23/01501-4

Dykkar ref:

Høyring - revisjon av prostigrenser i Møre bispedømme 2024

Møre bispedømeråd har i møte 11.januar 2024 vedteke å sende ut ei høyring om revisjon av prostigrenser i Møre bispedømme.

Våren 2023 sette stiftsdirektøren ned ei arbeidsgruppe med mandat til å vurdere og å kome med innspel til eventuelle endringar av prostigrensene i Møre bispedømme. Grensene vart endra i 2019 med verknad frå 2020. Den gong var det endring av kommune- og fylkesgrenser som fekk innverknad på den kyrkjelege inndelinga.

Etter nokre år med erfaringar, observasjonar og tilbakemeldingar er det naudsynt å vurder nokre av prostia på nytt. Dette gjeld særleg Nordre Sunnmøre prosti, Indre Romsdal prosti Molde domprosti og Søre Sunnmøre prosti.

Høyringa blir sendt ut dei som er omfatta av eventuelle endringar. På denne bakgrunn vil høyringa bli sendt til Kyrkjelege fellesråd og Sokneråd i desse fire prostia, prostane, dei kommunane som endringane får følgjer for, og tillitsvalde for vigsla kyrkjelege stillingar. Einskilde personar kan òg gi høyring.

Høyringsnotat som bakgrunn for saka ligg ved dette brevet.
Høyringssvar kan sendast til more.bdr@kirken.no

Frist for høyringssvar er 12.april 2024

Ein ber særleg om svar på følgjande spørsmål:

1. Møre bispedømeråd foreslår ei revisjon av prostigrenser i Møre bispedømme og har særleg peika på ulike alternativ til inndelinga i dag.

Modell 1. Inga endring – status quo

Modell 2. Indre Romsdal og indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (alle sokna i Storfjorden) blir eit nytt prosti

eller

Modell 3. Indre Romsdal prosti og Molde domprosti blir eit nytt Molde domprosti

eller

Modell 4: Indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (alle sokna i Storfjorden) blir ein del av Søre Sunnmøre prosti.

Postadresse:
Moldetrappa 1
6415 MOLDE

E-post: more.bdr@kirken.no
Web:
Org.nr.:818 066 872

Telefon: +47 71250670
Telefaks:

Sakshandsamar
Lars Skagestad
+47 71250670

eller

Modell 5: Indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (alle sokna i Storfjorden) blir ein del av Søre Sunnmøre prosti OG Indre Romsdal blir ein del av Molde domprosti. Dette alternativet er ein kombinasjon av modell 3 og 4.

Kva for eit alternativ/modell meiner de er det beste?

Gje gjerne ein kommentar eller grunngjeving for svaret.

2. Namn på prosti

Forslag Modell 2: Indre Romsdal prosti

Forslag Modell 3: Molde domprosti.

Korleis stiller høyringsinstansen seg til desse forslaga på namn på prostia?

3. Dersom ein vel modell 2 er det eit spørsmål om prostesete skal flyttast frå Åndalsnes til Vestnes.

Kva meiner de om dette?

4. Andre kommentarar.

Med helsing

Bjørn Olaf Storhaug
Stiftsdirektør

Lars Skagestad
Rådgjevar personal

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
HØYRINGSNOTAT revisjon av prostigrenser i Møre bispedøme

Mottakarar:

Click here to enter text., Click here to enter text.

Click here to enter text.

Click here to enter text.

HØYRINGSNOTAT «REVISJON AV PROSTIGRENSER»

BAKGRUNN FOR SAKA

Møre bispedømeråd fatta i 2019 eit vedtak om justering/endring av prostigrenser i Møre bispedøme med verknad frå 2020.

Utgangspunktet den gongen var endringar av kommune- og fylkesgrenser som og fekk innverknad på den kyrkjelege inndelinga. Vedtaka vart gjort etter omfattande utgreiing og høyring i alle prosti i heile bispedømet.

Med bakgrunn i erfaringar, observasjonar og tilbakemeldingar sette stiftsdirektøren i april 2023 ned ei arbeidsgruppe for å vurdere justering evt. endring av prostigrensene. Dette gjeld for prostia: Molde domprosti, Indre Romsdal prosti og Nordre Sunnmøre prosti.

HOVEDMOMENT FRÅ ARBEIDSGRUPPA

Arbeidsgruppa har hatt 5 møter og presentert eit forslag for Leiarmøte, Prostemøte, Kontaktmøte og Kyrkjeverjelaget. Desse har kome med ulike innspel som er innarbeida i det interne arbeidsdokumentet. I tillegg har Møre bispedømeråd hatt saka til ei fyrste handsaming og innspela frå møtet er innarbeida i dette dokumentet.

Prostia

I Den norske kyrkja er prosti namnet på eit geografisk avgrensa område. I dei 11 bispedøma er det om lag 100 prosti. Alle prester er tilsett med prostiet som tenestedistrikt.

Prosten leiar prestetenesta i eit prosti. Stillingsstorleiken for prostane varierer med storleiken på prostiet, frå 40 % til 100 %. I dag har alle prostane, med unntak av domprosten, regelmessig kyrkjelydsteneste som ein del av si prosteteneste.

Møre bispedøme har i dag 6 prosti. I samband med endringar i 2019 vart Austre Sunnmøre prosti slått saman med Nordre Sunnmøre prosti til eit nytt Nordre Sunnmøre prosti frå 2020. Tal for sokn, fellestråd og vigsla medarbeidarar viser store forskjellar i dei seks prostia. Arbeidsgruppa vurderer tre av prostia som velfungerande einingar utan behov for endringar no. Dette gjeld Ytre Nordmøre prosti, Indre Nordmøre prosti og Søre Sunnmøre prosti.

For dei tre andre prosti er det andre utfordringar.

Indre Romsdal prosti er eit særst lite prosti med berre 5 tilsette prestar.

Molde domprosti er eit middels stort prosti med 14 tilsette prestar. Domprosten vikarierer jamleg for biskopen.

Nordre Sunnmøre prosti er eit stort prosti med store geografiske avstandar, mange medlemmer i kyrkja og 24,5 tilsette prestar.

Utfordringar

Arbeidsgruppa har vurdert ulike erfaringar, observasjonar og tilbakemeldingar på noverande inndeling av prostia, og då særskilt for dei tre nemnte prostia.

Nokre melder om store arbeidsmengder og krevjande avstandar, andre om små og sårbare einingar.

Lang reiseveg til ulike felles arrangement (prestesamlingar eller tverrfaglege samlingar på prostinivå) bind opp mykje arbeidstid for den einskilde prest. Sjølv om det er meir vanleg med digitale samlingar så kan ikkje det erstatte alle fysiske samlingar.

Tilsvarande bruker prosten i eit stort prosti meir tid på å følgje opp prestane og kyrkjelydane i ulike samanhengar enn i mindre prosti. Det kan vere deltaking ved ulike møter (soknerådsmøter, fellestrådsmøter) delta ved kyrkjelege hendingar (jubileum, visitas, vigsling

til teneste, innsetjingar/avslutningar for medarbeidarar), følgje opp vikarar/studentar, delta i prostemøter og bispedømemøter, gje uttale m.m.

Prosten har òg fått ei auka mengde administrative oppgåver dei seinare åra. Noko av dette må prosten gjere sjølv, medan nokre av oppgåvene blir utført av prostesekretæren.

Den norske kyrkja skal ha eit ope, respektfullt og godt arbeidsmiljø som bidreg til at medarbeidarane kan utføre kyrkja sitt oppdrag på ein god måte. Arbeidsgjevar har plikt til å sikre eit «fullt forsvarleg» arbeidsmiljø (AML). Dette er eit hovudansvar for den/de som er leiar/ar, samstundes som arbeidstakaren har plikt til å medverke. Arbeidsmiljøet er eit viktig ansvarsområde for prosten som tek aktivt del både i det førebyggjande arbeidet og i arbeidet med å løyse opp i konflikhtar.

Arbeidsgruppa deler ei oppfatning om at uavhengig av kor mange prosti eller endra grenser for prostia, vil ein dei komande åra ha ei utfordring med ein krevjande rekrutteringssituasjon, både med omsyn til prestar og andre kyrkjeleg tilsette. Her har prosten ei sentral rolle både i rekruttering, tilrettelegging og oppfølging.

I denne situasjon må ein skape einingar som taklar denne utfordringa

Tenlege einingar

Målsettinga er robuste, fleksible, og berekraftige prosti. Det må vere einingar som bidrar til gode faglege miljø i prostiet. Då kan ikkje prostia vere for små, men heller ikkje for store.

Inndelinga må ta omsyn til dei tilsette, dei folkevalde og til sjølve leiinga av arbeidet. Ein ønsker å ha tenlege einingar som bidrar til god samhandling og godt samarbeid i prostiet og mellom dei tilsette og dei folkevalde organa.

Geografi, befolkning og medlemmer i kyrkja, tal på tilsette, tal på sokn og kyrkjeleg fellesråd er faktorar som påverkar ei slik vurdering. Til dømes vil eit stort prosti med mange sokn vere meir arbeidskrevjande med omsyn til kontakt, oppfølging og leiing, enn mindre prosti. Små prosti vil på den andre sida gje mindre fleksibilitet når tenester skal fordelast, eller når det er sjukdom, ferier og andre fråvær.

Størrelse på befolkninga har mindre betydning for prosten. Tal på prestar og andre kyrkjelege tilsette, tal på sokn og nærleik til kyrkjeverjene er viktigare.

Ved førre runde var det eit forslag om å redusere tal prosti frå 7 til 4. Det kunne ha vore gjort no òg, å redusere frå 6 til 4 prosti. Men til samanlikning er det mellom 8-10 prosti i alle dei andre bispedøma. Ein vurderer det som positivt at det er eit vist tal prostar som sikrar bredde i kollegiet, med omsyn til meiningar, kompetanse og ressursar til å løyse de oppgåvene som blir fordelt mellom prostane. Difor foreslår ein ikkje å redusere tal prosti frå 6 til 4.

Leiing i prostiet

Prosten skal leie prestetenesta i prostiet og har definerte arbeidsoppgåver og ansvar som er utdjupa i «Tenesteordning for prostar»:

- §1: «Prosten leder prestetjenesten i prostiet, og bistår biskopen i dennes tjenesteutøvelse»
- §3: «Prosten skal i samvirke med kirkelig råd og utvalg bidra til et godt arbeidsmiljø, samarbeid og åndelig fellesskap innen de kirkelige arbeidslag i prostiet og bistå ansatte og kirkelige organer med faglig veiledning, råd og støtte»

Kyrkjemøtet i 2023 vedtok i sak 5/23 om «Kirkelig organisering: Folkevalgte som kirkelig styringstjeneste, biskopens tilsyn og ledelse og ordning for daglig ledelse» at «den daglige ledelse skal gjennomgående være todelt, og kirkefaglig og administrativ leder skal være sidestilt».

Det er tenleg at prost og kyrkjeverje kan arbeide «tett og godt» saman. Her vil dei vidare drøftingane og samtalene utdjupe korleis ein skal nå desse måla. Kyrkjeverjelaget har til dømes peika på at det vil vere ein fordel om prosten kan samarbeide med ein koordinerande kyrkjeverje i prostiet.

Administrativ hjelp og støttefunksjonar

For å gi hjelp til prosten si leiing av presteneste er det i dag tilsett ein prostesekretær i deltidstilling i dei ulike prostia. Dei er til stor hjelp og avlastning for prostane og gjer ei mengd administrative oppgåver for prosten.

For å styrke prostiet og skape betre arbeidsvilkår for prostane foreslår arbeidsgruppa ei styrking av den administrative støttefunksjonen for prosten. Ein ønsker ikkje å binde opp fleire presteressursar i administrative stillingar, men peiker på at alternativet kan vere å auke stillingane for prostesekretærene noko.

Fleire oppgåver kan utførast av prostesekretæren, men dei lyt få naudsynte tilgangar til ulike tekniske verktøy og system. Dette gjeld mellom anna planlegging av arbeid, føring av tid, permisjonar, handtering av reknningar m.m.

Ulike modellar

Arbeidsgruppa har drøfta ulike modellar. Både modellar som reduserer tal prosti, og modellar som endrar grensene mellom prostia.

Tala på medlemmer er henta frå utgreiingsarbeidet som vart gjort for 4 år sida. Ein vurderer det slik at små endringar her får minimale konsekvensar.

I vurderinga av ulike modeller er det lagt til grunn at ein følgjer kommunegrenser, og at det ikkje er fleire prosti i eit fellesrådsområde. Vi trur dette valet gjer det enklare med samhandling, samleining og felles leiing av arbeidet i sokna.

Under viser ein ulike modellar, der modell 4 er resultatata av innspel frå fyrste handsamling i bispedømerådet.

Forkortingar i tabellane:

Prosti:

IN: Indre Nordmøre prosti

YN: Ytre Nordmøre prosti

M: Molde domprosti

IR: Indre Romsdal prosti

NS: Nordre Sunnmøre prosti

SS: Søre Sunnmøre prosti

Vigsla stillingar med tilskot frå bispedømerådet:

D: diakon (50 % finansiering gjennom tilskot)

K: kateket (100% finansiering gjennom tilskot)

Endringar av prostigrenser får berre konsekvensar for tal vigsla stillingar i eit prosti i modell 3 og modell 5 og då ved samanslåing mellom Molde og Indre Romsdal prosti. Dette har samanheng med kor i prostiet dei vigsla stillingane som får tilskot er tilsett.

MODELL 1 – status quo sidan 2019 – inga endring, 6 prosti.

| Prosti | Medl. | Prester | Vigsla stillingar med tilskot (D,KAT) | Medl/prest | Sokn | FR |
|--------|-------|---------|---------------------------------------|------------|------|----|
| IN | 15842 | 6,5 | 1,3 (1+ 0,3) | 2437 | 12 | 4 |
| YN | 27387 | 9,5 | 4 (2 + 2) | 2883 | 12 | 4 |
| M | 38686 | 14 | 5 (2+3) | 2763 | 15 | 3 |
| IR | 11639 | 5 | 1,7 (1,7+ 0) | 2328 | 11 | 2 |
| NS | 75460 | 24,5 | 8,8 (7,8 + 1) | 3080 | 24 | 5 |
| SS | 39651 | 16 | 6 (3+3) | 2478 | 20 | 7 |

MODELL 2 med 6 prosti med endring av grensa mellom Indre Romsdal prosti og Nordre Sunnmøre prosti

Indre Romsdal prosti vert utvida med indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (Stranda, Liabygda, Sunnlyven, Stordalen, Geiranger og Norddal) medan Nordre Sunnmøre prosti reduserast tilsvarande. Tal på prosti og prostar blir uendra

| Prosti | Medl. | Prester | Vigsla stillingar med tilskot (D,KAT) | Medl/prest | Sokn | FR |
|--------|-------|---------|---------------------------------------|------------|------|----|
| IN | 15842 | 6,5 | 1,3 (1+ 0,3) | 2437 | 12 | 4 |
| YN | 27387 | 9,5 | 4 (2 + 2) | 2883 | 12 | 4 |
| M | 38686 | 14 | 5 (2+3) | 2763 | 15 | 3 |
| IR + | 17250 | 8 | 1,7 (1,7+ 0) | 2156 | 17 | 3 |
| NS - | 69849 | 21,5 | 8,8 (7,8 + 1) | 3249 | 18 | 4 |
| SS | 39651 | 16 | 6 (3+3) | 2478 | 20 | 7 |

MODELL 3 med 5 prosti med endring av grensa mellom Indre Romsdal prosti og Molde prosti

Dette blir eit nytt Molde domprosti der tal på prosti og prostar vert 5.

| Prosti | Medl. | Prester | Vigsla stillingar med tilskot (D,KAT) | Medl/prest | Sokn | FR |
|--------|-------|---------|---------------------------------------|------------|------|----|
| IN | 15842 | 6,5 | 1,3 (1+ 0,3) | 2437 | 12 | 4 |
| YN | 27387 | 9,5 | 4 (2+2) | 2883 | 12 | 4 |
| M+IR | 50325 | 19 | 6,7 (3,7+3) | 2649 | 26 | 5 |
| NS | 75460 | 24,5 | 8,8 (7,8 + 1) | 3080 | 24 | 5 |
| SS | 39651 | 16 | 6 (3+3) | 2478 | 20 | 7 |

MODELL 4 med 5 prosti med endring av grensa mellom Søre Sunnmøre og Nordre Sunnmøre prosti.

I staden for å flytte indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (Stranda, Liabygda, Sunnlyven, Stordalen, Geiranger og Norddal) til Indre Romsdal prosti, flytter ein desse til Søre Sunnmøre prosti. Nordre Sunnmøre prosti reduserast tilsvarande. Tal på prosti og prostar vert 5.

| Prosti | Medl. | Prester | Vigsla stillingar med tilskot (D,KAT) | Medl/prest | Sokn | FR |
|--------|-------|---------|---------------------------------------|------------|------|----|
| IN | 15842 | 6,5 | 1,3 (1+ 0,3) | 2437 | 12 | 4 |
| YN | 27387 | 9,5 | 4 (2+2) | 2883 | 12 | 4 |
| M | 38686 | 14 | 5 (2+3) | 2763 | 15 | 3 |
| IR | 11639 | 5 | 1,7 (1,7+ 0) | 2328 | 11 | 2 |
| NS | 69849 | 21.5 | 8,8 (7,8 + 1) | 3249 | 18 | 4 |
| SS | 45262 | 19 | 6 (3+3) | 2382 | 26 | 8 |

MODELL 5 med 5 prosti er ein kombinasjon av modell 3 og modell 4.

Denne modellen er ein kombinasjon av endring av grensa mellom Indre Romsdal prosti og Molde domprosti.(modell 3) og endring av grensa mellom Søre Sunnmøre prosti og Nordre Sunnmøre prosti (modell 4).

| Prosti | Medl. | Prester | Vigsla stillingar med tilskot (D,KAT) | Medl/prest | Sokn | FR |
|--------|-------|---------|---------------------------------------|------------|------|----|
| IN | 15842 | 6,5 | 1,3 (1+ 0,3) | 2437 | 12 | 4 |
| YN | 27387 | 9,5 | 4 (2+2) | 2883 | 12 | 4 |
| M+IR | 50325 | 19 | 6,7 (3,7+3) | 2649 | 26 | 5 |
| NS | 69849 | 21.5 | 8,8 (7,8 + 1) | 3249 | 18 | 4 |
| SS | 45262 | 19 | 6 (3+3) | 2382 | 26 | 8 |

SAMANFATNING AV HØYRINGSSVARA OM REVISJON AV PROSTIGRENER I MØRE FRÅ INDRE ROMSDAL PROSTI

Vestnes kyrkjelege fellestråd

Vestnes kyrkjelege fellestråd har i sitt møte 20.03.2024 vedtatt følgende høyringssvar i forbindelse med eventuell revisjon av prostigrener i Møre bispedøme 2024.

1. Modell 1 – Inga endring – Status Quo
2. Navnet på prostiet skal fortsatt være Indre Romsdal prosti.
3. Skulle mot formodning modell 2 bli valgt, ønsker vi at prostesetet blir flytta til Vestnes.
4. Dagens prostigrener for Indre Romsdal prosti fungerer svært godt, og vi ser ingen grunn til å endre på noe som vi er godt fornøyd med. Vedtaket var enstemmig.

Raume kyrkjelege fellestråd

Her er høyringssvaret fra Rauma kirkelig fellestråd: Vedtatt i kirkelig fellestråd 20.03.24:

Rauma kirkelig fellestråd viser til høyringsnotat om revisjon av prostigrener i Møre bispedøme 2024 og mener modell 3 som innebærer at Molde Domprosti og Indre Romsdal Domprosti slås sammen er det beste alternativet. Navn på nytt felles prosti bør være Romsdal prosti eller Romsdal Domprosti.

Kommentarer:

Kirkens arbeid med organisasjonsutvikling

I det nasjonale arbeidet med kirkelig organisasjonsutvikling er det vedtatt at samarbeid mellom prestatjenesten ved prost og fellestrådene ved kirkeverge skal utvikles og legges enda bedre til rette for. Det pekes i dette også på behov for økt samarbeid mellom nabofellestråd lokalt. Endring av prostigrener må derfor legges til rette for -og underbygge slikt samarbeid framover.

Felles bo- og arbeidsmarked – Romsdalsidentitet

Justering av prostigrener handler om hvordan kirken internt organiserer seg. Kirken er og ønsker å være en aktiv del av lokalsamfunnet både lokalt og regionalt, og det er et poeng at kirkens organisering også speiler sivilsamfunnet i mest mulig effektive og forståelige enheter. Fylkeskommunens utredninger viser at Romsdal med Molde som regionsenter er den nærregionen som henger best sammen i hele fylket når det gjelder kommunikasjoner, bo- og arbeidsmarked, handel, idrett og kultur, videregående skoler, interkommunalt samarbeid og statlige institusjoner. I vår sammenheng er ROR-IKT et eksempel på slikt samarbeid der alle fellestrådene får IKT-tjenester gjennom dette samarbeidet.

Kirkelig samarbeid i regionen

Også i kirkelig sammenheng er det allerede i dag noe samarbeid i Romsdalsregionen med felles kurs og samlinger, administrativ og faglig utveksling. Et tettere samarbeid vil også bidra til mer effektiv ressursutnyttelse, styrke soknene og legges til rette for naturlig utvikling av den lokale kirkes organisering.

Størrelse på prostiet

Det argumenteres i høyringsnotatet for at prostiets størrelse vil kunne være avgjørende for valg av modell og grenser, og det nevnes at et felles romsdalsprosti kan bli i største laget med store avstander og mange prester. Dette er det grunn til å være oppmerksom på, men bør kunne imøtekommes med intern organisering. I denne sammenhengen foreslår Rauma kirkelig fellestråd at det vurderes en

ordning med en assisterende prost. Dette er ikke utprøvd i særlig grad, men en assisterende prost, naturlig stasjonert i Åndalsnes, vil kunne ivareta flere av prostens oppgaver lokalt med delegasjon fra prosten. Det vil avlaste prosten, behovet for administrative støttefunksjoner vil kunne bli mindre, tid kan frigjøres til prestetjeneste, og flere prester bevares i og gis rom for prestetjeneste. Oppgaver en assisterende prost vil kunne ivareta i forståelse med prosten er arbeidsledelse av prestene i et område, kontakt med sokn og arbeidsfellesskap og mye av det som etter hvert vil defineres som kirkefaglig ledelse. Dette vil også ivareta større nærhet til prestetjenesten lokalt i de store prostiene. Det er et poeng at ikke for mye presteressurs benyttes administrativt. En organisering med assisterende prost behøver ikke medføre slik økning, heller bør det kunne gi en mulighet for innsparing med mer effektiv oppgaveløsning fra felles sekretærressurs.

Navn på prostiet

Rauma kirkelig fellesråd ønsker først og fremst at navnet på det nye prostiet- hvis modell tre blir valgt- blir Romsdal prosti. Årsaken til dette er i forhold til de andre prostiene i Møre og Romsdal; der Sunnmøre og Nordmøre er i navnet på prostiene. Da er det naturlig at det også blir Romsdal prosti.

Vike sokneråd

Vike sokneråd hadde høyringa om revisjon av prostigrener i Møre og Romsdal bispedømme oppe som sak på sitt siste møte, 4. april 2024, og kjem med dette svaret: Høyringsvar frå Vike sokn, Vestnes.

1. Vike sokneråd går inn for modell 5. Vi synest det er naturleg at Indre Romsdal prosti knyter seg til resten av Romsdalen. Dette er det mest praktiske reint geografisk, og vi har og hatt mest samkvem med desse frå før. Vi trur også at det er mest naturleg for indre delar av Nordre Sunnmøre prosti å knyte seg til Søre Sunnmøre prosti.
2. Namn. Forslag modell 3: Romsdal domprosti.
3. Vi går ikkje inn for modell 2.
4. Det er ein føresetnad at kommunikasjonen mellom det nye domprostiet i Romsdal og sokna i Vestnes skjer på nynorsk.

Kors menighetsråd

Her er høyringsvaret fra Kors menighet:

Kors menighetsråd viser til høringsnotat om revisjon av prostigrener i Møre bispedømme 2024 og mener modell 3 som innebærer at Molde Domprosti og Indre Romsdal Domprosti slås sammen er det beste alternativet. Navn på nytt felles prosti bør være Romsdal prosti eller Romsdal Domprosti.

Grytten sokneråd

Grytten menighetsråd gjennomgikk høringsutkastet på møte 7. mars 2024. Det ble enstemmig vedtatt følgende uttalelse. Sak 21/24

«Vi ønsker at Indre Romsdal prosti blir slått sammen med Molde domprosti til et prosti. I hovedsak begrunnes dette av naturlig tilhørighet geografisk, men også større muligheter til et forenkla samarbeid mellom de ansatte. Vi er derimot uenig i navnevalget og ber om at prostiet blir kalt Romsdal prosti.»

Hen sokneråd

Spørsmål 1: Hen.m.r. støtter modell 3, slå sammen med Molde domprosti.

Spørsmål 2: Molde domprosti godtas, men vi ser helst at navnet ' Romsdal ' blir med.

Spørsmål 3 Hvis modell 2 blir valgt, mener vi at det er mest naturlig at prostesetet flyttes til Vestnes

Eid og Holm sokneråd

Eid og Holm menighetsråd viser til høringsnotat om revisjon av prostigrenser i Møre bispedømme 2024. Vi har behandlet denne saken i møte av 10 april og vi mener at modell 3 som innebærer at Molde Domprosti og Indre Romsdal Domprosti slås sammen, vil være det beste alternativet. Navn på nytt felles prosti bør være Romsdal prosti evt Romsdal Domprosti.

Tidl prost i IR prosti

Eg sender inn eit eige høyringsvar som tidlegare prost i Indre Romsdal prosti i tida 2015 til 2022.

1. Som utgangspunkt her har eg blikket hovudsakleg retta mot Romsdal. Modell 3 vil etter mi oppfatning vere det beste alternativet. Modell 1, med Rauma og Vestnes, blir dessverre for lite og for sårbart og for lite fleksibelt. Beredskapsturnusen er særlig utfordrande med så få prestar. For meg er det unaturleg å gå utover de tradisjonelle grensene slik ein finn i modell 2, 4 og 5. Dette blir etter mitt skjønne unaturlege einingar i forhold til geografi. Det er heller ikkje noken historisk tradisjon for å gå i den retninga. Historisk er Møre tredelt i Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre og dette ligg djupt i folk.

2. Namn på prosti Forslag Modell 2: Indre Romsdal prosti. Kan akseptast, men skurrer. Forslag Modell 3: Romsdal domprosti eller Romsdal og Molde domprosti. Romsdal bør på ein eller annan måte vere med i namnet i den midtre regionen, slik Sunnmøre og Nordmøre er i sine område. Det vil nok sitte langt inne for Indre Romsdal, med Rauma og Vestnes, og berre leggjast inn under Molde-navnet til Molde domprosti.

3. Dersom ein vel modell 2 er det eit spørsmål om prostesete skal flyttast frå Åndalsnes til Vestnes. Kva meiner de om dette? Dersom ein vel modell 2 er det kanskje mest naturleg at prostesetet flyttast frå Åndalsnes til Vestnes.

4. Andre kommentarar. Igjen, det synest å ha vore gjort eit godt forarbeid til revisjon av prostigrensene i Møre bispedøme, men det vil allikevel vere krevjande å falle ned på ein konklusjon. For min del har eg blikket, som sagt, mest på vårt område, på noverande Indre Romsdal prosti. Eg har tidligare gått inn for at Indre Romsdal prosti skulle bestå. Prostiet har stor geografisk utstrekning, mange sokn, mange kyrkjer og stor og arbeidskrevjande organisasjon. Men medlemstalet er ganske lite, difor er vi eit lite prosti. Små einingar har mange fordelar framfor store einingar. Men eg innser no, dessverre, meir og meir at Indre Romsdal prosti, slik det er i dag, blir for lite, for sårbart og for lite fleksibelt. Beredskapsturnusen er og spesielt utfordrande. Dirfor anbefaler eg modell 3, hvor Indre Romsdal prosti slåast saman med Molde domprosti til Romsdal domprosti eller til Romsdal og Molde domprosti. Det seiast at Molde domprosti i dag har ein passande storleik. Skal en då endre på det? Eg står fortsatt på modell 3. Domprosten vikarierer for biskopen. Dette medfører i visse periodar behov for vikar for domprosten. Det er utfordrande. Eg meiner det difor bør opprettast ein fast domprost II. Det er særleg eit moment til eg vil vektleggje: Dersom prosten tas vekk frå Rauma, må presteressursen oppretthaldast. Som tidlegare prost i Indre Romsdal, og nå ein av prestane i Rauma, må eg sterkt få understreke behovet for å oppretthalde presteressursen i Rauma med minst 50 % stilling. Aller helst 100% stilling. I mi virketid som prost var arbeidstida for meg om lag slik: 70 % sokneprest i Grytten, Kors og Øverdalen og 70% prost i Indre Romsdal. Folketalet er noke over 7 000, ganske likt som Vestnes. Men Rauma er langstrakt, og reise- / avstandsfaktoren blir difor høg. Folk bur der dei bur; i minst 13 bygdelag. Her er mange sokn, her er 9 kyrkjer, 13 gravplassar i 6 sokn, 5 barneskular, 3 ungdomsskular, 1 videregående skule og 3 institusjonar. Konfirmantundervisninga er delt i 4 grupper på 4 forskjellige stadar. Rauma som eining er arbeidskrevjande, det visest ved at prestane stadig opparbeider seg plusstimar. Det synest vanskeleg å redusere på oppgåver. Kyrkja skal vere landsdekkande, og kyrkja sitt mål er kyrkjelydsbyggjing og kyrkjelydsutvikling, ikkje berre enkelttenester.

Konst.prosti i IR:

Prosten i Indre Romsdal vil uttale følgende i sitt høyringsvar:

1. Valg av modell

Modell 1. Inga endring – status quo Indre Romsdal er et lite prosti i antall stillinger, men med mange relativt små sokn. Det er særlig det lave antallet stillinger som gir utfordringer ved vakanser, sykemeldinger, permisjoner og beredskap. Få stillinger gir lite fleksibilitet innad i prostiet og kort tid mellom beredskapsukene. På den andre siden, gir et lite prosti større nærhet til prestene og bedre muligheter for oppfølging av prestene og kontakt med både soknene og kirkevergene. Behovet for bedre tilgang til presteressurser vil likevel veie tyngre slik at modell 1 er ikke foretrukket.

Modell 2. Indre Romsdal og indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (alle sokna i Storfjorden) blir eit nytt prosti. Med tanke på at Indre Romsdal er for lite og Nordre Sunnmøre er for stort, kan en nærliggende løysning være å flytte deler av Nordre Sunnmøre over til Indre Romsdal. Da blir prostienes størrelse mer utjevnet, men ikke så mye. En hoveddinnsending mot denne modellen, er at det dreier seg om relativt få stillinger i Storfjorden, bare tre. En drar derfor med seg mye geografi og reiseavstander uten at en oppnår særlig mange i antall stillinger. Jeg registrerer dessuten at flere er skeptiske til å sette sammen et prosti på tvers av de gamle fogderigrenser. Selv om en ikke skal undervurdere disse argumentene, meiner jeg likevel at lite ressurstilføring er det viktigste argumentet mot denne modellen.

Modell 3. Indre Romsdal prosti og Molde domprosti blir eit nytt domprosti. I Rauma har en tradisjonelt vært vant til å gå i retning Molde selv om det er over en times reisevei og ferge. Det virker til å være en mer naturleg samarbeidsretning nordover enn vestover mot Sunnmøre. I Vestnes er like vant med å samarbeide vestover som østover og nordover og en har Bygdebladet sammen, så Vestnes kan gå i flere retninger, også mot Molde. Reiseavstandene er greie både over Ørskogfjellet og mot Molde og Åndalsnes. Tradisjonelt er det en felles identitet i Romsdalen, så terskelen til å slå sammen domprostiet med Indre Romsdal er nok lavere enn de andre foreslåtte løysningene, kanskje med unntak av modell 1. Jeg tror dette er den modellen som vil bli mest naturleg, dersom grensene skal justeres.

Modell 4: Indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (alle sokna i Storfjorden) blir ein del av Søre Sunnmøre prosti.

Modell 5: Indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (alle sokna i Storfjorden) blir ein del av Søre Sunnmøre prosti OG Indre Romsdal blir ein del av Molde domprosti. Dette alternativet er ein kombinasjon av modell 3 og 4. Jeg vil drøfte disse to modellene sammen siden de har nær sammenheng. Modell 4 vil ikke få direkte innvirkning for Indre Romsdal siden den ikke forutsetter noen endring der, bare mellom Nordre og Søre Sunnmøre. Stemmene fra disse prostiene bør derfor veie tyngre når det gjelder disse modellene. Når vi likevel utfordres til å uttale oss om alle modellene, vil jeg komme med følgende betraktning: Dersom Storfjordssokna ikke går til Indre Romsdal, vil Nordre Sunnmøre fortsatt være et stort prosti, antagelig for stort. Jeg tror likevel ikke forslaget om å legge Storfjordssokna til Søre Sunnmøre, er et godt forslag for å avbøte dette, fordi avstandene i Søre Sunnmøre vil bli for store. Det vil gi over to timers reisetid og flere ferger fra ytterkantene og det er ugunstig særlig med tanke på beredskap, men også prestesamlinger. Her er det heller ingen tradisjoner for samarbeid. Dersom det ikke er tilslutning til verken modell, har en dermed heller ikke redusert størrelsen på Nordre Sunnmøre prosti. Per-Inge Vik har riktig nok lansert en modell som bidrar til å løse dette ved å opprette et Midt-Møre prosti bestående av Storfjordssokna, Haram, Vestnes og soknene Ørskog og Skodje, med prostesete i Ørskog. Rauma forutsettes da å gå til domprostiet. Modellen har flere interessante sider. Den reduserer størrelsen på Nordre Sunnmøre en god del og kommunikasjonen er relativt grei. Hovedproblemet med denne modellen, er at den forutsetter at deler av Ålesund kirkelige fellestråd (Ørskog og Skodje) blir en del av et annet prosti. Det utenfor de forutsetningene som er lagt og er derfor lite aktuell. Det er likevel mulig å tenke seg modellen uten

Ørskog og Skodje og med prostesete i Vestnes, men da faller også mye av forutsetningen for modellen ut. Min konklusjon er Modell 3

2. Navn på prostiet

Da NSP nå har funnet sin form og sin funksjon etter justeringene i 2019, er det et klart uttalt ønske om at det skal forbli uendret. Dette er innspill jeg ofte hører, og det har min fulle støtte. Det er særlig Storfjorden Kyrkjelege Fellesråd med tre prester som er tydelig, og som blir mest berørt, om det skal justeres. Men indirekte også hele det nåværende prosti. For skulle de bli sammenslått med IR, blir det også et «tap» for oss i NSP. Det ønsker jeg ikke, og kan ikke se noen fordeler med. 3 prester i minus i prostiet gjør ikke en stor forskjell.

Storfjorden hører i alle henseender til på Nordmøre. Den bevisstheten er stor.

5 år er ikke lang tid, og funksjoner og identitet har satt seg i prostiet. Det vil derfor være svært uheldig med justering nå.

Argumentet med at vi i NSP er stort og at arbeidspresset er stort for prosten, er reelt. Men jeg

mener dette må løses på annen måte. Det trenger en annen utredning og konklusjon enn å justere grensene. Jeg har bare et snaut år i tjenesten og kjenner ikke alt ved den, men mine innspill her er at støttefunksjoner ut over prostesekretær kan tenkes. Vi har nå en styrket personalavdeling som jobber godt lokalt når behov oppstår. Vi har en bedriftshelsetjeneste gjennom Medi3. Dette og andre ressurser er der for en prost når lokale utfordringer tilsier det. I en hverdag, uten store konflikter, er ikke prostiet for stort, det er min mening.

Innspill

Skal det gjøres endringer er det for meg en mulighet. Den vil ikke berøre NSP, men jeg ser den som en mulighet. Det er at IR går sammen med Molde domprosti. Dette av flere grunner, både størrelse og geografi. Det er den minst omkalfatrende justering som imøtekommer behovet for større enheter. Navn på prostiet overlater jeg til de berørte å mene noe om.

Konklusjon

Prosten i NSP anbefaler at vårt prosti består som nå og at det jobbes med støttefunksjoner for prostien. Selv om det ikke berører oss direkte, mener jeg at IR og M kan slås sammen til en større enhet som gir mindre sårbarhet for indre Romsdalens prester og sokn. (Modell 3)

FRÅ SØRE SUNNMØRE PROSTI

Herøy kyrkjelege fellestråd

Herøy kyrkjelege fellestråd har slikt innspel til høyringa: Vi har ikkje føresetnad for å uttale oss om endringar for andre enn vårt eige prosti. Slik vi ser det er Søre Sunnmøre prosti stort nok både i både tal på tilsette og geografisk. Vi ser det som formålstenleg at prostigrensene speglar den geografiske samarbeidet som kommune på Søre Sunnmøre har. Beredskapsområdet blir nesten uhandterleg dersom ein vel å ta Indre Sunnmøre prosti inn i Søre Sunnmøre prosti. Om ein vurderer dette må ein samstundes vurderer om ein skal ha fleire enn ein prest i beredskap. Dette vil vere kostnadsdrivande.

Ulstein kyrkjelege fellestråd

Ulstein kyrkjelege fellestråd har handsama høyringsforslag i møtet 06. mars 2024 i sak F-2024-7

Ulstein kyrkjelege fellestråd vil anbefale modell 1 – ingen endring av prostigrenser

Grunngeving: Prostigrensene bør følgje naturlege kvardagslinjer. For Storfjorden (Stranda og Fjord kommune) går kvardagslinjene mot Ålesund. Søre Sunnmøre prosti har allereie 7 fellestråd og dekkjer eit stort geografisk område. Å utvide prostiet med 2 fellestråd slik det er forslått i modell 4 og 5 betyr at prostien treng å forholde seg til 9 ulike fellestråd. Geografien og ferdselsårene talar også imot ei slik løysing. Sjølv om Ulstein kyrkjelege fellestråd ser at Indre Romsdal prosti er eit lite prosti ser Ulstein kyrkjelege fellestråd ikkje det som ei god løysing å endre prostigrenser etter modell 2. Sidan Ulstein kyrkjeleg fellestråd ikkje vil bli berørt av endringar etter modell 3, ønskjer ikkje Ulstein kyrkjelege fellestråd å ta stilling til ein foreslått modell 3. Dermed kan Ulstein kyrkjelege fellestråd heller ikkje anbefale modell 4 og 5. Ulstein kyrkjelege fellestråd ønskjer heller ikkje å uttale seg om nye namn for eventuelt endra prosti og om plassering av prostesete i modellane som Ulstein kyrkjelege fellestråd ikkje anbefalar

Volda kyrkjelege fellestråd

Vedtak, samrøystes: Volda kyrkjelege fellestråd har følgjande svar på høyringa av prostigrenser i Møre:

Spørsmål 1 Fellestrådet finn det uheldig å utvide Søre Sunnmøre med sokna i Storfjorden. Vi har allereie eit stort prosti med sju fellestråd og stor geografisk utstrekning. Talet prestar er høveleg med tanke på fleksibilitet og vikarordningar. Ei utviding av prostiet med alle sokna i Storfjorden vil gjere prosti vesentleg meir krevjande å drive, ikkje mist i høve til reiseavstand og reisetid. Når Fellestrådet ser på behovet for endringar i prostigrensene i bispedøme finn ein det tenleg å slå saman Indre Romsdal prosti og Molde domprost. Volda kyrkjeleg fellestrådet rår derfor bispedømerådet til å velje Modell 3. Indre Romsdal prosti og Molde domprost blir eit nytt Molde domprost

Spørsmål 2 og 3 Volda kyrkjelege fellestråd finn det rett å overlata desse spørsmåla til prostia i Romsdal.

Volda sokneråd

Her følgjer uttale frå Volda sokneråd basert på vedtak i soknerådet 09.04.2024:

Vi ynskjer å halde på prostigrensene for Søre Sunnmøre prosti, og når det gjeld andre prosti bør ein vurderer om modell 3 er eit tenleg alternativ

Prosten i SS

- Prosten i Søre Sunnmøre ser behov for justering/endring av prostier i bispedømme. Mitt svar er Modell 3 – Indre Romsdal blir en del av Molde domprost. En annen løsning kunne jo være å slå sammen Indre og Ytre Romsdal? Søre Sunnmøre er et «passe stort» prosti, både

geografisk og når det gjelder antall prester. Vi opplever at det er naturlige «ferdselsårer» som binder prostiet sammen. Prostiet faller også sammen med det kommunale sju-stjerner-samarbeidsområdet. / fellesråd/staber/kommuner fungerer, men det er også nok å skulle forholde seg til for prostien.

FRÅ TILLITSVALDE

Stiftsstyret i Presteforeningen ved Bjørg Myhre og Tommy Høgset

1. Kva for eit alternativ/modell meiner de er det beste?

Møre bispedømeråd foreslår en revisjon av prostigrener i Møre bispedøme. Etter nøye vurdering støtter vi modell 3. Ved å inkludere Indre Romsdal i Molde domprosti mener vi man best adresserer de utfordringene som er presentert av arbeidsgruppa og som har vært løftet fram lokalt.

2. Korleis stiller høyringsinstansen seg til desse forslaga på namn på prostia?

Vi støtter modell 3, men vi mener det er viktig å beholde Romsdalsnavnet i bispedømmet og prostiet for å bevare identitet og historisk forankring. Forslaget "Molde domprosti» kan aksepteres, men det bør sterkt vurderes å inkludere "Romsdal" for å reflektere regionens identitet. Forslag til navn kan være Molde og Romsdal domprosti.

3. Dersom ein vel modell 2 er det eit spørsmål om prostesete skal flyttast frå Åndalsnes til Vestnes. Kva meiner de om dette?

Dersom man går for modell 2 vil det være geografisk naturlig at man flytter prostesetet til Vestnes. Men vi mener det mest naturlige er at hele Indre Romsdal går til Molde.

4. Andre kommentarar.

Ved en eventuell endring som medfører at Rauma mister prostesetet, uavhengig av om det flyttes til Vestnes eller blir en del av Molde domprosti, vil vi be om at dagens presteressurser i Rauma beholdes som i dag, med tanke på Raumas geografiske utstrekning og mange menigheter, kirker og skoler. En redusering i presteressursene vil være en betydelig belastning. Vi understreker derfor viktigheten av å opprettholde presteressursene i Rauma med minst 50%, ideelt sett 100%, og ber bispedømmerådet ta hensyn til dette. Prosten i Indre Romsdal har vært ansatt som 50% sokneprest i Grytten, Kors og Øverdalen. Vi foreslår derfor at assisterende domprost kan gjøre 50 % tjeneste som sokneprest i Rauma, slik at presteressursene der består som i dag.

| Kolonne1 | E-postadresse | Kva for eit alternativ/modell eller meiner du er det best? | Gje gjerne ein kommentar eller grunngjeving for svaret ovanfor: | Det er lansert følgande forslag til namn på prosti. Forslag Modell 2: Indre Romsdal prosti Forslag Modell 3: Molde domprosti Korleis stiller høyringsinstansen seg til desse forslaga på namn på p... | Dersom ein vel modell 2 er det eit spørsmål om prostesete skal flyttast frå Åndalsnes til Vestnes. Kva meiner du om dette? | Skriv gjerne inn andre kommentarar du har til revisjonen av prostigrenser i Møre |
|-------------|---------------|--|---|--|---|--|
| 1 anonymous | Modell 5 | | Det vil vere meir naturleg at sokna i indre delar av Sunnmøre går til Søre Sunnmøre enn at dei skal bli ein del av eit Romsdals-prosti. | Namn på Modell 2 er unaturleg med tanke på bygdene frå Sunnmøre. Namn på Modell 3 er bra. | Det vil lette kommunikasjonen mellom dei to delane av eit slikt prosti, men det vil framleis vere eit unaturleg geografisk område. | |
| 2 | Slettet | | | | | |
| 3 anonymous | Modell 3 | | Indre Romsdal er eit talmessig lite prosti. Prostigrensene bør følgje naturlege kvardagslinjer. For Romsdalen er Molde regionsenteret for Storfjorden er det Ålesund. | Namnet for eit samla prosti for heile Romsdalen kan vere Romsdal prosti. Dersom ein syner det er naudsynt å markere i namnet at bispesete er i dette prostiet kan namnet også vere Romsdalen domprosti. | Dersom Vestnes skal vurderast kan det like godt vere Molde og modell 3. Vestnes er for Storfjorden ikkje det ein ser på som naturlege kvardagslinjer. | Modell 1 fungerer fint ut frå mitt perspektiv som kyrkjeverje |

| | | | | |
|-------------|----------|--|---|--|
| 4 anonymous | Modell 3 | Jeg tror det vil være hensiktsmessig å bli en del av at større prosti. | Jeg tenker det er representative navn | Det mener jeg IKKE er et godt alternativ |
| 5 anonymous | Modell 3 | | Jeg foreslår et nytt navn: Romsdal Domprosti så får alle prostiene i Møre navn etter region. | Jeg tenker det vil være geografisk naturlig. |
| 6 anonymous | Modell 3 | Indre Romsdal prosti er for lite i omfang og stillinger til å fungere optimalt, særlig etter at Nettet gikk inn i Molde kommune. Et nytt, sammenslått Molde domprosti vil kunne fordele ressursene mer hensiktsmessig, både med tanke på vanlig prestetjeneste og hyppighet på beredskapsuker. Jeg tenker at et sammenslått prosti vil være best for alle, ikke minst for prestene i Indre Romsdal som får et større kollegafelleskap. Kanskje vil det være hensiktsmessig med en Prost II-løsning i en prosentstilling der domprosten får avlastning og støtte. | Jeg tenker at Molde domprosti eller eventuelt Romsdal domprosti kan være et godt navn. | Hvis modell 2 blir valgt, bør prostesetet ligge mer sentralt, altså er Vestnes et greit alternativ. |
| 7 anonymous | Modell 2 | Geografisk og demografisk har sokna inst i Romsdalfjorden og inst i Storfjorden fellestrekk og sams utfordringar. | Molde domprosti er ok og dekkande som namn på domprostiet. Indre Romsdal prosti er eit mindre dekkande namn på prostiet, sidan det omfattar sokn både i Romsdal og på Sunnmøre. | Vinterstid blir det lang veg til Åndalsnes som prostesete for sokna i indre Sunnmøre. Vestnes er tilgjengeleg og innanfor rekkevidde for alle delar av prostiet, vinter som sommar og er slik sett eit praktisk plassert prostesete. |

Jeg savner informasjon om hva dere tenker om soknepreststillingen i Kors og Øverdalen ettersom det er prosten som innehar disse i dag.

| | | | | | |
|--------------|----------|--|---|--|--|
| 8 anonymous | Modell 3 | | Romsdal Domprosti | Ok | Det bør være assisterende prost i Domprostiet. Denne bør være også være 50% sokneprest i Grytten prestegjeld |
| 9 anonymous | Modell 3 | Naturlig inndeling av prostia i Romsdal | Romsdal og Molde domprosti | Ønsker modell 3 | Prestestillingene i IR må bestå. Prosten har vore sokneprest i Grytten, Kors og Øverdalen. Kan dette kombineras med ei stilling som assisterande prost for Domprosten? |
| 10 anonymous | Modell 3 | Borgund sokneråd går for modell 3 | Molde domprosti - sidan vi går inn for modell 3 | Det har vi inga meining om - vi går for modell 3 | |
| 11 anonymous | Modell 3 | Eg støttar Borgund sokneråd som går inn for modell 3 | Molde domprosti sidan eg støttar modell 3 | Det har eg inga meining om | |

| | | | | | |
|--------------|----------|--|--|--|---|
| 12 anonymous | Modell 2 | <p>Nordre Sunnmøre må reduseres. Det har for mange prester i et for stort geografisk område. Det er også svært sammensatt med et krevende arbeid i bykjernen i Ålesund og med helt annerledes pregede søkn, og med andre tradisjoner i Storfjorden. Jeg mener at Sykkylven også bør være med i dette prostiet.</p> | <p>Modell 2: Romsdalsnavnet bør ikke være med i navnet. Bytt ut "Indre Romsdal" med f.eks. "Midtre Møre" prosti.</p> | <p>Det nye prostesetet bør være på Vestnes.</p> | <p>Jeg foreslår altså Sykkylven inn i det nye prostiet, alt. 2. Grunnen er at de tidligere tilhørte Austre Sunnmøre og har tradisjon for kirkelig fellesskap med Storfjorden. Å gå tilbake till dette prostifellesskapet bør ikke være dramatisk. Dessuten bidrar det noe til reduksjon av størrelsen på Nordre Sunnmøre og sterkere fokus for prosten på det gjenværende prostiet.</p> |
| 13 anonymous | Modell 1 | <p>Mener modell 1 evt modell 3 er det beste. Det gir mer robuste prosti og mer fleksibilitet.</p> | <p>Molde domprosti som bør inkludere Indre Romsdal prosti</p> | <p>Prostesete bør være i Molde. Storfjorden Kf har uansett ikke en naturlig grense /tilhørighet mot Vestnes.</p> | <p>De administrative ressursene bør økes ikke ved å sette prester til å utføre prosteoppgaver, men ved å utvide prostesekretærressurserne til å utføre de administrative oppgavene for prosten.</p> |



Bestemmelser om avgjørelsesmyndighet i saker om kirkelig inndeling

Fastsatt av Kirkemøtet 13.april 2024.

1. Myndighet til bispedømmerådene til å gjøre endringer i den kirkelige inndelingen innenfor bispedømmet

Kirkeordningen § 3 tredje ledd regulerer endringer i den kirkelige inndelingen og navn på kirke, sokn, prosti og bispedømme. Deler av myndigheten til å treffe avgjørelse i disse sakene er lagt til bispedømmerådene, jf. kirkeordningen § 3 tredje ledd annet punktum. Bispedømmerådet har derfor avgjørelsesmyndighet i følgende saker:

- a. opprettelse eller nedleggelse av prosti
- b. overføring av et sokn fra et prosti til et annet
- c. endring av grensene mellom sokn
- d. sammenslåing av sokn
- e. opprettelse av nytt sokn i et distrikt hvor det er kirke, jf. kirkeordningen § 19 som definerer hva som er «kirke», og som fastsetter at det skal være kirke i hvert sokn
- f. fastsetting av navn på kirke, sokn og prosti

Kirkerådet treffer etter kirkeordningen § 3 fjerde ledd bestemmelser som er nødvendige for gjennomføring av inndelingsendringer og foretar samtidig nødvendige lempinger i anvendelsen av kirkeordningen. Kirkerådet delegerer myndigheten til å treffe bestemmelser som er nødvendige for å gjennomføre inndelingsendringer etter kirkeordningen § 3 fjerde ledd til bispedømmerådet i forbindelse med bispedømmerådets vedtak om inndelingsendringer. Delegeringen omfatter også å foreta nødvendige lempninger i anvendelsen av kirkeordningen.

Ettersom Kirkerådet nå står for den overordnede økonomistyringen i rettssubjektet Den norske kirke, forutsetter Kirkerådet at bispedømmerådet forelegger saker om oppretting av nytt prosti for Kirkerådet, i tillegg til instansene lokalt som uttaler seg i denne typen saker. Prostiet er prestenes tjenstedistrikt, og det er derfor viktig at også hensynet til medbestemmelse ivaretas. I saker om endringer i sokneinndelingen er det et krav om at menighetsmøtet uttaler seg, jf. kirkeordningen § 14 andre ledd. I tillegg forutsettes det at kommunen gis anledning til å uttale seg i saker som vil kunne berøre kommunens økonomiske ansvar, jf. trossamfunnsloven § 14 andre ledd. Ved deling av sokn som innebærer et økonomisk oppgjør mellom flere sokn, forutsettes det at økonomiske og administrative konsekvenser avklares nærmere før bispedømmerådet treffer vedtak. Når det gjelder saker om fastsetting av navn på kirke, sokn og prosti, videreføres ordningen med innhenting av råd fra navnekonsepttjenesten for vedkommende område før og etter høringen.

Melding om vedtak sendes Kirkerådet, berørte menighetsråd, kirkelig fellesråd, prosten, kommunen, Statistisk sentralbyrå og Kartverket.

2. Endringer i den kirkelige inndelingen som berører flere bispedømmer

Inndelingsendringer som berører flere bispedømmer, kan omfatte overføring av ett eller flere sokn fra et prosti i ett bispedømme til et prosti i nabobispedømmet, eller eventuelt overføring av et prosti. Justeringer i bispedømmeinndelingen har tidligere typisk blitt gjort i forbindelse med endringer i fylkesgrensen.

Kirkemøtets myndighet etter kirkeordningen § 3 tredje ledd første punktum til å treffe vedtak om endring i grensene for bispedømmer, delegeres til Kirkerådet. Kirkemøtet beholder myndigheten etter denne bestemmelsen til å treffe vedtak om opprettelse av og navn på nye bispedømmer.



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

| Sakshandsamar | Arkivkode | Arkivsak | Ugradert |
|---------------------|-----------|------------|----------|
| Bjørn Olaf Storhaug | 100 | 21/04236-4 | |

| Saksnummer | Råd/utvalg | Møtedato |
|------------|------------------------------|------------|
| 27/24 | Møre bispedømmeråd 2024-2027 | 07.06.2024 |

Bispedømerådet som strategisk organ

Vedlegg:

Vedtak Kirkemøtet 7/24 organisasjonsutvikling - folkevalde soknerådet og bispedømerådet
Strategi for den norske kirke 2022-2029
FN berekraftsmål - mål og delmål

Saksorientering

Bispedømerådet blir i denne saka invitert til samtale og refleksjon om to element - å vere eit strategisk organ – og å fastsette fokusområde for 2025 som ei strategisk retning for arbeidet med Møre bispedøme sin årsplan for 2025.

Om fokusområde 2025:

Kyrkjemøtet har i sak KM 05/24 (Kirkemøtets fordeling av midler 2025 og orientering om budsjett 2024) i pkt. 4 gjort følgande vedtak:

Kirkemøtet ber Kirkerådet i budsjett for 2025 prioritere følgende to områder

- *Barn og unge 0-30 år*
- *Kirken som organisasjon (inkl organisering, digitalisering og rekruttering)*

Desse områda er ei vidareføring av noverande fokusområde. Erfaringa tilseier at det er fordelar ved å halde fast ved fokusområda over tid slik at dei får høve til å feste seg. Det er òg fordelar ved at bispedømet følgjer Kyrkjemøtet sine fokusområde. I tillegg til at bispedømerådet er forplikta på vedtak gjort av kyrkjemøtet, er at bispedømet og dei lokale kyrkjelydane kan få «drahjelp» knytt til ressursar og planar som blir utvikla på nasjonalt nivå.

Om bispedømerådet som strategisk organ:

Konkret – kva vil Møre bispedømeråd vere i denne valperioden? Kyrkjemøtet har i sak 7/24 gjort vedtak som omtalar bispedømerådet som strategisk organ. Dette vil bli nærare konkretisert i sak til Kyrkjemøtet i 2025. Det er ikkje (og vil heller ikkje bli) fastsett ei uttømmande liste over kva det vil seie eller innebere. Nokre moment kan likevel vere eit grunnlag for samtale om kva det skal innebere i Møre.

- Kyrkjemøtet har vedtatt ein overordna strategi for Den norske kyrkja for perioden 2021 – 2029
 - o Planar og prioriteringar er forankra i demokratiske organ
- Berekraftmåla er integrert
- Nærare dialog med lokalkyrkjeleg organ – samråd
 - o Bindeledd mellom kyrkja nasjonalt og kyrkja lokalt
- Utvikling av fellesløyser, til dømes «Kyrkja vår» og «Skjer i kyrkja»

- Tilskotsforvaltning slik at midlar kommer best til nytte
- Heilskapleg og strategisk kompetanse i rettleiing av kyrkjelydar
 - o Kontakt og dialog med tilsette
- Kulturbygging

Det står i Kyrkjemøtet sitt vedtak 7/24:

Bispedømerådet har si merksemd på alt som kan gjerast for å vekke og nære det kristelege livet i kyrkjelydane. Kyrkjemøtet vil styrke bispedømerådet som strategisk organ og ressursorgan for soknet. Difor må rolla som eit strategisk mellom- og bindeledd mellom Kyrkjemøtet og lokalkyrkja utviklast. Samråd og andre møtepunkt med organa til soknet bør bli ein sentral del av arbeidsforma. Kyrkjemøtet ber om ei sak om oppgåveportefølja til bispedømerådet. Mandat og oppgaver for bispedømerådet må også bli definert med omsyn til biskopens tilsynsoppgåver.

I samandrag av saka til Kyrkjemøtet står mellom anna:

Bispedømerådet som strategisk organ i Den norske kyrkja: Bispedømerådet er eit strategisk mellom- og bindeledd mellom Kyrkjemøtet og lokalkyrkja. Mandatet til bispedømerådet går fram av kyrkjeordninga § 26: Rådet «skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene».

Vidare skal rådet fremje samarbeidet mellom sokneråda og andre arbeidsgrupper i bispedømet. Bispedømerådet skal også utføre oppgaver som det er pålagt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet, og kan etter avtale også utføre oppgaver for fellelrådet eller soknerådet.

Kyrkjemøtet vil styrke bispedømerådet som strategisk organ og ressursorgan for soknet gjennom mellom anna tettare kontakt og dialog med sokneråda og kyrkjeleg fellelråd. Vedtak og planar frå Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet skal følgast opp og samstundes må det strategiske arbeidet i bispedømerådet bygge på og fange opp lokale behov og planprosessar.

Ei styrking av det strategiske ansvaret betyr at ein skal forsterke og spisse mandatet og nokre delar av oppgåveportefølja. Bispedømerådet kan vera ein lyttepost som kan fange opp og formidle signal mellom det sentrale og lokale, profilere nasjonale planer og strategiar og hjelpe kyrkjelydane til å finne ei lokal form. Ordninga med samråd har vist seg å vera vellykka som verktøy for kontakt, som ein kan supplere med andre forum der regionale og lokale tilsette leiarar møtest, og møteplassar for tilsette. Dette må ein sjå i samanheng med biskopens tilsyn og leiing. Rådet må også ha fokus på det samla arbeidet i kyrkjelydane, der alle tilsette og frivillige kan delta.

I dag har bispedømerådet også mange forvaltingsoppgåver som det gjer på oppdrag frå Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Somme av desse oppgåvene kan ha eit strategisk potensiale for bispedømerådet, eller det kan vera andre gode grunnar til å halde på dei, mens andre kan ein legge til andre organ eller avvikle.

Som eit ledd i arbeidet med å styrke bispedømerådet bed Kyrkjemøtet om at den oppgåveportefølja som bispedømerådet har i dag, blir gjennomgått, også med tanke på forenkling og effektiv ressursutnytting.

Komiteens merknader:

Komiteen legg saksorienteringa til grunn. Komiteen har følgjande merknader:

1. Komiteen meiner at erfaringane med samråd og innspelsmøte det siste året bør evaluerast og at desse møta framover bør utviklast i dialog mellom bispedømeråda og organa for soknet, i samarbeid med Kyrkjerådet. Komiteen vil presisere at slike samlingar ikkje skal erstatte høyringar.

2. Bispedømerådet vil kunne frigjere tid når det ikkje lengre har ansvar for tilsetjing av prestar. Komiteen meiner dette vil ha konsekvensar for arbeidet i rådet - både når det gjeld saksområde, tidsbruk og korleis råda skal prioritera dei oppgåvene dei skal ivareta.

3. Komiteen peiker på at det er ei utfordring for soknerådet i mindre sokn å få gjort sentrale oppgåver utan administrativ støtte. Komiteen meiner det er viktig at fellestrådet prioriterer administrativ støtte for å styrke arbeidet i soknerådet.

Forslag til vedtak

1. Møre bispedømeråd fastset desse fokusområda for 2025 og ber om at dei blir tatt med i det vidare arbeidet med årsplan for 2025:
 - a. *Barn og unge 0-30 år*
 - b. *Kyrkja som organisasjon (inkl organisering, digitalisering og rekruttering)*
2. Møre bispedømeråd ber om at samtalen om rådet som strategisk organ blir tatt med i det vidare arbeidet.



DEN NORSKE KIRKE

Kirkemøtet 2024

Vedtak sak 7/24 Organisasjonsutvikling – folkevalde,
soknerådet og bispedømerådet

Saksdokumenter:

KM 7/24 Organisasjonsutvikling – folkevalde, soknerådet og bispedømerådet

Vedtak

- 1 1. Trussamfunnet Den norske kyrkja er styrt av demokratiske organ på alle nivå. Dette har
2 både teologiske og historiske årsaker. Kyrkjemøtet bed Kyrkjerådet om å legge fram
3 forslag om ei føresegn i kyrkjeordninga som stadfestar at rådsorgana i kyrkja utgjør ei
4 særleg styringsteneste.
- 5 2. Kyrkjemøtet meiner det er viktig at administrativ støtte til råda, og eventuell
6 godtgjering for teneste som rådsmedlem blir vurdert ut frå dei tilgjengelege ressursane
7 på den aktuelle staden. Kyrkjemøtet vil oppfordre til samarbeid om administrativ støtte
8 der det ligg til rette for det.
- 9
10 3. Kyrkjemøtet vil understreke at dei to organa for soknet, soknerådet og kyrkjeleg
11 fellesråd, må ha eit nært samarbeid, med respekt for ulike mandat og roller. Kyrkjeleg
12 fellesråd har ansvar for økonomi og tilsette og fungerer slik som det viktigaste
13 ressursorganet for soknerådet. Både rådsmedlemene og dei tilsette i soknet må få
14 tilstrekkeleg opplæring i oppgåver og roller og korleis råda fungerer som styringsorgan.
- 15
16 4. Kyrkjemøtet vil styrke soknerådets rolle som styringsorgan for soknet og bed
17 Kyrkjerådet om å legge fram forslag om endringar i regelverket slik at:
18 a) soknerådet får ei tydeleg rolle i samband med utlysing av og tilsetting i
19 kyrkjelydsretta stillingar
20 b) prestar som arbeider i soknet, blir forplikta på dei planane og prioriteringane som
21 soknerådet fastset, på lik line med dei tilsette som har soknet som arbeidsgivar

- 22 c) sokneråda gjennom ei årleg samling eller på anna vis kan gi retningsgivande signal
23 til kyrkjeleg fellesråd om budsjett og planar for den kyrkjelege verksemda i
24 kommunen.
- 25 5. Bispedømerådet har si merksemd på alt som kan gjerast for å vekke og nære det
26 kristelege livet i kyrkjelydane. Kyrkjemøtet vil styrke bispedømerådet som strategisk
27 organ og ressursorgan for soknet. Difor må rolla som eit strategisk mellom- og
28 bindeledd mellom Kyrkjemøtet og lokalkyrkja utviklast. Samråd og andre møtepunkt
29 med organa til soknet bør bli ein sentral del av arbeidsforma. Kyrkjemøtet ber om ei
30 sak om oppgåveportefølja til bispedømerådet. Mandat og oppgåver for
31 bispedømerådet må også bli definert med omsyn til biskopens tilsynsoppgåver.
32
- 33 6. Kyrkjemøtet går inn for at det blir laga felles regler for godtgjering, frikjøp og dekning
34 av tapt arbeidsforteneste for medlemar i bispedømeråda.



DEN NORSKE KIRKE







Kirkemøtet 2024

Vedtak sak 7/24 Organisasjonsutvikling – folkevalde,
soknerådet og bispedømerådet

Meir himmel på jorda

Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.



| Den norske kyrkja strategi for 2022–2029 | 1  Kyrkja opnar rom for tru | 2  Kyrkja er der livet vert levd | 3  Kyrkja er meir for fleire |
|--|--|---|---|
|  Kyrkja for den enkelte | 1.1 Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet | 2.1 Styrkjer kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar | 3.1 Gjev tilhøyrslse og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt |
|  Kyrkja i samfunnet | 1.2 Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle | 2.2 Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt | 3.2 Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på |
|  Kyrkja som organisasjon | 1.3 Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje | 2.3 Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar | 3.3 Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena |

Meir himmel på jorda

Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.



Den norske kyrkja
strategi for 2022–2029



Kyrkja opnar
rom for tru



Kyrkja er der
livet vert levd



Kyrkja er meir
for fleire

| | | | |
|---------------------------------------|---|--|--|
| <p>Kyrkja for den enkelte</p> | <p>Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet</p> | <p>Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar</p> | <p>Gjev tilhøyrslø og skapar gode møteplassar og fellesskap fysiske og digitale</p> |
| <p>Kyrkja i samfunnet</p> | <p>Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle</p> | <p>Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt</p> | <p>Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på</p> |
| <p>Kyrkja som organisasjon</p> | <p>Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje</p> | <p>Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar</p> | <p>Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena</p> |

DEN NORSKE KYRKJA

FNs berekraftsmål



FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.




Berekraftig utvikling og FNs berekraftsmål

Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydeleggje framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekkje sine. Berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold.

FNs berekraftsmål omfattar 17 mål og 169 delmål. Måla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Måla vart laga på ein demokratisk måte gjennom innspel frå land over heile verda og nesten ti millionar menneske fekk sagt si mening gjennom spørjeundersøkelsen My World.

Logoane og ikona til FNs berekraftsmål kan du laste ned på fn.no



FN-sambandet

FN-sambandet arbeider for auka kunnskap om FN og internasjonale spørsmål i Noreg. Målgruppene er alt frå skuleverket og mediene til publikum for øvrig. Vi har rundt 30 tilsette over heile landet, med kontor i dei største byane.

Fylg FN-sambandet på sosiale medier - @FNsambandet

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[YouTube](#)

[Flickr](#)

Les meir om FN og internasjonale spørsmål på fn.no



FN-SAMBANDET
UNITED NATIONS ASSOCIATION OF NORWAY



Mål 1. Utrydde fattigdom : Utrydde alle former for fattigdom i heile verda

1.1) Innan 2030 utrydde all ekstrem fattigdom

1.2) Innan 2030 minst halvere prosentdelen av menn, kvinner og barn i alle aldrar som lever i fattigdom, i samsvar med nasjonale definisjonar

1.3) Innføre nasjonalt tilpassa sosiale velferdsordningar og tiltak for alle, inkludert minstestandardar, og innan 2030 oppnå ei vesentleg dekning av fattige og sårbare

1.4) Innan 2030 sikre at alle menn og kvinner, særleg fattige og sårbare, har lik rett til økonomiske ressursar og tilgang til grunnleggjande tenester, til å eige og kontrollere jord og andre former for eigedom, og til arv, naturressursar, ny teknologi og finansielle tenester, inkludert mikrofinansiering

1.5) Innan 2030 byggje opp motstandskrafta til fattige og personar i utsette situasjonar, slik at dei blir mindre utsette og sårbare for klimarelaterte ekstremhendingar og andre økonomiske, sosiale og miljømessige påkjenningar og katastrofar

1.a) Sikre ei vesentleg mobilisering av ressursar frå mange ulike kjelder, mellom anna gjennom styrkt utviklings samarbeid, for å gje utviklingslanda, særleg dei minst utvikla landa, tilstrekkelege og føreseielege middel til å gjennomføre program og politikk for å utrydde alle former for fattigdom

1.b) Opprette gode politiske rammeverk på nasjonalt, regionalt og internasjonalt nivå basert på utviklingsstrategiar som gagnar dei fattige og tek omsyn til kjønnspektivet, med sikte på å auke investeringar i tiltak som motverkar fattigdom





Mål 2. Utrydde svolt: Utrydde svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk

2.1) Innan 2030 utrydde svolt og sikre alle menneske, særleg fattige og personar i utsette situasjonar, spesielt spedbarn, tilgang til nok, trygg og sunn mat heile året

2.2) Innan 2030 utrydde alle former for feilernæring, og innan 2025 nå dei internasjonalt avtalte måla som gjeld veksthemjing og avmagring hos barn under fem år, og skjømte ernæringsbehova til unge jenter, gravide, ammande kvinner og eldre personar

2.3) Innan 2030 doble produktiviteten og inntektene til småskala matprodusentar, særleg kvinner, urfolk, familiebruk, husdyrnomadar og fiskarar, mellom anna gjennom sikker og lik tilgang til jord, andre produksjonsressursar og innsatsmiddel, kunnskap, finansielle tenester, marknader og moglegheiter for verdiauke og for sysselsetjing utanfor landbruket

2.4) Innan 2030 sikre at det finst berekraftige system for matproduksjon, og innføre robuste metodar som gjev auka produktivitet og produksjon, som bidreg til å halde oppe økosystema, som styrkjer evna til å tilpasse seg til klimaendringar, ekstremvêr, tørke, flaumar og andre katastrofar, og som gradvis fører til betre kvalitet på areal og jord

2.5) Innan 2020 halde oppe det genetiske mangfaldet av frø, kulturplanter, husdyr og ville artar som er i slekt med dei, mellom anna gjennom veldrivne og rikholdige frø- og plantesamlingar nasjonalt, regionalt og internasjonalt, og fremje tilgang til og ei rettferdig og likeverdig fordeling av dei goda som følgjer av bruk av genressursar og tilhøyrande tradisjonell kunnskap, i tråd med internasjonal semje

2.a) Mellom anna gjennom betre internasjonalt samarbeid auke investeringane i infrastruktur på landsbygda, i forskning og rettleiingstenester innanfor landbruket, i teknologiutvikling og i genbankar for planter og husdyr, med sikte på å forbetre produksjonskapasiteten i landbruket i utviklingsland, særleg i dei minst utvikla landa

2.b) Korrigere og hindre handelsrestriksjonar og vridingar på landbruksmarknadene i verda, mellom anna gjennom ei parallell avvikling av alle former for eksportsubsidiar på landbruksvarer og alle eksporttiltak med tilsvarande verknad, i samsvar med mandatet for Doha-runden

2.c) Vedta tiltak for å sikre at råvare- og derivatmarknadene for matvarer fungerer godt og leggje til rette for rask tilgang til marknadsinformasjon, mellom anna om matreservar, for å avgrense ekstreme svingingar i matvareprisane





Mål 3. God helse og livskvalitet: Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder

- 3.1) Innan 2030 redusere mødredøyinga i verda til under 70 per 100 000 levandefødde
- 3.2) Innan 2030 få slutt på dødsfall som kan forhindrast blant nyfødde og barn under fem år, med eit felles mål for alle land om å redusere døyinga blant nyfødde til høgst 12 per 1000 levandefødde og til høgst 25 per 1000 levandefødde blant barn under fem år
- 3.3) Innan 2030 stanse epidemiane av aids, tuberkulose, malaria og neglisjerte tropiske sjukdommar, og motverke hepatitt, vassborne sjukdommar og andre smittsame sjukdommar
- 3.4) Innan 2030 redusere prematur døying av ikkje-smittsame sjukdommar med ein tredel gjennom førebygging og behandling, og fremje mental helse og livskvalitet
- 3.5) Styrkje førebygging og behandling av rusmiddelmissbruk, mellom anna misbruk av narkotiske stoff og skadeleg bruk av alkohol
- 3.6) Innan 2020 halvere talet på dødsfall og skadar i verda som skriv seg frå trafikulykker
- 3.7) Innan 2030 sikre allmenn tilgang til tenester som er knytte til seksuell og reproduktiv helse, inkludert familieplanlegging og tilhøyrande informasjon og opplæring, og sikre at reproduktiv helse blir innarbeidd i nasjonale strategiar og program
- 3.8) Oppnå allmenn dekning av helsetenester, inkludert ordningar som vernar mot økonomiske konsekvensar, og allmenn tilgang til grunnleggjande og gode helsetenester og trygge, verksame og nødvendige medisinar og vaksinar av god kvalitet og til ein overkomeleg pris
- 3.9) Innan 2030 redusere talet på dødsfall og sjukdomstilfelle på grunn av farlege kjemikalier og forureina luft, vatn og jord vesentleg
- 3.a) Styrkje gjennomføringa av rammekonvensjonen frå Verdhelseorganisasjonen om førebygging av tobakksskadar i alle land
- 3.b) Støtte forskning på – og utvikling av – vaksinar og medisinar mot smittsame og ikkje-smittsame sjukdommar som primært rammar utviklingsland, sørgje for tilgang til nødvendige medisinar og vaksinar til ein overkomeleg pris, i samsvar med Doha-erklæringa om TRIPS-avtalen og folkehelse, som stadfestar at utviklingslanda har rett til fullt ut å nytte føresegnene om høvet til å verne om folkehelsa og særleg sørgje for tilgang til medisinar til alle, i avtalen om handelsrelaterte aspekt ved immaterielle rettar
- 3.c) Oppnå ein vesentleg auke i finansieringa av helsetenester og rekruttering, utvikling og opplæring av helsepersonell i utviklingsland, særleg i dei minst utvikla landa og små utviklingsøystatar, og arbeide for at slikt personell blir verande i landa
- 3.d) Styrkje kapasiteten i alle land, særleg i utviklingsland, for tidlegvarsling, risikoredusering og handtering av nasjonale og globale helserisikoar





Mål 4. God utdanning : Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle

- 4.1) Innan 2030 sikre at alle jenter og gutar fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet som kan gje dei eit relevant og reelt læringsutbyte
- 4.2) Innan 2030 sikre alle jenter og gutar høve til god og tidleg utvikling og omsorg og tilgang til førskule, slik at dei er førebudde på å begynne i grunnskulen
- 4.3) Innan 2030 sikre kvinner og menn lik tilgang til god teknisk og yrkesfagleg opplæring og høgare utdanning, inkludert universitetsutdanning, til ein overkomeleg pris
- 4.4) Innan 2030 oppnå ein vesentleg auke i talet på unge og vaksne som har kompetanse, mellom anna i tekniske fag og yrkesfag, som er relevant for sysselsetjing, anstendig arbeid og entreprenørskap
- 4.5) Innan 2030 avskaffe kjønnskilnader i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivå innanfor utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare grupper, inkludert personar med nedsett funksjonsevne, urfolk og barn i utsette situasjonar
- 4.6) Innan 2030 sikre at all ungdom og ein vesentleg prosentdel av vaksne, både kvinner og menn, lærer å lese, skrive og rekne
- 4.7) Innan 2030 sikre at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling, mellom anna gjennom utdanning i berekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likestilling, fremjing av freds- og ikkje-valdelege, globalt borgarskap og verdsetjing av kulturelt mangfald og det bidraget kulturen gjev til berekraftig utvikling
- 4.a) Etablere og oppgradere utdanningstilbod som er barnevenlege, og som tek omsyn til kjønnskilnader og til personar med nedsett funksjonsevne og sikrar trygge, ikkje-valdelege, inkluderande og effektive læringsmiljø for alle
- 4.b) Innan 2020 oppnå ein vesentleg auke globalt i talet på stipend som er tilgjengelege for studentar frå utviklingsland, særleg dei minst utvikla landa, små utviklingsøystatar og afrikanske land, for å gje dei tilgang til høgare utdanning, mellom anna yrkesfagleg opplæring og program for informasjons- og kommunikasjonsteknologi, teknikk, ingeniørfag og vitenskap, både i andre utviklingsland og i utvikla land
- 4.c) Innan 2030 oppnå ein vesentleg auke i talet på kvalifiserte lærarar, mellom anna gjennom internasjonalt samarbeid om lærarutdanning i utviklingsland, særleg i dei minst utvikla landa og i små utviklingsøystatar



5 LIKESTILLING MELLOM KJØNNA



Mål 5. Likestilling mellom kjønn: Oppnå likestilling og styrkje stillinga for jenter og kvinner i samfunnet

- 5.1) Få slutt på alle former for diskriminering av jenter og kvinner i heile verda
- 5.2) Avskaffe alle former for vald mot alle jenter og kvinner i både offentleg og privat sfære, inkludert menneskehandel, seksuell utnytting og andre former for utnytting
- 5.3) Avskaffe all skadeleg praksis, som barneekteskap, tidlege ekteskap og tvangsekteskap, og kjønnslemlesting
- 5.4) Anerkjene og verdsetje ubetalt omsorgs- og hushaldsarbeid gjennom offentlege tenester, infrastruktur og sosialpolitikk, og fremje delt ansvar i hushaldet og familien, alt etter kva som passar i kvart enkelt land
- 5.5) Sikre kvinner fullstendig og reell deltaking og like moglegheiter til leiande stillingar på alle nivå der det blir teke avgjerder, i det politiske, det økonomiske og det offentlege livet
- 5.6) Sikre tilgang til god seksuell og reproduktiv helse og reproduktive rettar for alle, i samsvar med handlingsprogrammet frå den internasjonale konferansen om befolkning og utvikling, handlingsplanen frå Beijing og sluttdokumenta frå dei respektive tilsynskonferansane
 - 5.a) Setje i verk reformer for å gje kvinner lik rett til økonomiske ressursar, moglegheit til å eige og kontrollere jord og andre former for eigedom, og tilgang til finansielle tenester, arv og naturressursar, i samsvar med nasjonal lovgjeving
 - 5.b) Styrkje bruken av mogleggjerande teknologi, særleg informasjons- og kommunikasjonsteknologi, for å styrkje stillinga for kvinner i samfunnet
 - 5.c) Vedta og styrkje god politikk og vedta gjennomførleg lovgjeving for å fremje likestilling og styrkje stillinga for jenter og kvinner på alle nivå i samfunnet



6 REINT VATN OG GODE SANITÆRFORHOLD



Mål 6. Reint vatn og gode sanitærforhold: Sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle

6.1) Innan 2030 sørgje for likeverdig tilgang til trygt drikkevatt til ein overkomeleg pris for alle

6.2) Innan 2030 sørgje for tilgang til tilstrekkelege og likeverdige sanitær-, hygiene- og toalettforhold for alle, med særleg vekt på behova til jenter og kvinner og personar i utsette situasjonar

6.3) Innan 2030 sørgje for betre vasskvalitet ved å redusere forureining, avskaffe avfallsdumping og mest mogleg avgrense utslepp av farlege kjemikaliar og materiale, halvere prosenten ubehandla spillvatn og i vesentleg grad auke gjenvinning og trygg ombruk på verdsbasis

6.4) Innan 2030 vesentleg betre utnyttinga av vatn i alle sektorar og sikre berekraftig uttak av og tilgang til ferskvatt for å bøte på vassmangel og i vesentleg grad redusere talet på personar som blir ramma av vassmangel

6.5) Innan 2030 innføre integrert forvaltning av vassressursar på alle nivå, mellom anna gjennom samarbeid over landegrensene der det er aktuelt

6.6) Innan 2020 verne og byggje opp att vassrelaterte økosystem, inkludert fjell, skogar, våtmarker, elvar, vassførande bergartar og innsjøar

6.a) Innan 2030 utvide det internasjonale samarbeidet og støtta til å byggje opp kapasitet i utviklingsland innanfor verksemd og program som er knytte til vass- og sanitærforhold, mellom anna teknologi for vassoppsamling, avsalting, effektiv bruk av vassressursar, behandling av avløpsvatn, gjenvinning og ombruk

6.b) Støtte og styrkje medverknad frå lokalsamfunn for å betre forvaltninga av vass- og sanitærforhold





Mål 7. Rein energi til alle: Sikre tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkomeleg pris

7.1) Innan 2030 sikre allmenn tilgang til pålitelege og moderne energitenester til ein overkomeleg pris

7.2) Innan 2030 auke prosentdelen fornybar energi i det samla energiforbruket i verda vesentleg

7.3) Innan 2030 få forbetringa av energieffektivitet på verdsbasis til å gå dobbelt så fort

7.a) Innan 2030 styrkje det internasjonale samarbeidet for å lette tilgangen til forskning og teknologi på området rein energi, inkludert fornybar energi, energieffektivisering og avansert og reinare teknologi for fossilt brensel, og fremje investeringar i energiinfrastruktur og teknologi for rein energi

7.b) Innan 2030 byggje ut infrastruktur og oppgradere teknologi for å tilby moderne og berekraftige energitenester til alle innbyggjarar i utviklingsland, særleg i dei minst utvikla landa, små utviklingsøystatar og kystlause utviklingsland, i samsvar med dei respektive støtteprogramma i landa



8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST



Mål 8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst: Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle

8.1) Halde oppe ein økonomisk vekst per innbyggjar som er i samsvar med forholda i dei respektive landa, og spesielt ein vekst i bruttonasjonalproduktet på minst 7 prosent per år i dei minst utvikla landa

8.2) Auke den økonomiske produktiviteten gjennom diversifisering, teknologisk framgang og innovasjon, mellom anna med vekt på lønsame og arbeidsintensive sektorar

8.3) Fremje ein utviklingsretta politikk som støttar produktive aktivitetar, oppretting av anstendige arbeidsplassar, entreprenørskap, kreativitet og innovasjon, og stimulere til formalisering av og vekst i talet på svært små, små og mellomstore bedrifter, mellom anna ved å gje dei tilgang til finansielle tenester

8.4) Fram mot 2030 stadig forbetre utnyttinga av globale ressursar innanfor forbruk og produksjon, og arbeide for å oppheve koplinga mellom økonomisk vekst og miljøødeleggingar, i samsvar med det tiårige handlingsprogrammet for berekraftig forbruk og produksjon, der dei utvikla landa går føre

8.5) Innan 2030 oppnå full og produktiv sysselsetjing og anstendig arbeid for alle kvinner og menn, inkludert ungdom og personar med nedsett funksjonsevne, og oppnå lik løn for likt arbeid

8.6) Innan 2020 redusere prosentdelen unge som verken er i arbeid, under utdanning eller opplæring, vesentleg

8.7) Setje i verk omgåande og effektive tiltak for å avskaffe tvangsarbeid, få slutt på moderne slaveri og menneskehandel og sikre at dei verste formene for barnearbeid – inkludert rekruttering og bruk av barnesoldatar – blir forbodne og avskaffa, og innan 2025 avskaffe alle former for barnearbeid

8.8) Verne om arbeidarrettar og fremje eit trygt og sikkert arbeidsmiljø for alle arbeidstakarar, inkludert arbeidsinnvandrarar og særleg kvinnelege innvandrarar, og arbeidstakarar i eit usikkert arbeidsforhold

8.9) Innan 2030 utarbeide og setje i verk politikk for å fremje ei berekraftig turistnæring som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt

8.10) Styrkje evna nasjonale finansinstitusjonar har til å utvide tilgangen til og stimulere til bruk av bank- og forsikringstenester og finansielle tenester for alle



8.a) Auke støtta til handelsretta bistand («Aid for Trade») til utviklingsland, særleg dei minst utvikla landa, mellom anna gjennom det styrkte, integrerte rammeverket for handelsrelatert fagleg bistand til dei minst utvikla landa (EIF)

8.b) Innan 2020 utvikle og setje i verk ein global strategi for sysselsetjing av ungdom og innføre «The Global Jobs Pact», som er utvikla i Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO)



9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR



Mål 9. Industri, innovasjon og infrastruktur: Bygge solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon

9.1) Utvikle påliteleg, berekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, inkludert regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtte økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkomeleg pris og likeverdig tilgang for alle

9.2) Fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og næringsutvikling, og innan 2030 auke industridelen av sysselsetjing og bruttonasjonalprodukt vesentleg, i tråd med forholda i dei respektive landa, og doble industridelen av sysselsetjing og bruttonasjonalprodukt i dei minst utvikla landa

9.3) Auke tilgangen til finansielle tenester, inkludert rimeleg kreditt, for små industribedrifter og andre bedrifter, særleg i utviklingsland, og styrkje posisjonen til desse bedriftene og integre dei i verdikjeder og marknader

9.4) Innan 2030 oppgradere infrastruktur og omstille næringslivet til å bli meir berekraftig, med meir effektiv bruk av ressursar og meir utstrekt bruk av reine og miljøvenlege teknologiformer og industriprosessar, der alle land gjer ein innsats etter eiga evne og eigen kapasitet

9.5) Styrkje vitenskapleg forskning og oppgradere teknologien i næringslivssektorane i alle land, særleg i utviklingsland, mellom anna ved – innan 2030 – å stimulere til innovasjon, auke talet på tilsette (per million innbyggjarar) vesentleg innanfor forskings- og utviklingsverksemd og vesentleg auke løyvingane til offentleg og privat forskning og utvikling

9.a) Leggje til rette for berekraftig utvikling av infrastrukturen i utviklingsland ved å auke den finansielle, teknologiske og faglige bistanden til afrikanske land, dei minst utvikla landa, kystlause utviklingsland og små utviklingsøystatar

9.b) Støtte nasjonal utvikling av teknologi, forskning og innovasjon i utviklingsland, mellom anna ved å sikre politiske rammevilkår som fremjar mangfald i næringslivet og gjev handelsvarer ein meirverdi

9.c) Auke tilgangen til informasjons- og kommunikasjonsteknologi vesentleg og arbeide for at dei minst utvikla landa får allmenn og rimeleg tilgang til internett innan 2020





Mål 10. Mindre ulikskap: Redusere ulikskap i og mellom land

10.1) Innan 2030 oppnå ein gradvis og varig inntektsauke for dei fattigaste 40 prosentane av befolkninga som er raskare enn auken for det nasjonale gjennomsnittet

10.2) Innan 2030 sikre myndiggjering og fremje sosial, økonomisk og politisk inkludering av alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, rase, etnisitet, nasjonalt opphav, religion eller økonomisk eller annan status

10.3) Sikre like moglegheiter og redusere skilnader i levekår, mellom anna ved å avskaffe diskriminerande lover, politikk og praksis og ved å fremje lovgjeving, politikk og tiltak som er eigna til å nå dette målet

10.4) Vedta politikk, særleg når det gjeld skattar og avgifter, løn og sosialomsorg, med sikte på å oppnå ei gradvis utjamning av skilnader

10.5) Betre reguleringa av og tilsynet med globale finansmarknader og finansinstitusjonar, og styrkje gjennomføringa av regelverket

10.6) Sikre at utviklingslanda blir betre representerte og får større grad av medråderett i avgjerdsprosessane i globale finansinstitusjonar, slik at institusjonane fungerer betre og blir meir pålitelege, ansvarlege og legitime

10.7) Leggje til rette for migrasjon og mobilitet i ordna, trygge, regelbundne og ansvarlege former, mellom anna ved å føre ein planmessig og godt forvalta migrasjonspolitik

10.a) Gjennomføre prinsippet om særbehandling og differensiert behandling av utviklingsland, særleg dei minst utvikla landa, i samsvar med avtalar som er inngått med Verdshandelsorganisasjonen

10.b) Stimulere til offentleg utviklingsbistand og kapitalflyt, mellom anna direkte utanlandske investeringar, til statane der behovet er størst, særleg dei minst utvikla landa, afrikanske land, små utviklingsøystatar og kystlause utviklingsland, i samsvar med planane og programma til landa sjølve

10.c) Innan 2030 redusere transaksjonsgebyra til under 3 prosent ved pengeoverføringar frå migrantar til heimlandet og avskaffe overføringsordningar med gebyr som overstig 5 prosent





Mål 11. Berekraftige byar og lokalsamfunn: Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige

11.1) Innan 2030 sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og grunnleggjande tenester til ein overkomeleg pris, og betre forholda i slumområde

11.2) Innan 2030 sørgje for at alle har tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem til ein overkomeleg pris og betre tryggleiken på vegane, særleg ved å leggje til rette for kollektivtransport og med særleg vekt på behova til personar i utsette situasjonar, kvinner, barn, personar med nedsett funksjonsevne og eldre

11.3) Innan 2030 styrkje inkluderande og berekraftig urbanisering og leggje til rette for deltakande, integrert og berekraftig samfunnsplanlegging og forvaltning i alle land

11.4) Styrkje innsatsen for å verne om og sikre kultur- og naturarven i verda

11.5) Innan 2030 oppnå ein vesentleg reduksjon i talet på dødsfall og talet på personar som blir ramma av katastrofar, inkludert vassrelaterte katastrofar, og i vesentleg grad minske dei direkte økonomiske tapa i det samla bruttonasjonalproduktet i verda som følgje av slike katastrofar, med vekt på vern av fattige og personar i utsette situasjonar

11.6) Innan 2030 redusere negativ påverknad på miljøet frå byar og lokalsamfunn (målt per innbyggjar), med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandtering i offentleg eller privat regi

11.7) Innan 2030 sørgje for at alle, særleg kvinner og barn, eldre og personar med nedsett funksjonsevne, har tilgang til trygge, inkluderande og tilgjengelege grøntområde og offentlege rom

11.a) Støtte positive økonomiske, sosiale og miljømessige samband mellom byområde, omland og spreiddbygde område ved å styrkje nasjonale og regionale planar

11.b) Innan 2020 oppnå ein vesentleg auke i talet på byar og lokalsamfunn som vedtek ein integrert politikk og gjennomfører planar med sikte på inkludering, betre ressursbruk, avgrensing av og tilpassing til klimaendringar og evne til å stå imot og handtere katastrofar, og dessutan utvikle og setje i verk eit heilskapleg system for risikostyring og katastrofehandtering på alle nivå, i tråd med Sendai-rammeverket for katastrofeberedskap for 2015–2030

11.c) Støtte dei minst utvikla landa i å føre opp berekraftige og solide bygg ved bruk av lokale materiale, mellom anna gjennom økonomisk og fagleg støtte



12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON



Mål 12. Ansvarleg forbruk og produksjon : Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster

12.1) Gjennomføre det tiårige handlingsprogrammet for berekraftig forbruk og produksjon ved at alle land deltek, men slik at dei utvikla landa går føre, samtidig som ein tek omsyn til utviklingsnivået og moglegheitene til utviklingslanda

12.2) Innan 2030 oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar

12.3) Innan 2030 halvere matsvinn per innbyggjar på verdsbasis, både i detaljhandelen og blant forbrukarar, og redusere svinn i produksjons- og forsyningskjeda, inkludert svinn etter innhausting

12.4) Innan 2020 oppnå ei meir miljøvenleg forvaltning av kjemikaliar og alle former for avfall gjennom heile livssyklusen, i samsvar med internasjonalt vedtekne rammeverk, og vesentleg redusere utslepp av kjemikaliar og avfall til luft, vatn og jord for mest mogleg å avgrense skadeverknadene for folkehelsa og for miljøet

12.5) Innan 2030 redusere avfallsmengda vesentleg gjennom førebygging, reduksjon, attvinning av materiale og ombruk

12.6) Stimulere selskap, særleg store og fleirnasjonale selskap, til å ta i bruk berekraftige metodar og integrere informasjon om si eiga berekraft i rapporteringsrutinane sine

12.7) Fremje berekraftige ordningar for offentlege innkjøp, i samsvar med politikk og prioriteringar i dei enkelte landa

12.8) Innan 2030 sikre at alle menneske i heile verda har relevant informasjon om og forståing av berekraftig utvikling og eit levesett som er i harmoni med naturen

12.a) Støtte utviklingslanda i å styrkje den vitskaplege og tekniske evna si til å innføre meir berekraftige forbruks- og produksjonsmønster

12.b) Utvikle og innføre metodar for å måle effekten av berekraftig reiseliv som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt

12.c) Redusere ineffektive subsidiar til fossilt brensel ved å fjerne marknadsvridingar som oppmuntrar til overforbruk, i samsvar med nasjonale forhold, mellom anna ved å leggje om skattar og avgifter og avvikle skadelege subsidiar der dei finst, slik at konsekvensane for miljøet blir avdekte, samtidig som ein fullt ut tek omsyn til særlege behov i utviklingslanda og situasjonen der, og avgrensar skadelege konsekvensar for utviklinga deira mest mogleg og på ein måte som vernar dei fattige og dei lokalsamfunna som blir påverka





Mål 13. Stoppe klimaendringane: Handle omgåande for å motarbeide klimaendringane og konsekvensane av dei*

13.1) Styrkje evna til å stå imot og tilpasse seg til klimarelaterte farar og naturkatastrofar i alle land

13.2) Innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging på nasjonalt nivå

13.3) Styrkje evna enkeltpersonar og institusjonar har til å redusere klimagassutslepp, tilpasse seg til og redusere konsekvensane av klimaendringar og varsle tidleg, og dessutan styrkje utdanninga og bevisstgjeringsa om dette

13.a) Gjennomføre forpliktingane som dei utvikla landa som er part i FN's rammekonvensjon om klimaendring, har teke på seg for å nå målet om i fellesskap å skaffe 100 milliardar dollar per år innan 2020 frå alle kjelder for å dekkje det behovet utviklingslanda har for å innføre føremålstenlege klimatiltak og gjennomføre dei på ein open måte, og fullt ut operasjonalisere Det grønne klimafondet ved at fondet så snart som mogleg blir tilført kapital

13.b) Fremje mekanismar for å styrkje evna til effektiv klimarelatert planlegging og forvaltning i dei minst utvikla landa og små utviklingsøystatar, mellom anna med vekt på kvinner, ungdom og lokale og marginaliserte samfunn

*Basert på ei erkjenning av at FN's rammekonvensjon om klimaendring er det viktigaste internasjonale og mellomstatlege forumet for forhandlingar om globale tiltak mot klimaendringar.





Mål 14. Livet i havet: Bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling

14.1) Innan 2025 forhindre og i vesentleg grad redusere alle former for havforureining, særleg frå landbasert verksemd, inkludert marin forsøpling og utslepp av nærings salt

14.2) Innan 2020 forvalte og beskytte økosystema i havet og langs kysten på ein berekraftig måte for å unngå vesentlege skadeverknader, mellom anna ved å styrkje motstandsevna i økosystema og ved å setje i verk tiltak for å byggje dei opp att, slik at hava blir sunne og produktive

14.3) Avgrense mest mogleg og sørgje for handtering av konsekvensane av forsureing av havet, mellom anna gjennom styrkt vitenskapleg samarbeid på alle nivå

14.4) Innan 2020 innføre effektive tiltak for å regulere uttaket av fiskebestandane, få slutt på overfiske og ulovleg, urapportert og uregulert fiske og øydeleggjande fiskemetodar, og setje i verk vitenskapleg baserte forvaltningsplanar for å tilbakeføre fiskebestandane på kortast mogleg tid, i det minste til dei nivåa som kan gje høgast mogleg berekraftig avkastning ut frå dei biologiske særtrekka til bestandane

14.5) Innan 2020 bevare minst 10 prosent av kyst- og havområda, i samsvar med nasjonal rett og folkeretten og på grunnlag av den beste vitenskaplege kunnskapen som er tilgjengeleg

14.6) Innan 2020 forby visse former for fiskerisubsidiar som bidreg til overkapasitet og overfiske, avskaffe subsidiar som bidreg til ulovleg, urapportert og uregulert fiske, og dessutan unngå å innføre nye tilsvarende subsidiar, samtidig som ein erkjenner at ei føremålstenleg og effektiv særskild og differensiert behandling av utviklingslanda og dei minst utvikla landa bør vere ein integrert del av forhandlingane om fiskerisubsidiar i Verds handelsorganisasjonen ¹

14.7) Innan 2030 sikre at dei økonomiske fordelane ved berekraftig bruk av havressursar, mellom anna gjennom berekraftig forvaltning av fiskeri, akvakultur og turistnæring, i større grad kjem små utviklingsøystatar og dei minst utvikla landa til gode

14.a) Styrkje vitenskapleg kunnskap, byggje opp forskingskapasitet og overføre marin teknologi – og samtidig ta omsyn til kriterium og retningslinjer frå Den mellomstatlege oseanografiske kommisjonen for overføring av marin teknologi – med sikte på å betre tilstanden i havet og auke bidraget frå det marine artsmangfaldet til utviklinga i utviklingslanda, særleg i små utviklingsøystatar og dei minst utvikla landa

14.b) Gje fiskarar som driv småskala fiske, tilgang til marine ressursar og marknader

14.c) Styrkje bevaring og berekraftig bruk av hava og dei marine ressursane ved å gjennomføre folkeretten slik han er reflektert i FNs havrettskonvensjon, som utgjer rettsgrunnlaget for bevaring og berekraftig bruk av hava og dei marine ressursane, slik det også går fram av punkt 158 i FN-rapporten «The Future We Want»

¹ Samtidig vil det verte teke omsyn til dei pågåande forhandlingane i Verdens handelsorganisasjon, Doha-runden og erklæringa frå ministermøtet i Hongkong.





Mål 15. Livet på land: Verne, tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald

15.1) Innan 2020 bevare og gå tilbake til berekraftig bruk av ferskvassbaserte økosystem og tenester som nyttar seg av desse økosystema, på land og i innlandsområde, særleg skogar, våtmarker, fjell og tørre område, i samsvar med forpliktingar etter internasjonale avtalar

15.2) Innan 2020 fremje innføringa av ei berekraftig forvaltning av all slags skog, stanse avskoging, byggje opp att forringa skogar og i vesentleg grad auke atterreisning og nyplanting av skog på globalt nivå

15.3) Innan 2030 motarbeide ørkenspreiing, restaurere forringa land og matjord, inkludert landområde som er ramma av ørkenspreiing, tørke og flaum, og arbeide for ei verd utan landforringing

15.4) Innan 2030 bevare økosystem i fjellområde, inkludert det biologiske mangfaldet der, slik at dei skal bli betre i stand til å yte viktige bidrag til ei berekraftig utvikling

15.5) Setje i verk omgåande og omfattande tiltak for å redusere øydelegginga av habitat, stanse tap av biologisk mangfald og innan 2020 verne truga artar og hindre at dei døyr ut

15.6) Fremje ei rettferdig og likeverdig deling av goda som er knytte til bruk av genressursar, og fremje føremålstenleg tilgang til slike ressursar i tråd med internasjonal semje

15.7) Setje i verk omgåande tiltak for å stanse krypskyting og ulovleg handel med verna plante- og dyreartar, og handtere både tilbods- og etterspurnadssida ved handelen med ulovlege produkt frå viltlevande dyr

15.8) Innan 2020 innføre tiltak for å unngå innføring og spreing av framande artar og for å redusere påverknaden frå framande artar på land- og vassbaserte økosystem i vesentleg grad, og dessutan kontrollere eller utrydde prioriterte framande artar

15.9) Innan 2020 integrere verdien av økosystem og biologisk mangfald i nasjonale og lokale planleggingsprosessar, i strategiar for arbeid mot fattigdom og i rekneskapar

15.a) Mobilisere ein vesentleg auke i finansielle ressursar frå alle kjelder for å ta vare på og utnytte biologisk mangfald og økosystem på ein berekraftig måte

15.b) Mobilisere vesentlege ressursar frå alle kjelder og på alle nivå for å finansiere ei berekraftig skogforvaltning, og sørgje for verkemiddel som er eigna til å fremje slik forvaltning i utviklingslanda, mellom anna verkemiddel for bevaring og nyplanting av skog

15.c) Auke den globale støtta til tiltak for å motarbeide krypskyting og ulovleg handel med verna artar, mellom anna ved å styrkje den evna lokalsamfunna har til å nytte dei moglegheitene som finst for å halde oppe eit berekraftig livsgrunnlag





Mål 16. Fred, rettferd og velfungerande institusjonar: Fremje fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå

- 16.1) Vesentleg redusere vald i alle former og dødstal som skriv seg frå vald, i heile verda
- 16.2) Stanse overgrep, utnytting, menneskehandel og alle former for vald og tortur mot barn
- 16.3) Fremje rettsstaten nasjonalt og internasjonalt, og sikre likskap for lova, rettstryggleik og rettsvern for alle
- 16.4) Innan 2030 oppnå ein vesentleg reduksjon av ulovlege finans- og våpenstraumar, gjere det enklare å spore opp og returnere stolne eigedelar og motarbeide alle former for organisert kriminalitet
- 16.5) Vesentleg redusere korrupsjon og bestikkingar i alle former
- 16.6) Utvikle effektive, ansvarlege og opne institusjonar på alle nivå
- 16.7) Sikre lydhøyre, inkluderande, deltakingsbaserte og representative avgjerdsprosessar på alle nivå
- 16.8) Utvide og styrkje deltakinga frå utviklingslanda i institusjonar for global styring
- 16.9) Innan 2030 sikre juridisk identitet for alle, mellom anna gjennom fødselsregistrering
- 16.10) Sikre allmenn tilgang til informasjon og verne grunnleggjande fridommar, i samsvar med nasjonal lovgjeving og internasjonale avtalar
- 16.a) Styrkje relevante nasjonale institusjonar, mellom anna gjennom internasjonalt samarbeid, med sikte på å byggje kapasitet på alle nivå, særleg i utviklingsland, for å førebyggje vald og motarbeide terrorisme og kriminalitet
- 16.b) Fremje og handheve ikkje-diskriminerande lover og politikk for berekraftig utvikling



Alle foto: FN-sambandet/Eivind Oskarson



17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA



Mål 17. Samarbeid for å nå måla: Styrkje verkemidla som trengst for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling

Finansiering

17.1) Styrkje og mobilisere nasjonale ressursar, mellom anna gjennom internasjonal støtte til utviklingsland, med sikte på å betre evna til å krevje inn skattar og andre avgifter i landa

17.2) Sjø til at dei utvikla landa fullt ut gjennomfører dei offisielle bistandsforpliktingane sine (ODA) overfor utviklingslanda, mellom anna forpliktinga som mange av dei har teke på seg til å gje 0,7 prosent av ODA/BNI i bistand til utviklingsland og 0,15–0,20 prosent av ODA/BNI til dei minst utvikla landa; ODA-ytarar er oppfordra til å vurdere å gje minst 0,20 prosent av ODA/BNI i bistand til dei minst utvikla landa

17.3) Mobilisere ytterlegare finansielle ressursar til utviklingslanda frå fleire kjelder

17.4) Støtte utviklingslanda i å oppnå langsiktige og berekraftige gjeldsvilkår gjennom ein samordna politikk for å fremje gjeldsfinansiering, gjeldslette eller omstrukturering av gjeld, og behandle utanlandsgjelda til dei fattigaste og mest gjeldstyngde landa på ein måte som reduserer gjeldsrelatert naud

17.5) Vedta og gjennomføre investeringsfremjande ordningar for dei minst utvikla landa

Teknologi

17.6) Betre tilgangen til og styrkje nord–sør-samarbeidet, sør–sør-samarbeidet og det triangulære samarbeidet regionalt og internasjonalt om vitskap, teknologi og innovasjon, og forbetre kunnskapsdelinga på gjensidig avtalte vilkår, mellom anna gjennom å samordne eksisterande ordningar betre, særleg på FN-nivå, og gjennom ein global mekanisme for å gjere teknologi tilgjengeleg

17.7) Fremje utvikling, overføring, spreing og formidling av miljøvenleg teknologi til utviklingsland på fordelaktige vilkår, mellom anna på ikkje-marknadsmessige vilkår eller på vilkår som på andre måtar er gunstigare enn det andre land får, etter gjensidige avtalar

17.8) Setje i gang teknologibanken og ordninga for kapasitetsbygging innanfor vitskap, teknologi og innovasjon for dei minst utvikla landa innan 2017, og auke bruken av mogleggjerande teknologi, særleg informasjons- og kommunikasjonsteknologi

Kapasitetsbygging

17.9) Auke den internasjonale støtta til å gjennomføre ei effektiv og målretta kapasitetsbygging i utviklingsland og dermed støtte nasjonale planar for gjennomføring av alle berekraftsmåla, mellom anna gjennom nord–sør-samarbeid, sør–sør-samarbeid og trepartssamarbeid

Handel



17.10) Fremje eit allment, regelbasert, ope, ikkje-diskriminerande og likeverdig multilateralt handelssystem som er underlagt Verdshandelsorganisasjonen, mellom anna ved å slutføre forhandlingane under Doha-runden

17.11) Auke eksporten frå utviklingslanda vesentleg, særleg med sikte på å doble dei minst utvikla landa sin prosentdel av verdseksporten innan 2020

17.12) Innanfor bestemte tidsrammer gje alle dei minst utvikla landa varig avgiftsfri og kvotefri marknadstilgang, i samsvar med avgjerder i Verdshandelsorganisasjonen, mellom anna ved å sikre at preferanseopphavsreglar for importvarer frå dei minst utvikla landa er klare og enkle, slik at dei bidreg til å lette marknadstilgangen

Systemiske spørsmål

Politisk og institusjonell samstemtheit

17.13) Styrkje stabiliteten i makroøkonomien i verda, mellom anna gjennom politisk samordning og samstemtheit

17.14) Oppnå ein meir samstemt og heilskapleg politikk for berekraftig utvikling

17.15) Respektere det politiske handlingsrommet og leiarskapet i kvart land når det gjeld etablering og gjennomføring av eigen politikk for arbeid mot fattigdom og for berekraftig utvikling

Partnerskap mellom fleire interessentar

17.16) Styrkje det globale partnerskapet for berekraftig utvikling og støtte opp under det med partnerskap mellom fleire interessentar som kan mobilisere og dele kunnskap, ekspertise, teknologi og finansielle ressursar, for å bidra til at alle land, særleg utviklingslanda, oppnår berekraftsmåla

17.17) Stimulere til og fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunnet som byggjer på erfaringar med partnerskapa og ressursstrategiar

Data, overvaking og ansvar

17.18) Innan 2020 auke støtta til kapasitetsbygging i utviklingsland, også i dei minst utvikla landa og små utviklingsøystatar, for i vesentleg grad å betre tilgangen til pålitelege og aktuelle data av høg kvalitet som er fordelte etter inntekt, kjønn, alder, rase, etnisitet, migrasjonsstatus, funksjonsevne, geografisk plassering og andre nasjonalt relevante kjenneteikn

17.19) Innan 2030 byggje vidare på eksisterande initiativ for å utvikle målemetodar for berekraftig utvikling som supplerer bruttonasjonalprodukt, og støtte kapasitetsbygging på statistikkområdet i utviklingsland





DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

| Sakshandsamar | Arkivkode | Arkivsak | Ugradert |
|---------------|-----------|------------|----------|
| Kurt Vadset | 104 | 24/00074-3 | |

| Saksnummer | Råd/utvalg | Møtedato |
|------------|------------------------------|------------|
| 28/24 | Møre bispedømmeråd 2024-2027 | 07.06.2024 |

Årsforteljing 2023

Vedlegg:

Hovudtal frå Møre bispedømme
 Årsrapport 2023 - Statistikkvedlegg
 Årsforteljing 2023

Saksorientering

Årsforteljinga har tidlegare år vore kjend som årsrapport. Årsforteljinga er utarbeida av ei redaksjonsgruppe i administrasjonen. Grafisk følgjer den delvis ein mal frå Kyrkjerådet. Det er ikkje lengre eit krav frå Kyrkjerådet om årsrapport frå bispedømme på same vis som tidlegare. Ein står no friare til korleis ein vel å utforme eit slikt dokument.

Møre bispedømmeråd har nytta høvet til å utarbeide ei oppsummering av arbeidet sitt i 2023, i form av ei årsforteljing. Denne er laga med utgangspunkt i bispedømmerådet sine egne behov og ønskjer. Der den tidlegare årsrapporten mest var retta mot kyrkjeinterne målgruppe, er årsforteljinga tenkt å ha ein breiare appell.

Konkrete tal og enkle forteljingar har vore viktige å få fram, for å kunne vise kva Den norske kyrkja i Møre betyr som samfunnsaktør. Det vil syne at folkekyrkja framleis står sterkt i fylket. Årsforteljinga skal femne bispedømmet sin aktivitet på ein kortfatta, lettlesleeg og lett tilgjengeleg måte. Grafisk er det lagd vekt på hyppig bruk av bilete og luft på sidene. Dette dokumentet skal kunne brukast både som oppslagsverk for tilsette og andre interessantar, og talarstol, med ferdige tal og statistikkar som kan seljast inn til politikarar og/eller journalistar.

Årsforteljinga er i to delar. Del I er Årsforteljing 2023 og del II er eit statistikkvedlegg.

Årsforteljing 2023 inneheld:

- I. Ei utgreiing frå leiar (ved biskop og leiar av bispedømmerådet)
- II. Ein introduksjon av bispedømmet sine handlingar, medlemstal og aktivitetar i form av tal frå statistikkvedlegget.
- III. Tekstlege utgreiingar om bispedømmet sine handlingar og aktivitetar, der overskriftene følgjer visjonsdokumentet for Den norske kyrkja (Kyrkja opnar rom for tru, Kyrkja er der livet vert levd og Kyrkja er meir for fleire).

I statistikkvedlegget finn ein relevant statistikk om kyrkjelege handlingar og gudstenesteliv, kunst og kultur, sosiale media, trusopplæring, diakoni og frivilligheit. Her er og korte analyser av statistikken som blir presentert.

Statistikkgrunnlaget er hovudsakleg henta frå Kyrkja i tal og Kyrkjerådet sin indikatorrapport, som igjen er basert på kyrkjelydane sin årsstatistikk, medlemsregisteret, planverktøy for trusopplæring og frå SSB.


Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tar Årsforteljinga 2023 til vitande.

Hovudtal frå Møre bispedømme


Dåp

| | | |
|----------------------------------|-----------------------|-----------------------------------|
| Antall fødte | Antall dåpshandlinger | Dåpshandlinger som andel av fødte |
| 2 322 | 1 707 | 73,5 % |
| Antall dåpshandlinger siste 1 år | | Antall dåpshandlinger siste 5 år |
| -8,52 % | | -9,92 % |




Konfirmasjon

| | | | |
|---------------------|---------------------------|-------------------------------|-------------------------------|
| Antall 15-åringer | Antall 15-årige medlemmer | 15-årige medlemmer siste 1 år | 15-årige medlemmer siste 5 år |
| 3 405 | 2 559 | -2,59 % | -5,12 % |
| Antall konfirmanter | Konfirmanter siste 1 år | Konfirmanter siste 5 år | |
| 2 306 | -3,15 % | -6,90 % | |




Vigslar

| |
|----------------------------|
| Antall vigslar |
| 350 |
| Endring vigslar siste 1 år |
| -12,3 % |
| Endring vigslar siste 5 år |
| -13,4 % |



Gravferd


| | |
|---|--------------------------------------|
| Antall døde i soknet | Gravferd for soknets befolkning |
| 2 325 | 2 162 |
| Gravferd for soknets befolkning forettet i soknets kirke(r) | Prosentandel gravferd av antall døde |
| 1 944 | 93,0 % |




Gudstenester




Kyrkjeleg undervisning



Frivillige



Konsertar og kulturarrangement



Om gudstenesteliv og kyrkjelege handlingar

Tal gudstenester og gudstenestedeltaking, sun- og heilagdagar

| Møre | Gudst. | | Deltakarar | | Møre g-snitt | Land et g-snitt | |
|-------------|--------------|-------------|---------------|---------------|--------------|-----------------|------------|
| | Sun og h.dag | Alle dagar | Sun og h.dag | Alle dagar | | Sun og h.dag | Alle dagar |
| 2019 | 2862 | 3659 | 265699 | 350341 | 93 | 96 | 87 |
| 2020 | 2356 | 3040 | 127841 | 163250 | 54 | 54 | 49 |
| 2021 | 2677 | 3194 | 134801 | 170196 | 50 | 54 | 46 |
| 2022 | 2699 | 3389 | 195249 | 270703 | 72 | 80 | 73 |
| 2023 | 2697 | 3464 | 219799 | 304393 | 81 | 88 | 77 |

Kjelde: Kyrkjelydane sin årsstatistikk

Analyse

På veg til tida før pandemien

Talet på gudstenester har halde seg ganske stabilt dei siste åra, Unnataket er 2019, då kyrkjene var stengde i lengre periodar.

Ei interessant utvikling dei siste året er at talet på andre gudstenester (gudst. utanom sundagar og heilagdagar) har auka og nærmar seg nivået før pandemien.

Med omsyn til deltaking kan vi sjå same tendensen. Deltakartalet veks og kvar gudsteneste i Møre har i gjennomsnitt 88 deltakarar. Samanlikna med landet er gjennomsnitt deltaking i Møre høgare og talet har ei betre utvikling/større auke enn landet sett under eitt. Når ein tar omsyn til at det er mange små sokn i Møre, så er det kjekt å sjå at gjennomsnitt deltakartal er høgare i Møre enn mange meir folkerike sokn andre stader i landet.

Deltaking og gudstenestefrekvens, prostiet

| Prosti | Tal sokn | Medl | Tal gudst. sun- og helg | Tal delt sun- og helg | Gudst. frek. sun og helg | Tal gudst. alle | Delt gudst. alle | Guds-teneste-frekv. alle |
|-------------------|-----------|--------------------------|-------------------------|-------------------------------------|--------------------------|-----------------------|--------------------------|--------------------------|
| 2022/ 2023 | | | | | | | | |
| Domprostiet | 15 | 38133/ | 492/ 529 | 34690 / 42391 | 0,55/ 0,59 | 589/ 643 | 45824/ 54198 | 0,65/ 0,71 |
| Ytre Nordmøre | 12 | 26714/ | 348/ 335 | 21970 / 22076 | 0,48/ 0,47 | 397/ 449 | 27788/ 33259 | 0,55/ 0,62 |
| Indre Nordmøre | 13 | 15046/ | 279/ 270 | 18393 / 16431 | 0,35/ 0,35 | 318/ 312 | 21411/ 20054 | 0,41/ 0,40 |
| Indre Romsdal | 11 | 11064/ | 183/ 165 | 10449 / 9592 | 0,28/ 0,25 | 246/ 192 | 15755/ 13281 | 0,37/ 0,29 |
| Nordre Sunnmøre | 24 | 72009 7/ | 851/ 864 | 63479 / 82340 | 0,59/ 0,60 | 1103/ 1139 | 94249/ 115794 | 0,76/ 0,79 |
| Søre Sunnmøre | 20 | 38492/ | 592/ 534 | 48256 / 46969 | 0,49/ 0,45 | 736 / 729 | 65676/ 67807 | 0,61/ 0,61 |
| Møre Total | 95 | 20145 8 / | 2745/ 2697 | 19723 7/ 21979 9 | 0,48 / 0,47 | 3389/ 3464 | 27070/ 304393 | 0,59/ 0,61 |

Kjelde: Kyrkjelydane sin årsstatistikk

Gudstenestefrekvensen er utrekna slik: Tal gudstenester delt på tal sokn i bispedømme/prosti. Igjen dividert på 60 gudstenester (som er norm pr. år for talet på gudst. på sun- og helgedagar).

Analyse

Bryt vi talet på gudstenester og gudstenestedeltaking ned på prostinivå og ser på endringar dei to siste åra, ser vi at det er ei positiv utvikling i by-prostia. I både Ytre Nordmøre, Domprostiet og Nordre Sunnmøre prosti aukar gudstenestedeltakinga. Auken gjeld både på gudstenester på sun – og helgedagar og på andre gudstenester. Søre Sunnmøre prosti merkar seg ut med at tallet på gudstenester er redusert på sun- og helgedagar, medan talet på andre gudstenester aukar slik at totalt deltakarall har svak auke.

Statistikken viser negativ utvikling i dei minste og mest rurale prostia, Indre Nordmøre og Indre Romsdal.

For Indre Romsdal har talet på gudstenester blitt redusert, slik at gudstenestefrekvensen, som før vår lågast i landet, no er endå lågare. (0,25 og 0,29)

Indre Nordmøre prosti held oppe gudstenestefrekvens, men vi ser at deltakartalet, særleg i dei ordinære gudstenestene på sun- og helgedagar har nedgang.

Tal vigslar

| Møre | Tal vigslar totalt | Tal kyrkjeleg vigsel | Deltakarar kyrkjeleg vigsel | SS prosti | NS Prost | Dom Prostiet | IR Prost | IN prosti | YN prosti |
|-------------|--------------------|----------------------|-----------------------------|-----------|------------|--------------|-----------|-----------|-----------|
| 2019 | 855 | 367 | 27238 | | | | | | |
| 2021 | - | 260 | 10965 | | | | | | |
| 2022 | | 395 | 24796 | | | | | | |
| 2023 | | 349 | 21144 | 83 | 135 | 51 | 15 | 30 | 35 |

Kjelde: Kyrkjelydane sin årsstatistikk

Analyse

Totaltallet på vigslar går noko ned frå fjoråret. Dei mest kjente vigselskyrkjene held posisjonen sin og framleis er det Borgund kyrkje som har flest vigslar i bispedømmet (34). Deretter følgjer Ålesund kyrkje (22). Det er verdt å merke seg at på 3.plass kjem Ulstein (17). Soknet har hatt fokus på drop-in vigsel og arbeidd målretta for å auke vigseltallet. Det er fint å sjå at arbeidet fører til gode resultat.

Den vidare rekkefølga er Giske (14), Domkirka (12), Kristiansund (11), Ørsta (11) og Øye og Ranes (8)

Tal gravferder

| Møre | Døde totalt | Tal døde medlemmer | Tal gravferd | Deltakrar kyrkjeleg gravferd | SS prosti | NS Prost | Dom Prostiet | IR Prost | IN prosti | YN prosti |
|-------------|-------------|--------------------|--------------|------------------------------|------------|------------|--------------|-----------|------------|------------|
| 2019 | 2289 | 2049 | 2122 | | | | | | | |
| 2020 | 2180 | 1935 | 1981 | | | | | | | |
| 2021 | 2331 | 2060 | 2199 | | | | | | | |
| 2022 | 2448 | 2210 | 2178 | 187793 | | | | | | |
| 2023 | 2335 | | 2035 | 218191 | 396 | 739 | 427 | 95 | 178 | 200 |

Kjelde: SSB og kyrkjelydane sin årsstatistikk

Analyse

Talet på gravferdet er stabilt. Bispedømmet ser ut til å halde 1.posisjonen mellom bispedømmen med omsyn til at ein svært høg prosent av kyrkjemedlemmene som dør ynskjer kyrkjeleg gravferd.

Legg ein prosti-blikk på tala, ser ein at godt over halvparten av gravferdene skjer i Sunnmørsprostia.

Tal kunst og kultur

Tabell: Konsertar og andre kulturarrangement (SSB)

| | Konsertar | | | | Andre kulturarrangement | | | |
|-------------|-----------------------|------------|-----------------|------------|-------------------------|------------|-----------------|------------|
| | I regi av kyrkjelyden | | I regi av andre | | I regi av kyrkjelyden | | I regi av andre | |
| | Tal | Deltakarar | Tal | Deltakarar | Tal | Deltakarar | Tal | Deltakarar |
| 2019 | 364 | 42 244 | 276 | 48 984 | 69 | 5 725 | 19 | 1 975 |
| 2020 | 175 | 8 894 | 112 | 7 611 | 75 | 1 748 | 21 | 933 |
| 2021 | 187 | 10 800 | 133 | 14 783 | 59 | 4 134 | 15 | 887 |
| 2022 | 348 | 24 540 | 249 | 37 261 | 110 | 6 102 | 63 | 9 508 |
| 2023 | 338 | 30 465 | 304 | 48 122 | 117 | 9 150 | 66 | 3 508 |

Tabell: Konsertar og andre kulturarrangement (SSB) – deltakarar og endring i prosent

| | Totalt tal konsertar og kulturarrangement | | | | | Deltakarar konsertar og kulturarrangement | | | | |
|--|---|------|------|------|------|---|--------|--------|--------|--------|
| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
| | 728 | 383 | 394 | 770 | 825 | 99461 | 19 186 | 30 604 | 77 411 | 91 245 |

Tal på deltakarar konsertar/ kulturarr.

| Prosent endring 2022-2023 | Prosent endring 2019-2023 |
|---------------------------|---------------------------|
| 18% | -8% |

Tal på konsertar/ kulturarr.

| Prosent endring 2022-2023 | Prosent endring 2019-2023 |
|---------------------------|---------------------------|
| 7% | 13% |

Tabell korverksemd (SSB) – tal på korgrupper og medlemmer

| | Korgrupper barn | Korgrupper vaksne | Medlemmer barnekor | Medlemmer vaksenkor |
|------|-----------------|-------------------|--------------------|---------------------|
| 2019 | 63 | 43 | 1423 | 799 |
| 2022 | 45 | 31 | 913 | 538 |
| 2023 | 55 | 33 | 1104 | 571 |

Analyse

Frå 2022 til 2023 auka tal på deltakarar på konsertar og kulturarrangement med 18%, frå 77 411 til 91 245. Talet på arrangement auka med 7%, frå 770 i 2022 til 825 i 2023. Ser ein på tala frå 2019 låg samla besøkstal frå konsertar og kulturarrangement i kyrkjene i Møre på 99 461. Frå 2019 til 2023 er det ein nedgang i samla deltakartal på 8%. Dette er i tråd med tal frå kulturlivet elles. Det kan være ulike årsaker til dette, som endra vanar, dyrtid og krevjande personleg økonomi for mange.

Tal på konsertar og kulturarrangement auka med 7% frå 2022 til 2023. Frå 2019 er auken i talet på arrangement på 13%

Ser ein på gjennomsnittleg deltakartal pr konsert, var det i 2019 på 143, medan det i 2023 var på 111. For konsertar i regi av kyrkjelyden viser statistikken eit gjennomsnittleg deltakartal på 116 i 2019, medan det i 2023 var på 90, ein nedgang på 22%. Dette er ei utfordring for kyrkja som kulturarrangør, i og med at det meste av inntektene for konsertverksemda kjem frå billettsal. Gjennom ordninga med vekstmiddel, ga Møre bispedømmeråd økonomisk støtte til i alt 31 ulike konsert- og kulturtiltak i 2023.

Korarbeidet i kyrkjelydane har vore sterkt prega gjennom pandemien. Det har difor vore ei viktig oppgåve å styrkje dette arbeidet når samfunnet opna opp igjen. Då er det gledeleg å sjå at tal på korgrupper og medlemmer viser ei auke. Frå 2022 til 2023 er tal på medlemmer i kor auka med 15%.

Fleire opne kyrkjer

Tabell: Opne kyrkjer

| Tal sokn med open kyrkje | | | | | | Totalt tal dagar med open kyrkje | | | | | |
|--------------------------|------|------|------|------|-----------------------------|----------------------------------|-------|-------|------|------|-----------------------------|
| 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | Endring i prosent 2022-2023 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | Endring i prosent 2022-2023 |
| 39 | 45 | 48 | 43 | 42 | -2% | 2058 | 1 816 | 1 395 | 1552 | 1615 | 4% |

Tabellen viser at tal på sokn med open kyrkje, og talet på dagar med open kyrkje er stabilt, med ein liten nedgang i sokn med open kyrkje, og ein liten oppgang i totalt tal på dagar med open kyrkje. I arbeidet med å vidareutvikle pilegrimsarbeidet i bispedømet, er tilgang til opne kyrkjer ei av dei store utfordringane.

Kyrkjebyggforvaltning

Biskopen har som godkjenningsorgan for kyrkjebyggsaker i løpet av 2023 behandla ca. 50 søknader knytte til endringar i og på kyrkje, kyrkjeleg inventar og utstyr samt liturgiske tekstil. Alle søknader blir behandla etter Kyrkjeordninga, med tilgrensande forskrifter og bestemmingar. I tillegg til søknadsbehandling har biskopen ein rådgjevningsfunksjon innanfor eit breitt område knytt til kyrkjebygg og kyrkjestader, kyrkja sitt inventar og utstyr og kyrkjetekstil.

Gjennom desse ordningane er biskopens breie og heilskaplege faglege ansvar på kyrkjebyggfeltet vidareført og styrkt. Mellom dei 120 kyrkjene i Møre er det ti totalfreda kyrkjer. Om lag halvparten av kyrkjene er listeførte av Riksantikvaren som særleg verdifulle i eit kulturverneperspektiv. Gjennom arbeidsåret representerer dette ei kompleks forvaltning, som inkluderer saksbehandling, synfaringar, rådgiving og dialog med mange interessepartar. Biskopen ser at fagfeltet krev eit tett samarbeid med kyrkjerådet, sokneråd/fellesråd, kommunar og nasjonalt og regionalt vernemynde, for å tryggje og utvikle kyrkjebyggforvaltninga.

Kyrkjemøtet 2023 si sak *Likeverdig tilgjengelighet og tilhørighet – universell utforming av og i kirken* synleggjer barrierane funksjonshemma møter i Den norske kyrkja og peikar på utfordringar. Dette handlar m.a. om å fjerne både fysiske barrierer og ikkje-fysiske barrierer i alt arbeid i kyrkja.

For kyrkjebygga er det eit vedvarande viktig tiltak å gjere kyrkjene fysisk tilgjengelege og tilpassa bruk for flest mogeleg. Like eins er det ei målsetting at alle kyrkjelydshus og alle kyrkjekontor har UU-standard. Dette blir det arbeidd med i mange sokn. Ved mange kyrkjer og kyrkjelydshus er det over år gjennomført tiltak for å auke UU-faktoren. Likevel kan det i eit kort perspektiv vere utfordrande å realisere fullt ut fysiske tiltak knytt til UU, ettersom dei 120 kyrkjene i Møre høyrer til i eit vidt tidsspenn med skiftande arkitektur, planløyisingar og tilgjenge. Mange kyrkjer er dessutan underlagte eit vern, som kan gjere det teknisk og økonomisk utfordrande å etablere gode UU-løysingar samtidig som ein skal ta i vare kulturminnet. I kyrkjene i bispedømet blir det kvar dag arbeidd med å finne kvalitative løysingar for dette. Organisasjonar som representerer menneske med ulike funksjonshemmingar blir trekt inn som høyringspartar i samband med UU-tiltak i kyrkjene. Som sentral økonomisk bidragsytar for kyrkjebygg, og nokre gonger tilretteleggjar av kyrkjekontor, er kommunen ein sentral medspelar for å få verkeleggjort målsettingane.

Planlegginga av det omfattande nasjonale bevaringsprogrammet for kulturhistorisk verdfulle kyrkjebygg vart ført vidare i 2023, med mål om lansering i 2024. Møre bispedøme har vore involvert gjennom drøftingar og samrådsmøte. Departementet la våren 2023 fram ei handlingsplan for storsatsinga.

Tal sosiale media


Kjelde: Meta Business Suite

1.

Rekkevidde


Facebook reach ⓘ

19 156 ↑ 55,4%



Instagram reach ⓘ

402 ↑ 157,7%




2.

Visits

Facebook visits ⓘ

6 005 ↑ 457,6%



Instagram profile visits ⓘ

177 ↑ 302,3%




3.

New likes and follows

Facebook Page new likes ⓘ

33 ↑ 65%




New Instagram followers ⓘ

16



4.

How often your business published versus others in this category




5.

Minutes viewed



1. jan 2023 - 31. des. 2023

905 Minutes viewed **937 Previous period**


Vurdering

Bilete 1: Dette viser den estimerte rekkevidda til all aktivitet på FB og Instagram. Postane på FB har nådd ut til knappe 20 000 FB-brukarar, noko som er ein oppgang på 55,4% frå året før. Den store auka kan forklarast med følgande enkle faktorar: auka aktivitet med fleire innlegg/postar, strategisk merking og tagging av postar, fleire reine biletepostar. Rekkevidda på Instagrampostane gjekk opp 157,7% frå året før. Det er eit høgt tal, som også her har med den auka aktiviteten å gjere, men tala på Instagram var lave i åra før. Derfor ser auka meir positiv ut enn den kanskje er. Det seier også at Instagramkontoen har potensiale til å nå ut til folk.

Bilete 2: Dette biletet viser "Visits", altså talet på gongar FB-sida til Møre bispedøme vart besøkt i løpet av 2023. Talet besøkande på vår FB-side har gått opp over 457% frå 2022, og for Instagram har det gått opp like over 300%. Den mest nærliggande forklaringa på dei valdsam positive tala er høgare publiseringsfrekvens, og betre tagging i postane. Dei store hendingane i løpet av året gjer også sitt, som kyrkjeval og jubileum.

Bilete 3: Dette viser 33 nye nettofølgjarar på FB og 16 nye på Instagram. Den generelle auka var høgare i 2022, men då var det også fleire som slutta å følge Møre bispedøme på FB. T.d. ga julekalenderen i 2022 mange nye følgjarar, men fleire valgte også å avfølge. Netto er auka på 65 % i 2023. Merk at dette er kun organisk auke, altså ingen betalte postar.

Bilete 4: Dette biletet viser snittpublisering blant "liknande organisasjonar og bedrifter". Dei som publiserer aller mest ligg på 27, medan Møre bispedøme ligg på 26. 75% av liknande organisasjonar publiserer mindre enn Møre. Altså har bispedømet ein høg publiseringfrekvens samanlikna med "likande organisasjonar og bedrifter".

Bilete 5: Talet på minutt videovisning går ned 35 minutt mot året før. Ei enkel forklaring kan vere at færre videoar, eller kortare videoar, vart publiserte i 2023.

Anna

Per dags dato er det ingen måte å måle bruk av Skjer i kyrkja i Møre. Nasjonalt er det opplyst om at det har vore 370 000 sidevisningar så langt i 2024, og 60 000 besøkande. Det går jamt og trutt oppover over heile landet.

Når det gjeld statistikk for kyrkja.no (heimesida) har vi heller ingen tal etter at kyrkja nasjonalt gjekk vekk i frå Google Analytics. Men der jobbast det med ei løysning, og ein prøveversjon av innehenting av tal er blitt omtala. Om ikkje i år, er det venta at vi får ein måte å hente inn tal på til neste år.

Trusopplæring

| Prosent oppslutning på utvalde tiltak | | | | | | | | | |
|---------------------------------------|-------|--------------|-----------|-------|------------|-----------|--------------|--------------------|-------------------|
| ÅR | | Dåps-samtale | 4-års bok | 6 år | Tårn-agent | Lys Vaken | Konfirmasjon | Etter Konfirmasjon | TOTALT oppslutnad |
| | | Dåps-samtale | 4-års bok | 6år | Tårn-agent | Lys-vaken | Konfirmasjon | Etter konfirmasjon | Tot. oppslutn |
| 2021 | Møre | 93% | 53% | 36% | 40% | 29% | 89% | 17% | 57% |
| | Nasj. | 100% | 38% | 28% | 25% | 19% | 79% | 10% | 44% |
| 2022 | Møre | 95% | 47% | 35% | 39% | 35% | 91% | 24% | 57% |
| | Nasj. | 96,8% | 36% | 25,4% | 23% | 17,9% | 79,2% | 10,3% | 41,8% |
| 2023 | Møre | 97% | 50% | 39% | 25% | 26% | 88% | 13% | 53% |
| | Nasj | 95,6% | 35,6% | 26% | 21,3% | 17,7% | 73,8% | 10% | 41,5% |
| Diff. 22 - 23 | Møre | + 2% | +3% | +4% | -14% | -9% | -3% | -11% | -4% |
| | Nasj. | -1,2% | -0,4% | +0,6% | -1,7% | -0,2% | -5,4% | -0,3% | -0,3% |

Analyse


Vi har ei stabil oppslutning om trusopplæringstiltaka generelt og ei auke i deltakara i dei landsdekkande breddetiltaka under skulealder. Dette syner at det vert jobba godt og at der er gode relasjonsbyggjande fellesskap.

Dei rapportere tala syner og at oppslutnaden, ikkje overraskande, i dei bynære kyrkjelydane er lågare, særleg er dette gjeldande frå åtte års alderen og oppover. Kva som er årsaka, er nok avhengig av fleire faktorar mellom anna konkurrerande arrangement og tilbod, men også utfordringar med sjukefråvær og rekruttering av tilsette lokalt i fellesråda. Her vert det viktig og arbeide langs fleire aksar. Eit grep kan vere å forsterke og foredle kyrkja sin eigenart. Bibelforteljingane er slitesterke og saman med truspraksis og dei historiske og kulturelle linjene våre kan vi saman byggje ei sterk og levande kyrkje for framtida.

Vi ser også at dei som klarar å ha eit trusopplæringstilbod som forsterkar skulen sine læringsmål samt har eit auka fokus på skule – kyrkje samarbeide, lukkast betre med oppslutnaden til trusopplæringstiltaka dei tilbyr barna i skulealder. Dette bør ein lokalt tenkje strategisk rundt da det for mange er både eit ressurs – og kapasitetsspørsmål.

Kanskje er tida komen til å i aukande grad tenkje samarbeid på tvers av sokn og fellestrådsgrenser, tverrfagleg samarbeid og ei orientering mot meir organisk frivilligheit. Dette forsterkar viktigheita av gode målsatte tiltaksbeskrivingar som istandgjør tilsette og frivillige til å gjennomføre planlagde tiltak.

Vi har siste året forsterka rekrutteringsarbeidet mellom dei to arbeidsgjevarlinjene våre, både overfor dei som står i startgropa til sitt utdanningsløp, overfor dei som ferdige og dei som kan tenkje seg ein «second carrier». Ved å ha eit bevisst fokus på innhald og moglegheiter i dei ulike stillingsressursane vil kunne vise eit mangfald og mogleg lokke til utdanning og tilsetjing.




Tabellen ovanfor, «Øvrige tiltak», viser ei tydeleg auke i nettopp «Øvrige tiltak». Dette er tiltak som er kontinuerlege, det vil seie tiltak som samlar born og unge vekevis/månadsvis over lengre tid – eitt år eller meir. Det jobbast godt i kyrkjelydane og dei møter mange born/unge i lokalsamfunnet.

Konfirmasjon – prosentdel konfirmerte

| BD | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|-------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Agder og Telemark | 81 % | 78 % | 83 % | 81 % | 79 % |
| Bjørgvin | 87 % | 86 % | 86 % | 84 % | 83 % |
| Borg | 76 % | 75 % | 71 % | 73 % | 73 % |
| Hamar | 80 % | 80 % | 79 % | 81 % | 81 % |
| Møre | 91 % | 91 % | 89 % | 91 % | 88 % |
| Nidaros | 82 % | 84 % | 81 % | 83 % | 80 % |
| Nord-Hålogaland | 78 % | 76 % | 78 % | 79 % | 78 % |
| Oslo | 71 % | 67 % | 70 % | 71 % | 67 % |
| Stavanger | 85 % | 86 % | 84 % | 83 % | 83 % |
| Sør-Hålogaland | 85 % | 82 % | 81 % | 81 % | 73 % |
| Tunsberg | 76 % | 73 % | 72 % | 72 % | 67 % |
| | | | | | |
| Landet | 81 % | 80 % | 79 % | 79 % | 78 % |

Dåpstal Møre bispedøme



Diakoni

Det er ikkje lett å måle diakoni i tall, og innrapporteringa legg heller ikkje så mykje til rette for å måle kva som skjer på det diakonale feltet. Dette er ein frustrasjon kvart år, men samtidig er kanskje heller ikkje diakoni noko som alltid kan eller skal målast.

Diakonal betening

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|-------------------------------|------|------|------|------|
| Tal sokn med diakon | 44 | 53 | 53 | 56 |
| Tal sokn med plan for diakoni | 61 | 64 | 62 | 59 |

Kjelde: Kyrkjelydane sin årsstatistikk

Desse tala held seg stabile med nokre variasjonar. I nokre tilfelle dreier variasjonane seg om feiltellingar eller endringar i soknegrensar. Det er positivt at vi ser ei auka merksemd og veking av diakonalt arbeid, både i rettssubjektet og i samfunnet. Dette viser seg i ei jamn auke av diakonstillingar dei siste åra, i tillegg til midlar til diakonale prosjekter. Her i bispedømmet ser vi at det er mange sokn som ønsker seg diakon, men manglar finansieringa. I Storfjorden kyrkjelege fellesråd blei det oppretta ny diakonstilling sommaren 2023 etter tilbakeføring av tilskotet frå eit anna fellesråd og iherdig arbeid for lokal finansiering.

Men det er som før ei utfordring at fleire stillingar står tomme på grunn av vanskar med å rekruttere. Det er fleire som endar med å tilsetje ukvalifiserte i stilling fordi det ikkje er mogleg å få tak i utdanna diakonar. I tillegg har vi sett at nokre diakonar vel å gå over i andre kyrkjelege stillingar, helst prestestillingar. Det er nødvendig å gjere grep i rekrutteringsarbeidet på linje med rekruttering til prestestillingar, som betre tilrettelegging for å ta utdanning parallelt med jobb. I tillegg kan eit auka fokus på kompetanseheving og etterutdanning gjere det meir attraktivt å bli verande i diakonstillinga.

Felleskap og sjelesorg

| År | Sokn med besøksteneste | Besøk utført av besøkstenesta | Sjelesorgsamtalar |
|------|------------------------|-------------------------------|-------------------|
| 2019 | 32 | 1 449 | 1 652 |
| 2020 | 34 | 1 686 | 1 794 |
| 2021 | 28 | 1 314 | 2 274 |
| 2022 | 32 | 1 756 | 2 216 |
| 2023 | 37 | 1 132 | 1 735 |

Kjelde: Indikatorrapporten

| År | Sokn med babysong | Tal på eldretreff | Arrangerte turar | Sokn med tilbod retta mot menneske med funksjonshemningar |
|------|-------------------|-------------------|------------------|---|
| 2019 | 43 | 198 | 25 | 26 |
| 2020 | 45 | 57 | 4 | 21 |
| 2021 | 45 | 103 | 6 | 23 |
| 2022 | 58 | 126 | 26 | 29 |
| 2023 | 57 | 162 | 29 | 26 |

Kjelde: Indikatorrapporten

Vurdering

Det er verdt å merke at det er ei auke i talet på sokn med besøksteneste samtidig som talet på besøk har gått ned. I pandemiåra ser vi at det blei gjennomført fleire besøk både 2020 og 2022, mens i 2023 var det et markant fall. Talet på sjelesorgsamtalar er generelt aukande, og pandemiåra skil seg positivt ut med ei tydeleg auke i samtalar. Men også her er fallet i 2023 markant.

Det kan tenkast at samfunnsproblemet einsemnd på mange måtar blei meir synleg for oss under pandemien. Alle kjente på frustrasjonen over å ikkje kunne møtast – og kanskje opna det for ei større forståing for dei som er einsame og utestengt frå fellesskapet. Når vi i 2023 var tilbake til ein tilnærma normal kvardag og i gang med arrangement og aktivitetar, slik vi ser av auka i nær alle gjennomførte aktivitetar – gløymde vi det vekk? Eller blei det rett og slett ikkje tid til å prioritere enkeltsamtalane?

Vi må erkjenne at enkeltsamtalar og heimebesøk er ei ineffektiv arbeidsform – det er tidssparande å kunne samle fleire menneske til same arrangement framfor å skulle møte alle desse menneska enkeltvis. Vi ønsker vel kanskje og at menneske skal finne seg ein plass i eit større fellesskap. Men det utelèt nokon, og det kan hindre den tette oppfølginga nokon treng. Dette utfordrar oss til å tenke strategisk i det diakonale arbeidet. Korleis kan diakonen legge til rette for at også dei som ikkje møter opp på arrangement får del i fellesskapet, og at dei som treng samtale får det – utan at diakonen forstrekk seg heilt? Her er frivilligheit ein viktig nøkkel.

Frivilligheit

Tal på frivillige i ulike typar kyrkjeleg arbeid:

| År | Guds-tenester | Ungdoms-arbeid | Barnearbeid | Diakonalt arbeid | Kultur og konsert | Komité og utvalg | Anna arbeid | Opplærings- og motivasjons-samlingar |
|------|---------------|----------------|-------------|------------------|-------------------|------------------|-------------|--------------------------------------|
| 2019 | 3126 | 1343 | 1390 | 1359 | 1607 | 1450 | 754 | 60 |
| 2020 | 2273 | 947 | 791 | 813 | 874 | 1281 | 707 | 26 |
| 2021 | 2433 | 797 | 775 | 875 | 1058 | 1208 | 588 | 84 |
| 2022 | 2555 | 942 | 811 | 961 | 1054 | 1166 | 793 | 54 |
| 2023 | 2866 | 934 | 781 | 1044 | 1142 | 1205 | 639 | 51 |

Kjelde: Indikatorrapporten.

Vurdering

Det er positivt å sjå ei jamn auke av frivillige i kyrkjeleg arbeid dei siste tre åra etter eit drastisk fall i 2020. Det er nærliggande å tenke at mange brukte pandemien som moglegheit til å gi slipp på et årelangt engasjement i frivillig teneste i soknet. No er det rom for nye frivillige og nye engasjement, men det tek tid å bygge opp igjen.

Sjølv om det er mange som er involvert i frivillig teneste i kyrkja, ser vi og at det ligg eit stort unyttta potensiale her – talet på frivillige utgjer berre ein liten del av det totale talet på medlemmar i Den norske kyrkja i Møre bispedømme. Det er behov for gode strategiar og meir kunnskap om korleis rekruttere og utvikle frivillige.

Diakonalt arbeid er eit felt som engasjerer, og i møte med eit utfordrande verdsbilette er engasjement for medmenneske med på å gi håp og framtidstru. Det er viktig at kyrkja er med på å gi menneske moglegheita til å vere til stades for kvarandre gjennom frivillig engasjement.



Møre bispedømme 40 år
Årsforteljing
2023



DEN NORSKE KYRKJA
Møre bispedømme



Biskop
Ingeborg Midttømme



Leiar Møre bispedømeråd
Arnt Ove Tenfjord

Eit ungt bispedøme med djupe historiske røter

I 2023 feira Møre bispedøme 40 år. Møre bispedøme er yngst av bispedømma i Den norske kyrkja, men grunnlaget og åndsarven i dette bispedømet høyrer til dei eldste og viktigaste røtene for kristen tru i Noreg.

Ei historie vi som kyrkje vil formidle til nye generasjonar gjennom kyrkjeleg undervisning og læring. Kyrkja vil gi viktige bidrag til skulen sine læringsmål og samtidig auke kunnskapen om dei kristne fortellingane, hogtidene, kyrkjebygget sin historie, utsmykking av kyrkjerommet, formidling av salmeskatten og pilegrimsvandring.

Møre bispedøme har 97 kyrkjelydar. I bygdar og byar i heile Møre og Romsdal er kyrkja til stades. Synleg i form av 120 kyrkjebygg, ei rekke gravplassar, kapell og seremonirom. Synleg i form av gudstenester, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Kyrkjene er og ein viktig kulturarena med meir enn 100.000 deltakarar.

Det er ønskeleg å synleggjere kvardagskyrkja meir. Kyrkja er også babysang, omsorg for dei som fell utanfor, for menneske i sorg eller med psykiske utfordringar og dei som slit med einsemd.

Medlemsundersøkinga for kyrkja i Møre og Romsdal viser at kyrkja står sterkt og er noko som folk hegnar om og sluttar opp om.

Kyrkja er ein stor organisasjon i sivilsamfunnet som har ressursar i lokalsamfunn i heile Møre og Romsdal. Både stat og kommune kan gjere seg nytte av kyrkja i høve til å møte utfordringar. Kyrkja er òg ein viktig aktør i arbeidet med beredskap og sikkerheit, i møte med kriser for den enkelte, til katastrofer som rammar verksemdar eller heile lokalsamfunn. Også i den tryggleikspolitiske situasjonen vil kyrkja spele ei rolle.




Kyrkja ønskjer eit aktivt samarbeid med organisasjonar som arbeider med misjon, diakoni og barn- og unge. Vi meiner vi kan bidra til å bli meir for fleir når vi samarbeider med andre kristna trussamfunn lokalt og når vi skapar dialogarenaer på tvers av tru og livssyn.

”Kyrkja i Møre og Romsdal står sterkt, og folk hegnar om ho”

Til slutt: Kyrkja er meir enn kyrkjebygg og gravplassar. Folkekyrka i Møre og Romsdal er til stades med kompetente tilsette, engasjerte medlemmer av sokneråd, fellesråd og bispedømeråd og frivillege som står på til beste for kyrkja og lokalsamfunna!

Meir himmel på jorda

Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, friedom og von i Jesus Kristus.

| Strategi for Den norske kyrkja for 2022–2029 | Kyrkja opnar rom for tru | Kyrkja er der livet vart levd | Kyrkja er meir for fleira |
|---|--|---|---|
|  Kyrkja for den enkelte | Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet | Styrkjer kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar | Gjev tilhøyrse og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt |
|  Kyrkja i samfunnet | Fremjar verdier som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle | Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt | Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på |
|  Kyrkja som organisasjon | Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje | Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjefamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar | Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena |



 DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Møre i tal

Tre av fire innbyggjarar i Møre og Romsdal er medlemmer i Den norske kyrkja. Til saman om lag 200.000 menneske.

På kvart eit nes og i kvar ein fjord er det ein kyrkjestad og og ein kyrkjelyd.

Dei store og viktige stundene i livet er omramma av kyrkja: dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Kvart år blir 1700 born døypte og 2300 ungdommar konfirmererte i kyrkjene i Møre.

Mange er aktive deltakarar i kyrkja, anten som tilsett eller i frivillig arbeid. Kyrkja i Møre har til saman 420 tilsette og nær 6000 frivillige.

Dei 120 kyrkjene i Møre er kyrkjelyden sin faste møtestad til gudstenester. Kvart år kjem nær 300.000 menneske i alle aldrar til gudsteneste i den lokale kyrkja her i bispedømet.

Kyrkja er også arena for ei stor mengd konsertar og kulturarrangement. Kvart år deltek nær 100.000 menneske på slike arrangement.

Tal medlemmar
199 919

73,9 % av innbyggjarane i
Møre og Romsdal



Kyrkja i Møre

Den norske kyrkja er ei landsdekkande folkekyrkje, delt inn i 11 bispedøme. Kwart bispedøme har sin eigen biskop, og eit valgt bispedømeråd, som representerer og leiar arbeidet i sitt område. Kwart bispedøme er delt inn i prosti, fellesråd og sokn.

MØRE BISPEDØME

Tal geografiske sokn: 95
 Tal fellesråd: 26
 Tal prosti: 6

Soknet er den grunnleggande eininga i Den norske kyrkja og den geografiske ramma om kyrkjeleden. Sokna varierer i geografisk utstrekning og tal medlemmar, men kvart sokn har minst éi kyrkje. **Soknerådet** blir valt mellom kyrkje medlemmane i soknet og har som grunnleggande oppgåve å vekkje og nære det kristelege livet i soknet.

Alle sokna innanfor ein kommune utgjer eitt **fellesrådsområde**. **Kyrkjeleg fellesråd** består av sokneråds medlemmar frå kvart sokneråd i kommunen, ein prost eller annan prest og kan i tillegg ha ein representant valt av kommunen. Fellesrådet har i hovudsak økonomiske og administrative oppgåver på vegner av sokna, og tek også i vare sokna sine interesser overfor kommunen. Kyrkjevevja er dagleg leiar i fellesrådet.

Prostiet er ei gamal kyrkjeleg inndeling, og i dag er prostiet primært tenestestedstrukt for prestane. Prosten leiar prestetene i prostiet, og prosten skal også samvirke med dei kyrkjelege råda i prostiet. Dei fleste prostia omfattar i dag fleire kyrkjelege fellesrådsområde. Nokre stader er det samanfall mellom prosti og fellesrådsområde, og nokre få fellesrådsområde har fleire prosti. 6



MOLDE DOMPROSTI

16 sokn
 3 fellesråd
 6 kyrkjer

NORDRE SUNNMØRE PROSTI

24 sokn
 5 fellesråd
 25 kyrkjer

SØRE SUNNMØRE PROSTI

20 sokn
 7 fellesråd
 20 kyrkjer

YTRE NORDMØRE PROSTI

12 sokn
 4 fellesråd
 16 kyrkjer

INDRE NORDMØRE PROSTI

13 sokn
 4 fellesråd

INDRE ROMSDAL PROSTI

11 sokn
 2 fellesråd
 14 kyrkjer





Tal konfirmerte 2023:
2 306

Tal på 15-årige medlemmar:
2 559
15-årige medlemmar siste år:
- 2,59%



Tal gravferder 2023:
2 162

92,4 % av døde
Gravferder i sokna sine kyrkjer:
1944



Tal vigslar 2023:
350

-12,3% frå 2022

Gudstenester i Møre

3 339

Ned frå 3 443 i 2022

Deltakarar gudstenestar

286 252

Opp frå 273 891 i 2022



Foto: Bo Mathisen



Foto: Bo Mathisen

Frivillege

5 762

Opp frå 5 625 i 2022

Tilsette totalt i bispedømmet

420

Konsertar og andre kulturarrangement

825

Deltakarar konsertar og andre kultur- arrangement

91 245


Faste preststillingar

75

Del tilsette kvinner i 2023: 64,7 %
Vigslingar i 2023:
5 prestar (4 kvinner, 1 mann)
2 diakonar (2 kvinner)



Foto: Bo Mathisen



Kyrkja opnar rom for tru

Den norske kyrkja i Møre vil opne rom for tru og forkynne evangeliet for menneske gjennom heile livet.

Kyrkja opnar rom for mange, gjennom aktivitetar med ulike former for nærvær i lokalsamfunn og storsamfunn.

Kyrkja opnar rom særleg knytt til viktige hendingar i livet, som dåp, ungdomstid, vigslar og gravferd.

Dåp

Dei fleste som søker opp Den norske kyrkja har starta ei livslang tilknytning gjennom dåpen. Derfor er dåpstalet avgjerande for kyrja. Eit fleirtal av medlemmane vel dåp for sine barn.

Dåpen gir grunnlag for å bli medlem av Den norske kyrkja – i den lokale kyrkjelyden – og i den verdensvide kyrkja.

I Medlemsundersøkinga for Møre bispedøme i 2023 oppgir 84% at dei ville valt kyrkjeleg dåp om det var aktuelt i dag.

I Møre bispedøme vart 1707 barn døypte i 2023, eller 72,9% av dei fødte.

Det er ønskeleg å ha ein lav terskel for å velje dåp. Ein del kyrkjelydar har drop-in-dåp, men det vanlegaste er framleis dåp i hovudgudstenesta søndag kl. 11. Ein annan måte å melde seg til dåp, er gjennom den nasjonale nettloysinga på skjerikyrkja.no



Konfirmasjon

Kyrkjeleg konfirmasjon har historisk sett stått sterkt i Møre bispedøme. I 2023 valde 90% av dei døypte ungdommane å konfirmere seg i kyrkja. Det vil seie 2306 av 2559 ungdommar. Her skil Møre seg ut med absolutt høgast oppslutning i landet.

Konfirmasjonstida er ei tid for kyrkjelydane til å bli kjende med breidda av alle 15-åringar.

Gjennom konfirmasjonen stadfestar Gud det som vart lova i dåpen – eg er med!

Kyrkja bidrar med noko som er annleis og større, noko som kan gje håp i ei krevjande tid og ei tru som ber. Kyrkja må vere tilgjengeleg for alle som ønskjer konfirmasjon. Det krev både praktisk innsats, kompetanse og ressursar for å legge til rette for ulike behov.

Gravferd

Gjennom kyrkjebygget, seremonien og musikken opnar gravferda rom for tru for dei etterlatne. Frå 1. januar 2021 blei det sett i gong teljing av dei som møter fram ved kyrkjeleg gravferd. Det er tradisjon i Møre og Romdal å ta del i gravferder. Det er viktig med nærleik og tryggleik i dei kyrkjelege gravferdene, frå den første kontakta etter dødsfallet, til gjennomføring og tilbod om oppfølging etter at gravferda er over. Kyrkjelege gravferder har mykje å seie for oppslutning om kyrkja.

Talet på gravferder er stabilt. Møre ligg øvst mellom bispedoma med omsyn til at ein svært høg prosent av kyrkjemedlemmane som døyr, ønskjer kyrkjeleg gravferd.

I 2023 var det 2335 døde totalt i bispedomet, og 2035 kyrkjelege gravferder.



Foto: Bo Mathisen



Vigslar

Det var 350 vigslar i kyrkjeleg regi i 2023. Totaltallet går noko ned frå fjoråret. Dei mest brukte vigslskyrkjene held posisjonen sin, og framleis er det Borgund kyrkje som har flest vigslar i bispedømet (34). Deretter følgjer Ålesund kyrkje (22). Det er verdt å merke seg at deretter følgjer Ulstein (17). Soknet har hatt fokus på drop-in vigsel og arbeid målretta for å auke vigselstallet. Det er fint å sjå at arbeidet fører til gode resultat.

Den vidare rekkefølga er Giske (14), Domkirka (12), Kristiansund (11), Ørsta (11) og Øye og Ranes sokn (8)

”Kyrkjeleg konfirmasjon har historisk sett stått sterkt i Møre. I 2023 valde 90% kyrkjeleg konfirmasjon”

Gudstenester

Gudstenesta i Den norske kyrkja er det sentrale rommet for tru. Gudstenester går tradisjonelt føre seg på son- og helgedag i kyrkja. Det er blitt meir vanleg å ha gudstenester også på kvardagar. Gudstenester blir også gjennomført i friluft, på museum eller i andre offentlege rom.

Gudstenester krev store ressursar frå tilsette og frivillige. Mange gudstenester nær ein aldersmessig breidde ved at konfirmantar eller barnekor deltek, eller gjennom å knyte seg til ein aktivitet i trusopp-læringa. Men det er også mange gudstenester



Foto: Ole Sylteba

som i all hovudsak treff kyrkjemedlemmar i beste-foreldre-generasjonen. Kyrkja si framtid blir avgjort i stor grad av yngre medlemmar: Ungdomar og unge vaksne gjer seg opp ei mening om kyrkja er aktuell for dem, og førstegongsforeldre avgjer om dei vil døype borna sine.

”Gudstenesta er det sentrale rommet for tru. Kwart år er nær 300.000 deltakarar til gudsteneste i kyrkja i Møre”

Samisk kyrkjeliv

Møre bispedøme er del av det sørsamiske området. Fleire stadnamn, særleg på Nordmøre, har truleg samisk opphav. Bispedømet ønskjer å utvikle kyrkjelege tradisjonar knytt til det samiske i gudstenester og markering av merkedagar.

Møre bispedøme arbeider saman med resten av Den norske kyrkja med rapporten frå Sannhets- og forskningskommissjonen. Eit e-læringskurs om sanning og forsoning frå Kyrkjeleg utdanningscenter blei lansert i 2023, og er tilgjengeleg for tilsette i bispedømmet og landet elles.

7 sokn i Møre bispedøme hadde gudstenester med samisk innslag i 2023. Det var totalt 68 gudstenester med samisk innslag i løpet av året.

Ei berande tru: – trusopplæring for born og unge i Den norske kyrkja

Kyrkjeleg undervisning og læring er tett knytt til kyrkja sitt oppdrag. Gjennom aktivitetar i alle kyrkjelydar i bispedømmet blir barn og unge kjent med kristen tru og tradisjon, kristen praksis, bibeltekster og salmar. Slik får dei reiskapar til eigen livstolkning og til å ta eit sjølvstendig val om å høyre til i Den norske kyrkja.

I Møre er det ei stabil høg oppslutning om dei tidsavgrensa trusopplærings tiltaka. Døme på slike tiltak kan vere utdeling av fireårsbok, Tårnagentar og Lys Vaken. Andre trusopplærings tiltak som samlar barn og unge regelmessig over lengre tid, mellom anna kor og klubb, viser også ei gledeleg auke i oppslutning. Dette syner at det blir jobba godt og at det er gode relasjonsbyggjande fellesskap rundt om i kyrkjelydane.



Foto: Bo Mathisen

Dei rapporterte tala i årsstatistikken for 2023 syner at dei bynære kyrkjelydane har noko mindre oppslutning om trusopplærings tiltak særleg frå åtte-årsalderen og oppover. Kva som er årsaka er nok avhengig av fleire faktorar, mellom anna konkurranse arrangement og tilbod, men også utfordringar med sjukefråvær og rekruttering av tilsette lokalt i fellesråda. Framover blir det viktig og arbeide langs fleire aksar.

Rekruttering- og kompetansehevande tiltak vil vere ei viktig prioritering. Eit anna grep er å forsterke og foredle kyrkja sin eigenart.

Kanskje er tida og komen for i aukande grad å tenkje samarbeid på tvers av sokn og fellesråds grenser, tverrfagleg samarbeid og ei orientering mot meir organisk frivillighet.

For å få dette til, er det mellom anna viktig med gode målformulerte tiltaksbeskrivingar som gjer tilsette og frivillige i stand til å gjennomføre planlagde tiltak.


Vi ser også at dei som klarar å ha eit trusopplærings-tilbod som forsterkar skulen sine læringsmål, samt har eit auka fokus på skule-kyrkje samarbeidet, lukkast betre med oppslutninga til trusopplærings tiltaka dei tilbyr barna i skulealder.

Bibelforteljingane er slitesterke, og saman med trus-praksis og dei historiske og kulturelle linjene kan vi saman byggje ei sterk og levande kyrkje for framtida.

2 773 barn og unge deltok på baby-/småbarnssong og søndagsskule i kyrkja sin regi i 2023



Foto: Bo Mathisen



Kyrkja er der livet vert levd

Den norske kyrkja er til stades i lokalsamfunn i heile Møre og Romsdal. Kyrkja møter menneske der dei er, og bidreg med kultur og kulturarv, tilhøyrsløse og identitet, sosialt arbeid og støtte til dei som strevar.

Den norske kyrkja er også ei misjonerande folkekyrkje som samarbeidar med aktørar over heile verda.

20



Foto: Kyrkerådet



Foto Yngve Lie

Pilegrim i Møre

Møre bispedome legg aktivt til rette for kyrkjelege aktivitetar i ramma av ei aukande pilegrimsverksemd. I Møre bispedome er det to godkjente pilegrimsleder; Kystpilegrimsleia og Valldalsleden. Regionalt pilegrimsenter på Smøla er no godt etablert, og bidrar til å styrke pilegrimsfeltet i bispedømmet.

Valldalsleden

Valldalsleden er ei led frå fjord til fjell, frå kyst til innland. Ei led i fotspora til Olav den Heilage. Då han rømte landet vinteren 1028-1029 drog han sine skip på land i Valldal og derfrå gjekk han over fjellet til Lesja og Dovre. Det er denne ruta Valldalsleden følgjer. Leden blei offisielt opna hausten 2015. Valldalsleden startar på bryggja i jordbærbbygda Valldal og går over til Dovre, der den møter Gudbrandsdalsleden.

Kystpilegrimsleia

Kystpilegrimsleia er ei spektakulær og vakker reise langs kysten med fjordar, øyar, holmar og skjær, som tek opp att og brukar mellomaldren si seglingsleia frå Rogaland til Trondheim. Leia blei offisielt opna av preses for Den norske kyrkja på Smøla i 2018. Langs heile kystleia finn vi kyrkjer og heilagstader, spor etter den tidlege kristninga av landet, kongsgardar og tingstadar, gamle handelsstadar og fyrstasjonar, i tett sameksistens med dagens kystsamfunn. Kyrkjelydane på dei seks nøkkelstadane langs Kystpilegrimsleia i Møre er involverte i dei lokale nøkkelstadgruppene, og deltek aktivt inn mot å vidareutvikle tilbodet til pilegrimmar på kvar nøkkelstad.



Konsertar og kulturarrangement

Konsertar og kulturarrangement er svært viktig for å opne kyrkja for fleire. Møre bispedome er eit kulturbispedome, og i 2023 deltok om lag 92 000 på ulike konsertar og kulturarrangement i kyrkjene våre, ein auke på 18% samanlikna med året før. Kyrkja i Møre er dermed ein viktig aktør i kulturlivet i vårt område. Mange stader er kyrkja den einaste store kulturarenaen i lokalsamfunnet. Kyrkjebygga kan sjåast som kunstgalleri, der ulike kunstartar er representert med eit tidsspenning på fleire hundre år. Kyrkjebygga er eit stort og viktig bidrag til arkitektur og kulturarv i vårt område. Kyrkja med sine instrument og sine dyktige kyrkjemusikarar inviterer til musikalsk utfalding for menneske i alle aldrar både til gudstener og kyrkjelege handlingar, og til kor- og konsertverksemd. Med sitt kunst- og kulturarbeid ønskjer kyrkja å vere ein offensiv kulturberar og aktør. Utøvande kunstnarar og produsentar blir derfor invitert inn til samarbeid som tek eit breitt spekter av kunstformer og uttrykk i bruk.

Kor for born og vaksne

I kyrkjene i Møre var det i 2023 registrert 78 kor for barn og vaksne, med til saman 1675 medlemmer. Etter ein krevjande periode under pandemien viser tala at ein er på god veg tilbake til aktiviteten på dette feltet frå tida før 2020.



Billete: Marit Klevik

Jubileumsseglas

I samband med 40 års markeringa for Møre bispedome blei det gjennomført ein jubileumsseglas frå Herøy til Smøla, der alle dei seks nøkkelstadane langs Kystpilegrimsleia i Møre blei besøkt.

Til rors sto prost Sindre Stabell Kulo og domkantor Magnus Moksnes Myhre. Biskop Ingeborg Midtømme og påtroppande domprost Grethe Lystad Johnsen hadde fast hyre på heile turen, og fekk selskap av fleire andre på dei ulike etappene. Det blei ei festreise som inkluderte arrangement og musikalske innslag på dei seks nøkkelstadane. Kulturkveld på Herøy gard, program i Børgund kyrkje, tablå frå Giskespelet, historisk tilbakeblikk på Veøy, pilegrimsvandring og messe i Kvernes stavkyrkje, konsert i Grip stavkyrkje og pilegrimsvandring til Kulisteinen var nokre av opplevingane.



Tingvoll kyrkje og Straumsnes kyrkje arrangerte døgnoopen kyrkje i samband med feiringa av Møre bispedøme sine 40 år i 2023.

Opne kyrkjer

Opne kyrker betyr at kyrkjene er opne i eit visst tidsrom for kven som helst. Alle som ønskjer det kan komme innom for å tenne eit lys, be ei bøn, sjå seg rundt, eller berre vere i rommet. Dette blir i større grad praktisert i andre land, og det er eit ønske at fleire kyrkjer i bispedømmet skal vere opne.

I 2023 var det 42 sokn som hadde opne kyrkjer, og totalt tal på opne kyrkjer var 1615. Tala er stabile frå år til år, og ein har ikkje hatt ønska framgang på dette feltet. Det vil difor vere eit prioritert område å motivere og skape forståing for kvifor det er viktig å prioritere at kyrkjene skal vere mest mogleg opne og tilgjengelege, også når det ikkje er arrangement i kyrkjene.

Under jubileumshelga for Møre bispedømme sitt 40 års jubileum blei alle kyrkjelydar oppmoda om å opne kyrkjene, og mange viste stor kreativitet og engasjement for å få til dette. På heimesida til Møre bispedømme kan ein sjå alle arrangement som blei laga til.



Møre bispedømme starta tiltaket Havets dag i 2022, og dette vart halt fram også i 2023. I bispedømmet vårt har vi ein lang tradisjon for å feire skaparverkets dag, anten i juni eller på hausten. Alle kyrkjelydar blir oppmoda om å tematisera Havets dag. Både i 2022 og 2023 blei skaparverkets dag feira som Havets dag på andre pinsedag eller andre dagar i juni. Fleire stader i bispedømmet blei det gjennomført gudsteneste nær sjøen, med fokus på vern om skaparverket og havet.



Fleire diakonale tilbod

Det har dei siste åra vore ei auka merksemd og vektning av diakonalt arbeid, både i Den norske kyrkja og i samfunnet. Berekraftmåla har blitt felles mål.

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste og er slik sett evangeliet i handling med fokus på nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern og skaparverket og kamp for rettferd. Dei siste åra har kyrkja sentralt lyst ut tilskotsmidlar til ulike diakonale prosjekt. Det er flott å sjå at kyrkja lokalt i Møre, gjennom sine tilsette og frivillige, utgjer ein forskjell for mange og at tilskotsmidlane raskt omsattast til aktivitet for dei som trenger det.

I Møre bispedømme er talet på tilsette diakonar og diakonimedarbeidarar stabilt. Tal for 2023 syner at vi i Møre har 21 diakonar/ diakonmedarbeidarar med økonomisk støtte frå bispedømmet som til saman tener 56 sokn. Om lag 2/3 av sokna har utarbeidd ein lokal plan for diakoni for sitt sokn.

Saknet og ønsket etter diakonalt tilsette i dei sokna som ikkje har det er stort, og for stor del ei økonomisk utfordring. Her vert ein oppmoda til å tenkje kreativt. Kanskje kan ein samarbeide på tvers av fellesråd eller finne ei løysing om - og i samarbeid med - kommunen lokalt.

Eit slikt kreativt samarbeide er samtaletilbodet 13+ for barn og unge mellom 13 og 20 år i Vestnes kommune. Dette er ei aldersgruppe som i aukande grad treng merksemd. Ungdommane blir her møtt av eit tverrfagleg team av frivillige med relevant utdanning og erfaring innan psykososial omsorg bestående av sjukepleiarar, vernepleiarar, psykolog, helsefagarbeidar, prest og psykotraumalog.

Med tilsette og frivillige har kyrkja strukturar som gjer at midlar frå det offentlege raskt kan settast om til aktivitet for dei som treng det

Vi ser at det framleis er ei utfordring med vakanter diakonale stillingar. Dette skuldast fleire ting, mellom anna profesjonslekkasje og at det er få kvalifiserte søkarar.

Det er nødvendig å gjere grep i rekrutteringsarbeidet for å stimulere til at fleire utdannar seg. Nasjonalt, i samarbeid med dei kristne utdanningsinstitusjonane, blir det difor lagt til rette for deltidsstudier og erfaringsbasert master. Då kan ein parallelt med jobb utdanne eller vidareutdanne seg. Her kan kyrkjevevane søkje kvalifiseringsmidlar.

Fellesskap og møteplassar for flyktingar og innvandrarak

Den norske kyrkja ønskjer å inkludere og invitere inn menneske som kjem til Noreg som innvandrarak og flyktingar. I mange lokalsamfunn er kyrkjelelydane i Den norske kyrkja det einaste kyrkjelege tilbodet. Dette utfordrar korleis kyrkja arbeider med sine fellesskap og med eigen kultur. I Møre driv mange kyrkjelydar eit aktivt arbeid inn mot denne gruppa, til dømes konsertar og kulturarbeid, internasjonale middag og språkkafe.



Samarbeid med skular og barnehagar

Som trussamfunn har vi eit ansvar som kulturberarar. Det er vanskeleg å forstå eldre historie, litteratur, kunst og musikk utan kjennskap til kristen tru. Ved å få innsikt i kristendommen kan ein få innsikt i korleis religion og livssyn inngår i historiske prosessar, og heng saman med samfunnsendingar og kulturarv knytt mot identitet. Her ønskjer vi å vere ein ressurs og ein «læringsforsterkar».

Dei fleste av sokna våre tilbyr høgtidsvandringar for borna i barnehagen og skulen. Her blir dei gjennom drama og undervisningsopplegg, som er tilpassa dei nye læreplanane i KRLE-faget, invitert til aktiv elevmedverknad og engasjement gjennom bevegelse som metode, i samspel med munnlege forteljingar.

I samarbeidet med skulen er «Likeverdighetsprinsippet» - med respekt for og anerkjening av mangfald - og eit transparent og føreseieleg samarbeid viktig for oss. Dette er noko vi arbeider aktivt med.



Dei nye læreplanane frå 2020 gir kyrkja eit større handlingsrom til å samarbeida med skulen.

Det er i auka grad lagt opp til at elevane gjennom eit innanfrå- og utanfrå-perspektiv, dialog og refleksjon skal utvikla ein mangfaldskompetanse i møte med ulike livssyn.

Dei tverrfaglege tema, som mellom anna livsmeistring og berekraftig utvikling, opnar også opp for samarbeid. I dei mange ulike barnehage- og skule-kyrkje-samarbeida i bispedømmet bidreg kyrkjelydane mellom anna med formidlingsopplegg om kunst, kulturarv og lokalhistorie, kyrkjemusikk og tema knytt til identitet, død og sorg, håp, kristne og folkelege tradisjonar og høgtider.

Skulegudstenester

I ei gudsteneste blir evangeliet forkynt og har slik sett eit anna perspektiv enn anna skule – kyrkje samarbeid. Her får elevane erfara og observera korleis tru blir praktisert.

Læreplanane opnar for at skulegudstenester er ein del av skulen si verksemd.

Læreplanen opnar for større handlingsrom i samarbeidet mellom skule og kyrkje

Kommunikasjon og samfunnskontakt

Mediabiletet

Kommunikasjonsarbeidet i 2023 har vore variert og mangfaldig. Både lokalt og regionalt blir det brukt ressursar på å vere tilgjengelege for media, med å gje korrekt informasjon, stille til intervju og formidle gode historier. Pressemeldingar frå bispekontoret har mellom anna fokusert på 40-års jubileum, medlemsundersøking, sannings- og forsoningskomiteen sitt arbeid, konsertar og kulturarrangement, Kyrkjevalet, bispedømmeråd og bispedømmerådssakar, høgtider, ny domprost, ulike nasjonale kampanjar og nokre av biskopen sine aktiviteter.

Kampanjearbeidet

Kommunikasjon er på mange måtar kyrkja sin ryggmargsrefleks. Misjonsbefalinga viser oss retninga bodskapet skal ha, og «alle folkeslag» viser breidda. Den norske kyrkja må konkurrere om merksemda med alle andre aktorar som tilbyr aktivitetar og fellesskap. Difor blir det kvart år gjennomført fleire kampanjar, som skal auke synlegheita og bidra til at fleire kan ta informerte val om dei ønskjer å nytte seg av kyrkja sine tilbod.

I 2023 blei det gjennomført kampanjar mellom anna kring dåp, konfirmasjon, bryllaup, påske, allehelgen og jul.

Kampanjane oppnår generelt mål om meir synlegheit. Svakheiter ved kyrkja sitt kampanjearbeid er fråveret av felles nettsider/-loysningar, nasjonale påmeldingsløysningar og felles tidspunkt, noko som kan føre til at ikkje alle tek i bruk kampanjemateriell. Frå bispekontoret prøver vi å gjere det vi kan på regionalt og lokalt nivå. Kampanjar blir meir effektive når det same skjer over heile landet samtidig, og når flest mogleg er med og løftar i lag.

Samfunnskontakt

Møre bispedømme er del av sivilsamfunnet, og gjennom biskop deltek vi tidvis aktivt i dialogen med styres- og ordensmakta. Mellom sakene som var viktige i samfunnskontaktarbeidet i 2023, var dei ulike møta med sivilsamfunnet på visitasar, kyrkjeasylantsaka i Herøy, beredskapskommissjonen sitt arbeid, møte med Statsforvaltar og deltaking i Executive Committee i Kirkenes verdensråd (WCC).



Foto: Kirkeråde

Rom for deg

*Den norske kyrkja er Noreg si folkekyrkje,
med 3,5 millioner medlemmar.*

*Med 76 000 frivillige, 8000 tilsette
og 1600 kyrkjebygg, er kyrkja til stades
i heile landet for å skape
meir himmel på jorda!*



DEN NORSKE KIRKE



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

| Sakshandsamar | Arkivkode | Arkivsak | Ugradert |
|------------------|-----------|------------|----------|
| Elin Næsje Sætre | 003 | 24/00049-5 | |

| Saksnummer | Råd/utvalg | Møtedato |
|------------|------------------------------|------------|
| 29/24 | Møre bispedømmeråd 2024-2027 | 07.06.2024 |

Orienteringar til møte i Møre bispedømmeråd 7. juni 2024

Vedlegg:

Bispedømmenes innbetaling til klimakompensasjonsfondet for 2023
 Høyringsutkast Beredskapsplan - alvorlige hendingar_Møre Bispedømme 2024
 Visitasforedrag 240310
 Møre bispedømme sitt høyringssvar til Forskrift om tilskudd til kulturhistoriske verdifulle kirkebygg
 Møre bispedømme sitt høyringssvar til Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2025 - 2028 og Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2025-2028
 Visitasforedrag Volda 28.4.2024
 Agenda for utviklingssamtaler med bispedømmene 2023

Saksorientering

I denne saka blir det gitt skriftlege og munnlege orienteringar til bispedømmerådet. Medlemmer av ulike råd og utval har høve til å gi munnlege orienteringar frå møter eller aktiviteter. Saka kan bli oppdatert fram til møtet blir halde.

Skriftlege orienteringar:

- 1. Visitas i Midsund 6. – 10. mars 2024**
Det var visitas i Midsund sokn 6. – 10. mars.
- 2. Visitas i Volda 20. – 28 april 2024**
Visitasen i Volda var i alle 6 sokna, Kilsfjord, Dalsfjord, Austefjord, Hornindal, Storfjord og Volda. Det vart òg markert 50 år for Kilsfjord kyrkje 21. april.
- 3. Verdiseglasen langs Kystpilegrimsleia er no i gang.**
Som ein del av jubileumsmarkeringa av 1000 år sidan innføringa av Kristenretten på Moster, og 750 år sidan Magnus Lagabøte forma Landslova, arrangerer bispedømme og dei regionale pilegrimssentra langs Kystpilegrimleia ein verdiseglas i etappar frå Egersund til Trondheim.
Verdiseglasen har tittelen "feira fortid - forma framtid" . Langs ruta blir det samla inn verdibrev frå ungdom, som beskriver kva for verdiar framtidens samfunn må pregast av, og kva vi trenger å endre. Brev blir samla i ei skipskiste, og skal til slutt overrekast til stortingspresidenten i samband med Olavsfest i Trondheim.
Møre bispedømme tar over skipskista på Seljumannamessa i byrjinga av juli. Det er lagt opp til ein seglas med sunnmørejekta Anna Olava frå Herøy til Giske, og det blir

arrangement på Smøla i samband med premiere på Gurispelet. Frå 24.-27. juli blir det seglas frå Smøla til Trondheim, med biskopar frå dei fire bispedømme langs Kystpilegrimsleia og preses Olav Fykse Tveit om bord. Til rors står prost Sindre Kulø og domkantor Magnus Moksnes Myhre. Fleire stader i bispedømmet er det gjennomført verdisamtalar med ungdommar, og verdibrev vil bli med skipskista til Trondheim.

4. Møre bispedømme sitt høyringssvar til Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2025 - 2028 og Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2025 – 2028

Møre bispedømme sende 17. april høyringssvar til Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2025 - 2028 og Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2025 – 2028. Høyringssvaret er lagt ved som orientering til bispedømerådet.

5. Møre bispedømme sitt høyringssvar til Forskrift om tilskudd til kulturhistorisk verdifulle kirkebygg

Møre bispedømme sende 8. april høyringssvar til Barne- og Familiedepartementet sitt framlegg til "Forskrift om tilskudd til kulturhistorisk verdifulle kirkebygg". Høyringssvaret er lagt ved som orientering til bispedømerådet.

6. Høyring: Beredskapsplan ved alvorlege hendingar i Møre bispedømme.

Administrasjonen er i gang med å utarbeide ny beredskapsplan ved ulykker og katastrofar. Vedlagt ligg høyringsdokumentet og høyringsfristen var 27. mai 2024. Ferdig utarbeida plan vert lagt fram for orientering ved ei seinare høve.

7. Utviklingssamtale mellom bispedømme og Kirkerådet 2023

19. april vart det gjennomført utviklingssamtale for Møre bispedømme. På møtet deltok biskop og stiftsdirektør. Program ligg vedlagt.

8. Leiarsamtaler i bispedømmet.

Det har blitt gjennomført leiarsamtale i alle prosti. Leiargruppa ved bispedømmekontoret (Biskop, Stiftsdirektør og avdelingsleiarar) har møtt prost og kyrkjevevjer i det respektive prosti. Tema var knytt til utvikling i den lokale kyrkja, økonomi, personal og leiing.

9. Klimakompensasjon

Møre bispedømme har mottatt brev frå Kirkerådet med klimaregnskap for 2023 og betaling for klimakompensasjon (sjå vedlegg)

Munnlege orienteringar:

1. Biskopen orienterer
2. Frå Kirkerådsmøte i mai
3. Frå IKO

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tek orienteringane til vitande.

Møre bispedøme sitt høyringssvar til Forskrift om tilskudd til kulturhistorisk verdifulle kirkebygg

Møre bispedøme viser til høyringsbrev datert 21. februar 2024, frå Barne- og familiedepartementet kring *Forskrift om tilskudd til kulturhistorisk verdifulle kirkebygg*.

Først og fremst vil vi uttrykkje glede over at det no ligg føre eit framlegg til forskrift for tilskotsordningane innanfor Bevaringsprogrammet for kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg. Denne ordninga har det vore venta lenge på, og det er store forventningar lokalt og regionalt til korleis ordninga dei komande åra kan verke til det beste for kyrkjebygga rundt om i bispedømmet og i heile landet.

Møre bispedøme har gjort seg kjent med sjølve framlegget til forskrift, og vi er elles også orientert om høyringsuttalar frå sentrale høyringspartar, som t.d. Kyrkjerådet og KA. Til liks med desse meiner også Møre bispedøme at framlegget til forskrift er for ordrikt, og med fordel kunne vore forenkla og stramma inn. Vi meiner ein god del av innhaldet i forskrifta heller kan formidlast gjennom t.d. eit rundskriv, ei vegleing, instruks e.l. - slik at sjølve forskrifta får eit meir konsist preg.

Møre bispedøme er samd i store delar av innhaldet i framlegget til forskrift, men har ei hovudinnvending når det gjeld tersklane for tilskot, slik det er lagt fram i §4-4 i høyringsdokumentet. Møre bispedøme trur intervalla som er lagt fram ikkje vil representere eit sterkt nok incentiv for tilskotsmottakarane til å setje i verk tiltak på kyrkjebygga.

I særleg grad er vi redde for at tilskotsdelen på 15% av totalkostnadane for bevaringstiltak i intervallet 0 – 10 millionar kroner for prosjekt på listeførte kyrkjer, som i praksis truleg vil gjelde storparten av søknadstilfanget, er for liten. Det same vil langt på veg gjelde tilskotsdelen på 30% til tiltak innanfor intervallet 10 - 30 mill. kroner.

I Møre og Romsdal er det mange mindre kommunar med fleire listeførte kyrkjer og stram kommuneøkonomi. For desse vil dei foreslåtte tilskotsdelane for prosjekt med rammer på under 30 mill. kr. ikkje vere tilstrekkelege til å utløyse satsingar. I nylege leiarsamtalar med kyrkjevevjerer i prostia er dette kome tydeleg fram.

Vi er samde med Kyrkjerådet, som på dette høyringspunktet foreslår eit flatt tilskotsnivå på 50% for alle intervall. Dette trur vi er meir forståeleg og føreseieleg, og også i det store sikrar at kommunane ikkje abdiserer frå sitt medansvar for finansiering av kyrkjene.

Møre bispedøme meiner Kyrkjerådet rører ved noko sentralt når dei i sitt høyringssvar skriv at: “[..]et av de avgjørende suksesskriteriene for bevaringsprogrammene vil være å sikre at de nye statlige midlene ikke bidrar til å redusere kommunenes finansielle engasjement for kirkevedlikeholdet. Det er derfor viktig å finne en ordning som verken overbelaster kommunenes økonomi eller inviterer til å redusere kommunenes egeninnsats.”

Vi er også samde med KA, når dei i sitt høyringssvar skriv: “En støtte som kun innebærer at staten dekker fra 15-30% av totalkostnadene vil i begrenset grad være avgjørende for å utløse økte bevilgninger fra kommunene, og vil for mange oppleves som en svekkelse av de ordningene som eksisterer i dag”.

Ved forrige visitas skrev jeg om kirkevergens arbeid med å få fellesrådet godkjent for en EU-finansiert volontørtjeneste hvor ungdom i EU og Europa ellers kan reise ut og drive frivillig arbeid hos organisasjoner som er tilknyttet ordningen. Jeg ser på oversikten over ansatte som arbeider med barn og unge, at dere har en ESC (Europeans Solidarity Corps) -volontør også i år. Jeg har dessverre ikke fått møte henne, fått innblikk i kompetansen eller oversikt over den delen av arbeidet.

Volda kyrkjelege fellesråd har mange sokn og kirker, men de ansatte utgjør en stab. En del er i deltidsstillinger og har noen faste sokn og kirker hvor de gjør tjeneste. Andre skal tjenestegjøre i alle sokna. Det krever stor fleksibilitet og gode rutiner for samarbeid når det som er planlagt i lang tid plutselig ikke kan gjennomføres. Takk for de prosessene dere står i. Jeg ser at det er krevende å administrere og mye som skal ledes både av kirkeverge og prost.

Når det er sagt, minner jeg igjen om de kirkelige rådsmedlemmenes nye og forsterkede ansvar som kirkelig styringstjeneste slik Kirkemøtet vedtok det i august i fjor. (Sak KM 5/23). Jeg håper møtepunktene gjennom denne visitasen både har bidratt til å bekrefte dere og å motivere dere for veien videre.

Kirka står sterkt her i sokna i Volda. En stor TAKK til alle dere som bidrar med frivillig arbeid. TAKK til alle dere som spiller og synger; sprer glede og gir fellesskap. TAKK til alle dere som på forunderlig vis sørger for at det alltid er mat på bordet; både varm mat og kaffemat. Måltidsfellesskapet er en viktig del av det å være menneske. TAKK til alle dere som trofast samles rundt Ordet og nattverdbordet og gjennom det, sørger for at kirka fortsetter å være kirke. TAKK til alle dere som ber.

TAKK FOR DENNE GANG

Takk for den åpne og gode måten dere har tatt imot oss på. Takk for alt dere har delt, alt vi har fått innblikk i.

Det store oppdraget med å være kirke har vi fått fra Jesus selv. Han har kalt oss. Han har sendt oss til å åpne rom for tro så troen kan få rom i hver og en av oss. «Hellige mysterium» som vi sang i gudstjenesten.

Gud velsigne dere alle!

28.april 2024


Ingeborg Midttømme

Møre biskop

Den norske kyrkja, Møre Bispedøme

BEREDSKAPSPLAN for alvorlege hendingar

Oppdatert 2024

1. Formål og forankring

Denne planen skal sikre eller medverke til at Den norske kyrkja i Møre, på prosti- eller bispedømenivå, etablerer kriseleiing på kort varsel, og raskt kan sette i verk treffsikre tiltak saman med andre, for å handtere alvorlege hendingar i eigen organisasjon eller i lokalsamfunnet. Prostinivå er lågaste eining i planen og omfattar både lokalkyrkjelyd, fellesråd og prosti.

Planen klargjer ansvarsfordelinga mellom prost, kyrkjeverje og andre tilsette i kyrkjelydane – der prosten har ansvar for å sette og leie krisestab. I prosten sin stad kan sokneprest eller kyrkjeverje sette krisestab.

Formålet med denne planen er å innarbeide gode rutinar for å «sette krisestab» lokalt (prosti) og regionalt (bispedøme). Planen tek ikkje mål av seg til å foreslå strategiar eller tiltak i møte med spesifikke hendingar eller ulykker.

Planen definerer kva fullmakter prostar og biskop har til å kalle ut tilsette i begge arbeidsgjevarlinene for å ta hand om menneske som er ramma av ei alvorleg hending, og for å kunne oppretthalde dagleg drift i kyrkja i Møre. LRS-prest forvaltar biskopen sine fullmakter til å kalle ut personell frå begge arbeidsgjevarlinene i samband med «alvorlege hendingar» i bispedømet. Fullmakter til prost og biskop er tidlegare inngått mellom biskopen og alle fellesråd i bispedømet, men må fornyast i samband med endelig godkjenning av denne planen.

2. Definerings av sentrale omgrep

Alvorleg hending

Ei hending som på grunn av omfang eller kompleksitet gjer at LRS-prest, kriseleiinga på bispedømenivå, eller kriseleiinga på prostnivå vurderer å kalle ut tilsette og sette i verk særskilte tiltak som følgje av hendinga.

Krisestab = kriseleiing

Uttrykket å «sette krisestab» betyr at ansvarleg leiar kallar saman kriseleiinga ut frå fastsett rutine eller regelverk, for å avgjere korleis hendinga skal handterast, kva personell som skal kallast ut, kva ressursar som er tilgjengeleg osv. Det er avgjerande for god krisehandtering at ein har gode rutinar for å sette krisestab, både i forhold til kven som kallar saman, korleis innkalling skal skje, og kven som skal kallast inn.

LRS-prest

Ei alvorleg hending i Møre og Romsdal vil ofte medføre at Politimesteren etablerer Lokal Rednings Sentral (LRS) ved politiet sin operasjonssentral i Ålesund. LRS-presten er biskopen og DnK sin representant i Politimesteren sin stab ved større ulykker, bergingsaksjoner eller katastrofer. LRS-prest vert innkalla til operasjonssentralen i Ålesund, og har biskopen sitt mandat til å kalle ut kyrkjeleg personell til ulike støttefunksjonar i mottakssenter, pårørandesenter og liknande. Dette er same mandat som også prostane har etter samarbeidsavtale med prostane.

Beredskapsordninga i DnK

Vaktordninga sikrar prest i beredskap året rundt, for å ta seg av kyrkjelege tenester som ikkje kan vente. Politiet nyttar beredskapsprest til å formidle dødsbod og dette er den vanlegaste bruken av prest i beredskap i DnK. Andre «uoppsettelige tenester» kan til dømes vere nattverd til døyande eller sjelesorg.

Kommunale kriseteam

Alle kommunar har eit psykososialt team som gir støtte til pårørande og andre som er ramma ved trafikkulykker, sjølv mord, drap og andre akutte hendingar. Mange stader er DnK representert i slike team. Både prost, kyrkjeverje, prestar og diakonar bør ha kontaktinformasjon til leiaren i det kommunale kriseteamet i sine kommunar.

3. Frå normal drift til handtering av alvorlege hendingar

1. Å sette krisestab i DnK

Ei oppskalering frå normal drift til krisehandtering ved alvorlege hendingar skjer ved at det vert «sett krisestab» på lokalt nivå og/eller på bispedømeplan i DnK.

På prostiplan/fellesråd er det prosten som kallar saman og syt for at krisestab vert sett. I prosten sin stad kan sokneprest eller kyrkjevevje sette krisestab.

På bispedømeplan er det stiftsdirektør/biskop som har ansvar for å kalle saman og sette krisestab.

Melding om at det har skjedd ei alvorleg hending eller at der er ein trusselsituasjon kan komme frå ulikt hald og gå via fleire tilsette før det når fram til ein av dei nemde leiarane. Derfor må alle tilsette kjenne til rutinane for å «sette krisestab».

LRS-presten som er ein del av politiet sin kriseberedskap, kan vere den som får kjennskap til den alvorlege hendinga først. Politiet kan også ringe prost, lokal prest – eller kyrkjelydskontor. Men det er også andre tilsette som kan «få hendinga i fanget»:

- a. Ein beredskapsprest som ser at hendinga han/ho er utkalla til å handtere krev fleire folk/ekstra mannskap.
- b. Ein kateket eller trusopplærar på konfirmantleir der det skjer ei alvorlig hending.
- c. Ein tilsett eller frivillig i kyrkja som opplever ei alvorleg hending i samband med eit kyrkjeleg arrangement – der omfanget tilseier at det bør settast krisestab.

Organisering av kriseleiing og rutinar for handtering av «alvorlig hending» skal vere kjent av tilsette og frivillige leiarar i kyrkja lokalt og på bispedømeplan – og skal gjennomgåast årleg i stabsmøte. Vedlagt mal for «Rutinar for å sette krisestab» kan brukast som grunnlag – men **må** tilpassast lokale forhold. Det er avgjerande at dei som er med i kriseleiinga er førebudd på at ei innkalling kan komme, og at dei kjenner rutinene for å stadfeste innkalling.

Ein gong for året bør staben gjennomføre ei øving der ein tek utgangspunkt i ei tenkt hending og øver seg på å bruke «Rutinar for å sette krisestab». Dei faste medlemmene av krisestaben bør møtast kvart halvår for å gå igjennom rutinar og øve med utgangspunkt i ei tenkt hending eller case.

RUTINE

Sette krisestab i prosti/fellesråd

1. Prost set krisestab og kallar inn faste medlemmer. I prosten sin stad kan sokneprest eller kyrkjeverje sette krisestab.
2. Vurder i fellesskap kven andre som bør vere ein del av krisestaben ut frå hendinga og utvikling av krisesituasjonen.
3. Etabler kontakt med politi/kriseteam/LRS-prest, og gi beskjed om at de har sett krisestab. Skaff oversikt over viktige behov.
4. Vurder kva DnK lokalt kan tilby i form av personell til å møte menneska som er ramma, open kyrkje, evt. andre samlingslokale.
5. Vurder behov for å gå ut med informasjon i media. Avklar med LRS-prest/politi dersom ein er i tvil.
6. Ivareta eigne tilsette.
7. Juster tiltak etter utvikling og i dialog med politi/kriseteam/LRS-prest.

| | | |
|---|---------------------------------|--|
| 1 | Faste medlemmer | Prost Kyrkjeverje Aktuell sokneprest Kontorleiar/merkantil medarbeidar |
| 2 | Andre aktuelle medlemmer | Diakon Kateket Kyrkjetenar Andre? |
| 3 | Skaff oversikt over behov | Ta kontakt med politi, kriseteam eller LRS-prest for å få meir informasjon om den alvorlege hendinga – og for å formidle at de har sett krisestab |
| 4 | Vurder kva DnK lokalt kan tilby | Ver nøktern i forhold til kva de kan tilby i form av personell, lokaler og samlingar av typen «åpen kyrkje». |
| 5 | Viktige kontakter | Politiets operasjonssentral : Ring 02800 Leiar i kommunalt kriseteam: (namn, kontaktinfo) LRS prest Karl Johan Bjørge mb: 92423862 LRS prest Kari Vatne mb: 9206538 |
| 6 | Mal for innkalling | Innkalling kan skje på SMS eller ved oppringing. Eksempel på tekst i SMS: Alvorlig hending. Det vert kalla inn til møte i krisestaben i dag (dato) kl. (tidspunkt). Møtet vert halde (på teams) (eventuelt møtestad – kontor/kyrkje etc.). Stadfest at du har fått denne meldinga og om du kan delta i møtet. Gi svar til (namn og mobilnummer). |

II. Kriseleiing Den norske kyrkja i Møre

Kriseleiing i Den norske kyrkja skal etablerast på det nivået som høver til hendinga sitt omfang. Som regel vil det sei på fellesrådsnivå/prostinivå. Ved hendingar som omfattar fleire fellesråd og ulike prosti vil det vere naturleg å etablere kriseleiing også på bispedømenivå.

Kriseleiing på prostnivå/fellessrådsnivå: Prost/sokneprest, kyrkjevevje og kontorleiar/sekretær evnt. andre ut frå den aktuelle hendinga (diakon, kateket, kyrkjetenar). Ofte vil det vere klokt å ha med ein fast medlem i krisestab som kan ivareta behovet for å hente inn informasjon, skrive referat og slik vere ei støtte for leiar. Derfor er kontorleiar/sekretær ført opp som fast medlem, men her må det gjerast vurderingar lokalt ut frå kompetanse og erfaring.

Kriseleiing på bispedømenivå: Stiftsdirektør, biskop og aktuell prost, samt ein rådgjevar som sekretær. Kriseleiinga kan supplerast ut frå behov.

Ansvar til kriseleiinga er (uprioritert liste):

- a. Etablere og vedlikehalde kontakt med den offentlege kriseleiinga (politi, statsforvaltar, LRS-prest) for å få oversikt over kva som har hendt og avklare behovet for kyrkja sine tenester.
- b. Legge ein plan for DnK si handtering av hendinga, og skaffe seg oversikt over eigne tilsette, og eigne ressursar for å møte det som har hendt.
- c. Trygge og støtte eigne tilsette som tek del i feltarbeidet – så dei veit kvar dei skal vende seg for å få avlastning og vegleiing.
- d. Kommunisere ut gjennom media om DnK sine tilbod i form av «open kyrkje», samtale og sjelesorg, minnegudstenester og liknande. Det ligg mykje omsorg i god kommunikasjon.
- e. Kriseleiinga bør ha låg terskel for å kalle saman til nye møter. Ei alvorleg hending kan utvikle seg i mange retningar og det er derfor nødvendig å revurdere planar heile tida.
- f. God og hyppig kommunikasjon ut til eigne tilsette er god personalomsorg.

III. Ansvarsfordeling kyrkjevevje, prost og LRS-prest

Kyrkjevevje og prost har nøkkelfunksjonar i den kyrkjelege beredskapen. LRS-presten er i første rekke ein støttefunksjon for politimeisteren – men har samtidig mandat som i ein akutfase er samanfallande med biskopen sitt mandat når det gjeld å kalle ut kyrkjeleg personell. Derfor er det avgjerande at prost, kyrkjevevje og LRS-prest spelar på lag og har eit avklart forhold til kvarandre. Rutinar for å sette krisestab må utarbeidast lokalt – ut frå lokale forhold.

Det er betre at krisestaben vert samankalla ein gong for mykje enn ein gong for lite. Dersom ei hending omfattar fleire fellesråd/kommunar kan det etablerast felles kriseleiing.

Andre tilsette kan kallast inn etter behov og i forhold til kva som er relevant i situasjonen. (Dagleg leiar i soknet, diakon, kateket, kyrkjetenar, leiar i fellesrådet osv.)

Prost og LRS-prest har hovudansvar for å disponere og kalle ut prestar og diakonar for å sikre nødvendig mannskap både til handtering av den alvorlege hendinga. Medan prost og kyrkjevevje har felles ansvar for å sikre dagleg drift og gjere prioriteringar i samband med gudstenester, gravferder, soknebod og andre tenester i prostiet.

Prost og kyrkjevevje har kvar for seg og saman ansvar for at kyrkjeleg tilsette får opplæring og vert førebudde på handtering av alvorlege hendingar gjennom kurs og øvingar. Dei har også kvar for seg og saman ansvar for at tilsette får nødvendig oppfølging undervegs i krisearbeidet og i etterkant, når krisa er over.

LRS-presten er biskopen sin representant og kyrkjelig fagressurs inn i politimeisteren sin stab ved alvorlege hendingar i politidistriktet. (Møre og Romsdal fylke). LRS-presten møter ved Politiets operasjonssentral i Ålesund etter utkalling frå politiet. Dernest er også LRS-presten eit bindeledd mellom DnK og politiet undervegs i krisearbeidet. Det skal vere lett for prostar og kyrkjevevjer å komme i kontakt med LRS-prest i samband med ei alvorleg hending i prostiet.

| Kven gjer kva – ved ei alvorleg hending | |
|--|---|
| Biskop, stiftsdirektør | <p>Set krisestab ved bispekontoret ved alvorlege hendingar i Møre bispedøme.</p> <p>Biskopen deltek i beredskapsrådet til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og har tett dialog med LRS-prest og politiet.</p> |
| Prost (sokneprest) (kyrkjevevje) | <p>Set krisestab i den lokale kyrkja ved alvorlege hendingar i ei kommune/prosti. På vegne av prosten kan kyrkjevevje eller sokneprest selle krisestab.</p> <p>Har dialog med kommunalt kriseteam.</p> |
| LRS-prest | <p>Deltek i Politiet sin krisestab som DnK sin representant. Involverer tilsette i lokalkyrkja og er bindeledd mellom politiet og DnK.</p> <p>Kallar ut kyrkjeleg personell til mottakssentra for pårørande og skadde¹</p> |
| Prost og kyrkjevevje | <p>Sikrar kyrkjeleg bemanning til dagleg drift (gudstenester og andre kyrkjelege tenester)</p> <p>Føl opp tilsette før, under og etter krise.</p> |
| Kantor, diakon, kateket, kyrkjetenar, med fleire. | <p>Deltek i lokal krisestab etter behov og medverkar i handtering av den alvorlege hendinga med sine ulike kompetansar.</p> |

¹ Etter fullmakt frå biskop og kyrkjevevje, avklart i eigen avtale.

IV. Den nasjonale beredskapen i Norge

Hovudredningsentralen har overordna operativt ansvar ved søk- og redningsaksjonar i Noreg. Hovudredningsentralen er organisert med to redningssentralar, éin i Nord-Noreg og éin i Sør-Noreg. Ansvarsområdet mellom Nord- og Sør-Noreg blir delt på 65 grader nord, langs grensa mellom Nord-Trøndelag og Nordland.

Sjø- og luftredningsteneste blir alltid koordinert direkte frå Hovudredningsentralen. Hendingar på land blir, i dei aller fleste tilfella, delegerte til ein av dei lokale redningssentralane (LRS), etter føringar frå Hovudredningsentralen.

Dei lokale redningssentralane blir leia frå dei respektive politidistrikta, men hovudredningssentralane er ansvarleg for å føre tilsyn. I Møre og Romsdal vert Lokal redningssentral (LRS) leia av Politimeisteren i Møre og Romsdal, Ålesund. Biskopen i Møre er representert i LRS gjennom LRS-presten, som er DnK sin representant inn i den utvida kriseleiinga til Politimeisteren i Møre og Romsdal ved alvorlege hendingar som krev koordinert innsats frå mange aktørar – der DnK er ein av «samvirkeaktørane».

V. DnK si rolle som ein del av den nasjonale beredskapen

Politiet sine forventningar til DnK er omtalt i Politiet si beredskapshandbok:

«Den norske kirke er formelt innlemmet i samarbeidet med politiet om redningstjenesten, og forberedt på å skulle ta del i arbeidet med å gi omsorg og krisestøtte til de rammede. (...) Kirkens oppgaver vil først og fremst være å gi medmenneskelig støtte. Ellers vil oppgavene for kirken særlig være å:

- *avgj prest som rådgiver til politimesterens stab, LRS og HRS*
- *varsle pårørende etter anmodning fra politiet*
- *gi støtte og sjelesorg*
- *forberede og lede sørgegudstjeneste og andre markeringer*
- *bistå ved syning og/eller overlevering av bårer*
- *bistå pårørende ved besøk på ulykkesstedet*
- *mobilisere det lokale kirkelige nettverket*
- *gi særskilt oppmerksomhet til pårørende som ikke får sine døde tilbake.»*

(PBS 1, kap 5.4)

VI. LRS-prestane i Møre. Mandat og oppgåver.

Det er oppnemnt to LRS-prestar i Møre bispedøme, begge med kort reiseavstand til Politiets operasjonssentral i Ålesund, der også politimeisteren i Møre og Romsdal har sitt sete.

Dei to LRS-prestane vikarierer for kvarandre, der LRS 1 rykker først ut.

LRS-prestane har fått mandat frå biskopen og representerer biskopen som rådgjevar og medarbeidar i Lokal Redningssentral, under leiing av politimeisteren eller hans underordna.

Lokal redningssentral betyr at politimeisteren eller hans underordna set krisestab (etablerer kriseleiing) ved Politiets operasjonssentral i Ålesund. Det er den konkrete hendinga sin karakter og innhald som avgjer samansettinga av krisestaben, men DnK vert som regel kalla inn ved alle store hendingar – særleg med tanke på oppfølging av pårørande.

LRS-presten si oppgåve er :

- a) *å vere ein del av kriseleiinga og delta i dialogen med andre rådgjevarar under leiing av politimeisteren – eller hans underordna.*
- b) *å mobilisere kyrkjeleg tilsette i omsorga for menneske som er sterkt påverka/ramma av hendinga. LRS-prestane har fullmakt til å mobilisere prestar og fellesrådstilsette i ein akutfase definert til to døgn. LRS-presten har tett dialog med aktuelle prostar og kyrkjevevjer for å avklare vidare bruk av kyrkjeleg personell.*

Vedlegg 1

| Ulike kompetansemiljø ² Handtering av alvorleg hending | | | | | | | | | | | | | |
|--|--|-------------|---------|--------------|--------|----------|-----------|----------------|------------|------------------------|------------|------------|----------------------------------|
| RVTS- midt Ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging. Trondheim. | Nettstad: Startside (rvtsmidt.no) Telefon: 72822005 Stort kompetansemiljø som gir vegleing til offentlege og frivillige organisasjonar som tilbyr hjelp til volds- og kriseramma. | | | | | | | | | | | | |
| Helsedirektoratet «Psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofer» (Nasjonal veileder) | Lenke: Psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofer (Mestring, samhörighet og håp) - Helsedirektoratet | | | | | | | | | | | | |
| Universitetet i Bergen Senter for krisepsykologi Har utarbeida fleire rutinar og anbefalingar til fagfolk i kommunane - for psykososial oppfølging etter traumatiske hendingar og katastrofer. (2009) | Lenke: Kriser Universitetet i Bergen (uib.no) (Organisering, Rutiner, Ressursbank) | | | | | | | | | | | | |
| | <table border="1"> <thead> <tr> <th>Ressursbank</th> <th>Rutiner</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>- Reaksjoner</td> <td>- Mord</td> </tr> <tr> <td>- Tiltak</td> <td>- Ulykker</td> </tr> <tr> <td>- Barn og unge</td> <td>- Selvmord</td> </tr> <tr> <td>- Pressekontakt, media</td> <td>- Barsedød</td> </tr> <tr> <td>- Ritualer</td> <td>- Voldtekt og seksuelle overgrep</td> </tr> </tbody> </table> | Ressursbank | Rutiner | - Reaksjoner | - Mord | - Tiltak | - Ulykker | - Barn og unge | - Selvmord | - Pressekontakt, media | - Barsedød | - Ritualer | - Voldtekt og seksuelle overgrep |
| Ressursbank | Rutiner | | | | | | | | | | | | |
| - Reaksjoner | - Mord | | | | | | | | | | | | |
| - Tiltak | - Ulykker | | | | | | | | | | | | |
| - Barn og unge | - Selvmord | | | | | | | | | | | | |
| - Pressekontakt, media | - Barsedød | | | | | | | | | | | | |
| - Ritualer | - Voldtekt og seksuelle overgrep | | | | | | | | | | | | |
| Kommunale kriseteam | Ring kommunen sitt sentralbord og spør etter leiar i det kommunale kriseteamet. Gå til kommunen si nettside - søk på «kriseteam» og finn namn og kontaktinformasjon på leiar. (Ikkje alle kommunar gir opp mobilnummer, så det må du be vedkomande om å få.) | | | | | | | | | | | | |
| Prostane i Møre bispedøme | (link) | | | | | | | | | | | | |
| Kyrkjevevjerjane i Møre bispedøme | (link) | | | | | | | | | | | | |
| LRS-prestane i Møre bispedøme | (link) | | | | | | | | | | | | |

² Dette er ikkje ei utfyllande liste, og det kan vere klokt å tenke igjennom om kva lokale fagressursar kriseleinga kjenner til – og kanskje allereie har eit samarbeid med - og som ein kan gjere seg nytte av.

Vedlegg 2

FORSLAG TIL CASE FOR ØVINGAR

Ei skrivebordsøving har som føremål å avdekke «blindsoner» i beredskapen og samstundes auke tryggleiken i kriseleiinga når ei alvorleg hending ein dag faktisk skjer.

Case 1 Terrortrussel

Politiet ringer kyrkjekontoret og seier dei har motteke ein terrortrussel mot den lokale kyrkja og at dei vurderer sette vakt ved gudstenestene framover. Om 14 dagar er det konfirmasjon i hovudkyrkja i soknet. Politiet vil sjå situasjonen litt an, men vurderer å stille med væpna politi ved kyrkja denne søndagen. Politiet vil gå ut i media i løpet av dagen med informasjon om den trusselmeldinga og om politiet si handtering på kort sikt.

Vurder eigne handlingsalternativ i samsvar med lokal rutine for handtering av alvorleg hending.

Kva er informasjonsbehovet til kyrkjelyd, lokalsamfunn og tilsette - og kven tek seg av det? Vil det være aktuelt å avlyse konfirmasjonsgudstene?

Er det behov for å utvide krisestaben?

Kva spørsmål dukkar opp i møte med ei slik hending – og kven kan de vende dykk til for å få hjelp til å handtere denne krisa?

Case 2 Skuleskyting

Kl. 10.30 ein tysdag vert det meldt på lokale og riksdekkande media at ein elev på 14 år på ungdomsskulen er drepen og to andre er hardt skadde i ei skuleskyting i kommunen. Gjerningsmann er uskadeleggjort og teken hand om av politiet. Det er ein ungdom på 17 år, tidlegare elev ved skulen der skytinga har funne stad.

Kyrkjeverje bestemmer å sette krisestab i samråd med prosten. Faste medlemmer forutan kyrkjeverje er sokneprest og diakon. Prosten er under vegs.

Soknepresten får kontakt med leiar for det kommunale kriseteamet og gir beskjed om at det er sett krisestab i den lokale kyrkja. Leiaren i kriseteamet er på veg til skulen og vil komme tilbake i forhold til behov for hjelp frå kyrkja.

Kva blir viktig å avklare for krisestaben i kyrkja? Kven kan kyrkja støtte seg til i handtering av denne hendinga?

Korleis kan DnK gi hjelp til ungdommar og lokalsamfunn til å komme igjennom ei slik hending? På kort sikt og på litt lengre sikt.

Case 3 Overbelastning av tilsett medarbeidar

Det er fredag kl. 14.00 midt i sommarferien. Ein prestestudent som vikarierer i prostiet i ferien, får eit «samanbrot» etter ei gravferd og kjem heilt ute av seg tilbake til kyrkjekontoret etter jordfestinga. Ho har gravferdsturnus og dette er hennar tredje gravferd denne veka. Alle dei tre gravferdene har vore svært krevjande i den forstand at det har vore kompliserande forhold ved to av dei. (sjølv mord og alvorleg familiekonflikt). Ho har ikkje vendt seg til overordna for avlastning. Den unge prestestudenten er nedbroten og er både sint og lei seg. Ho forlet kyrkjekontoret nokså opprørt og varslar at ho har fått time hos fastlegen for ei sjukmelding.

Det er kyrkjetenar som møter presten og som melder frå til kyrkjevevja om det som har hendt. Kyrkjevevja tek kontakt med prosten og dei to møtes saman med soknepresten for å få oversikt over kva som har hendt og for å støtte den unge prestestudenten.

Kva bør ein gjere for den unge prestestudenten?
Kva risiko inneber ei slik oppleving for studenten?
Korleis kan ein sikre at dette ikkje skjer igjen?

Case 4 Valdshending på konfirmantleir

På ein konfirmantleir med 30 konfirmantar og 6 vaksne leiarar vert ein av konfirmantane stukken med kniv i ein krangel som utviklar seg like etter middagen. Konfirmantane slappar av ute når to grupper ryk mot kvarandre etter at det har falle krenkande kommentarar mot ei 15 år gamal jente. Alt skjer i løpet av sekund. Ho blir rasande og går til angrep på ein gut som blir slått og skubba over ende. Medan dei vaksne tek seg av guten som er gått i bakken, akselererer konflikten og ein av dei andre gutane stikk ein kniv i mageregionen på ein annan gut.

Guten som har brukt kniv spring til skogs og det oppstår kaos og sjokk i gruppa. Den skadde vert raskt tatt hand om av kateket og ein annan vaksen, og fleire vaksne kjem til for å gi nødvendig førstehjelp, samtidig som AMK vert kontakta. To av dei vaksne leiarane får i oppgåve å samle resten av konfirmantane – men det er krevjande å halde styr på gruppa og tre konfirmantar vert henta av sine foreldre utan at leiarane synes dei kan nekte det. Ein av vaksenleiarane vil gå ut i skogen for å finne guten som brukte kniv, men får beskjed frå AMK om å vente til politiet kjem.

Den skadde guten kjem etter kort tid under legehjelp og vert frakta til sjukehus med helikopter. Det er total forvirring i ungdomsgruppa etter hendinga. Politiet har enno ikkje dukka opp, men dei har gitt kateket instruks om å halde tilbake alle konfirmantane med tanke

på vitneforklaring. Likevel er det endå to konfirmantar som forlet leirstaden utan å melde ifrå for å møte sine foreldre som kjem køyrande imot.

Politiet er på plass 40 minutt etter hendinga med fire tenestemenn og startar vitneavhøyr og sikring av åstad. No kjem reaksjonane frå dei vaksne. Mange gret saman med ungdommane. Politiet søker i skogen og finn gjerningsmann, som har prøvd å skade seg sjølv. Han har berre mindre skader og vert teken hand om av politiet og ambulansespersonell.

Det vert sett krisestab i fellesrådet så snart hendinga vert kjent. Dei faste i krisestaben er kyrkjeverje, sokneprest og ein saksbehandlar/sekretær ved kyrkjeverjekontoret. Prosten vert kalla inn i tillegg, men har vesentleg lengre køyreveg enn dei andre.

Den unge guten som vart frakta til sjukehus overlever, men vert liggande på sjukehus i fleire veker for operasjonar og opptrening.

Kva gjer krisestaben og kven involverer dei for å ivareta fylgjande:

- Konfirmantane og deira foreldre
- Eigne tilsette som opplevde hendinga
- Den unge gjerningsmannen og hans foreldre
- Kyrkjelyden og folk flest i lokalsamfunnet

Dersom den skadde guten ikkje hadde overlevd angrepet - korleis ville det ha endra krisestaben si handtering av hendinga?

Case 5 Øydelagt kontor

Når den første kjem på kyrkjeleg fellesråd sitt kontor måndag morgon flyt det vatn over alt på golvet i lokala. Ei vassleidning i taket har sprunge lekk og det renn vatn frå taket i fleire kontor. Bøker, papir og klede er våte og fleire PC-ar badar i vatn. Det tek litt tid før kyrkjetenar kjem til og får stengt hovudkran. Skadane er massive og kontorlokala er ubrukelege.

Kyrkjeverja tek raskt kontakt med forsikringsselskap og det vert gjort avtale korleis skadane kan avgrensast, om taksering og vidare plan for riving, opprydding og renovering.

Det er klart at det vil ta fire til seks veker før kontora kan brukast igjen.

Kyrkjeverja bestemmer seg for å sette krisestab.

Kven vert kalla inn?

Kvar kan det være aktuelt for kyrkjeleg fellesråd å etablere seg midlertidig?

Kva informasjon må fellesrådet gå ut med til folk flest?

Korleis vil ei slik hending påverke fellesrådet sitt daglege arbeid?

Kva tenester må prioriterast, og kva må ein utsette eller nedprioritere?

Case 6 Bussulykke

Ein buss med pensjonistar frå ein annan kant av landet kjem for langt ut på ei vegskulder og rullar ned ei skråning på ein av fylkesvegane i Møre og Romsdal. Politiet melder i media at det er mange skada og fleire omkomne. Ein fryktar at talet på omkomne vil stige.

Politiet opprettar mottakssenter i ein tettstad i prostiet og LRS-presten har kontakta prosten for å sikre kyrkjeleg personell til mottakssenteret. Prosten kontaktar ei av kyrkjevevjerne i området og det vert sett krisestab. Dei som vert innkalla til krisestaben er kyrkjevevjerja i tettstaden, sokneprest i same fellesråd, diakon og prost. Krisestaben fordeler oppgåver slik at dei sikrar tett dialog med LRS-prest, politi og kommunalt kriseteam.

Kvifor er det viktig i ein slik situasjon å sikre dialog med desse tre?
Kven andre vil det i dykkar område vere viktig å etablere kontakt med?
Kva kan DnK tilby i dialog med dei andre aktørane?

Ettersom timane går vert det stadfesta at mange av pensjonistane ikkje har overlevd ulykka, og både Statsforvaltar og Fylkesberedskapsrådet vert kopla inn. Biskopen i Møre har fast plass i Fylkesberedskapsrådet og uttalar til media at DnK med sine tilsette deltek i krisearbeidet.

Korleis kan biskop og stiftsdirektør støtte det lokale krisearbeidet ved ei alvorleg hending med mange omkomne?

Har det vore dialog med bispekontoret om kva ein prost eller eit lokalt fellesråd kan forvente av støtte og hjelp frå biskop og stiftsdirektør ved ei slik hending? Kven tek den dialogen?

Case 7 Ulykke til sjøs

I samband med ein operasjon ved Draugen i Nordsjøen har fem personar på same supplybåt mist livet. Tre av dei omkomne kjem frå vårt prosti. Det er tre menn 37, 54 og 63 år. Dei to siste kjem frå eit anna prosti i bispedømet.

Desse opplysningane er gitt:

Mann 37 år, to barn 2 og 8 år. Sambuar.

Mann 54 år, tre barn over 18. Kone. Eit av barna bur i Oslo.

Mann 63 år, to vaksne barn. Skilt

Prosten kallar inn krisestaben til møte.

Det er stort fokus på saka i media og ein forventar også stort mediefokus i samband med gravferdene.

Er dette ei sak for krisestaben? Kvifor/kvifor ikkje?

Kva problemstillingar er det aktuelt å drøfte i krisestaben?

Vedlegg 3

Samarbeidsavtale om kyrkjeleg beredskap

Partar i avtalen:

1. Prosten i xx prosti
2. Kyrkjeverja i xx

Avtalen gjeld:

Samordning og bruk av kyrkjelege ressursar frå begge arbeidsgivarliner i samband med ulykker og katastrofar i Nordre Sunnmøre prosti. Avtalen gjeld frå dags dato og til den vert sagt opp av ein av partane med 6 månaders varsel.

Avtaletekst:

LRS-prestar i teneste får med dette fullmakt til å kalle ut nødvendig kyrkjelig personell i samband med ulykker og kriser i prostiet. Det er ein føresetnad at dette gjeld akuttsituasjonar og at prost og kyrkjeverje vert informert om utkallingane i etterkant.

Prosten i xx prosti eller sokneprest i prosten sin stad, får med dette fullmakt til å kalle ut nødvendig kyrkjeleg personell i samband med ulykker og kriser i prostiet. Det er ein føresetnad at dette gjeld akuttsituasjonar og at aktuell kyrkjeverje vert informert om utkallinga snarast råd etter hendinga.

Aktuelle behov som kan utløyse slik utkalling er til dømes varsling, bemanning av pårørandesenter, samtalar med kriseramma, opning/lukking og tilrettelegging av kyrkjerom eller andre lokale.

Bruk av kyrkjeleg personell utover **to arbeidsdagar** fell utanfor denne avtalen og må skje i nær dialog med prost/kyrkjeverje.

Prost og kyrkjeverje har ansvar for at kyrkjelig tilsette som er utkalla og involvert i beredskapsarbeid får nødvendig oppfølging i etterkant.

Underskrifter :

Stad og dato : _____

Prost

Kyrkjeverje



DEN NORSKE KIRKE

Kirkerådet

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 01.03.2023

Vår ref: 23/01142-1

Deres ref:

Program for utviklingssamtaler mellom bispedømmene og Kirkerådet 2023

Velkommen til utviklingssamtale mellom bispedømmerådet og Kirkerådet.

I år fortsetter vi å ha dialog mellom to bispedømmer, og samtidig legger vi inn to timer for en direkte samtale mellom det enkelte bispedømmeråd og kirkerådet. Møtedagen vil starte med samtale mellom ett bispedømmeråd og Kirkerådet, før det blir felles lunsj og en felles dialog med de to bispedømmene. Dagen avsluttes med individuell del for det andre bispedømmet.

Vi viser til avtalte datoer og tider for samtalene. Det vil bli servert lunsj.

Individuell del

A)

Året 2022 – erfaringer og veien videre

Med utgangspunkt i egen årsrapport bes bispedømmet presentere følgende:

- Hva lyktes bispedømmet med i 2022?
- Hvilke hovedutfordringer hadde bispedømmet i 2022?
- Veien videre

B)

Likestilling, inkludering og mangfold

Hvordan jobbes det med LIM-feltet i bispedømmet?

C)

Status økonomi

Bispedømmet kommenterer regnskapsresultatet for 2022 og eventuelle utfordringer innenfor økonomiområdet.

D)

Eget tema fra bispedømmet

Fellesdel

I fellesdelen legger vi opp til innledning fra hvert bispedømme før det åpnes for samtale og erfaringsutveksling. Dette gjentas på hvert av punktene.

Postadresse:
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

E-post: post.kirkeradet@kirken.no
Web: www.kirken.no
Org.nr.: 818066872

Telefon: +47 23081200
Telefaks:

Saksbehandler
Elise Slettebø Melhus

A)

Dialog om satsinger for 2022. Hvert bispedømme presenterer arbeidet som har blitt gjort med de vedtatte satsingene for 2022:

Diakoni og barn og unge. Hvilke tiltak ble igangsatt i 2022? Hvilken effekt eller resultat ser dere av disse tiltakene?

B)

Vi ber videre om at bispedømmene presenterer hva som gjøres innenfor følgende tema som det er kritisk for kirken å lykkes med:

- Dåp
- Konfirmasjon - leir
- Rekruttering

C)**Kirkelig organisering**

Hvordan går prosessene med kirkelig organisering i bispedømmet? Hvilke utfordringer har dere sett og ser for det videre arbeidet?

Vi ber også om at dere presenterer eventuelle gode historier/positive erfaringer med å få kirken til å henge bedre sammen og jobbe på samme lag mot felles mål - og bedre dialogen mellom lokalkirkens og bispedømmets organer.

Med vennlig hilsen

Ingrid Vad Nilsen
direktør

Gunn Schärer
direktør økonomi og virksomhetsstyring

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:

| | | |
|---------------------------------|---------------------------------------|------------------------|
| Agder og Telemark bispedømmeråd | Postboks 208 | 4662 KRISTIANSAND S |
| Borg bispedømmeråd | Bjarne Aasgt. 9 | 1606 FREDRIKSTAD |
| Bjergvin bispedømmeråd | Postboks 1960 | 5817 BERGEN |
| Hamar bispedømmeråd | Postboks 172 | 2302 HAMAR |
| Nidaros bispedømmeråd | Kongsgårdsgata 1a, Erkebispegården | 7013 TRONDHEIM |
| Nord-Hålogaland bispedømmeråd | Postboks 790 | 9258 TROMSØ |
| Oslo bispedømmeråd | Postboks 9307 Grønland | 0135 OSLO |
| Stavanger bispedømmeråd | Lagårdsveien 44 | 4010 STAVANGER |
| Sør-Hålogaland bispedømmeråd | Tolder Holmers vei | 8003 BODØ |

Tunsberg bispedømmeråd
Møre bispedømmeråd

11
Postboks 10 Kaldnes 3119 TØNSBERG
Moldetrappa 1 6415 MOLDE



DEN NORSKE KIRKE

Kirkerådet

Møre bispedømmeråd
Moldetrappa 1

6415 MOLDE

Dato: 06.05.2024

Vår ref: 24/01244-1

Deres ref:

Bispedømmenes innbetaling til klimakompensasjonsfondet for 2023

Fra og med 2023 skal alle enheter i rDnk kompensere for klimagassutslipp fra flyreiser, dersom de overskrider utslippskvoten sin.

Det skal innbetales 3 000 kroner per tonn som overstiger utslippskvoten i det gitte året. Derfor er utslipp over kvoten ganget med 3 000 kroner, og delt på 1 000 for å omgjøre kg CO²-ekvivalenter til tonn.

Formelen blir slik:

x kg CO²-ekv. sluppet ut i det relevante året

- Utslippskvoten for det relevante året

= utslipp over kvoten som ganges opp med 3 000 kr per tonn co²-ekv.

Basert på utslippene i 2023, er utslippene og fondsinnbetalingen slik:

| Enhet | Utslippsbudsjett kg CO ₂ -ekv. | Utslipp kg CO ₂ -ekv. | Innbetales til klimakompensasjonsfondet |
|-------------------------------------|--|-------------------------------------|--|
| 110 - Kirkerådet fellestjenester | 193 696 | 209 239 | kr 46 631 |
| 120 - Kirkerådet avdelinger | 187 957 | 216 860 | kr 86 711 |
| 130 - Bispemøtet | 34 042 | 28 310 | kr 0 |
| 210 - Oslo (uten Døvekirken) | 11 526 | 23 992 | kr 37 399 |
| 220 - Borg | 9 912 | 23 445 | kr 40 597 |
| 230 - Hamar | 12 683 | 4 042 | kr 0 |
| 240 - Tunsberg | 15 441 | 7 311 | kr 0 |
| 250 - Agder og Telemark | 23 932 | 11 556 | kr 0 |

Postadresse:
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

E-post: post.kirkeradet@kirken.no
Web: www.kirken.no
Org.nr.: 818 066 872

Telefon: +47 23081200
Telefaks:

Saksbehandler
Birgitte Ås

| | | | |
|-----------------------|---------|---------|------------|
| 260 - Stavanger | 48 231 | 29 798 | kr 0 |
| 270 - Bjørgvin | 59 845 | 61 817 | kr 5 916 |
| 280 - Møre | 53 318 | 82 977 | kr 88 977 |
| 290 - Nidaros | 106 441 | 83 723 | kr 0 |
| 300 - Sør-Hålogaland | 184 636 | 228 130 | kr 130 481 |
| 310 - Nord-Hålogaland | 261 223 | 253 902 | kr 0 |

Bispedømmenes regnskaper vil belastes med summen oppgitt, og klimakompensasjonsfondet godskrives tilsvarende.

I forbindelse med arbeidet med bærekraftig arbeidsgiverpolitikk, ble det i 2022 også besluttet at siste års utslipp skulle legges fram i regionale kontaktmøter for samtale om videre tiltak, og Kirkerådet ber bispedømmene om å følge opp dette.

Med vennlig hilsen

Jan Christian Kielland
avdelingsdirektør

Wenche Fladen Nervold
seksjonsleder

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

| | | |
|---|------------------------------------|---------------------|
| Agder og Telemark bispedømmeråd, Aslak Wegge | Postboks 208 | 4662 KRISTIANSAND S |
| Borg bispedømmeråd, Anne Sofie Rosenvinge | Bjarne Aas gate 9 | 1606 Fredrikstad |
| Borg bispedømmeråd, Karianne Hjørnevik Nes | Bjarne Aasgt. 9 | 1606 FREDRIKSTAD |
| Bjørgvin bispedømmeråd, Jan Ove Fjellveit | Postboks 1960 | 5817 BERGEN |
| Hamar bispedømmeråd, Freddy Knutsen | Postboks 172 | 2302 HAMAR |
| Nidaros bispedømmeråd - Nidarosen bæspatjælteraerie, Steinar Skomedal | Kongsgårdsgata 1a, Erkebispegården | 7013 TRONDHEIM |
| Nord-Hålogaland bispedømmeråd, Anne Bergljot Skoglund | Postboks 790 | 9258 TROMSØ |
| Oslo bispedømmeråd, Ole Edvard Wold-Reitan | Postboks 9307 Grønland | 0135 OSLO |
| Stavanger bispedømmeråd, Jorunn Kraft Vistnes | Lagårdsveien 44 | 4010 STAVANGER |
| Tunsberg bispedømmeråd, Eigil Morvik | Postboks 10 Kaldnes | 3119 TØNSBERG |
| Møre bispedømmeråd, Bjørn Olaf Storhaug | Moldetrappa 1 | 6415 MOLDE |

Mottakere:

| | | |
|---------------------------------|---------------------------|------------------------|
| Agder og Telemark bispedømmeråd | Postboks 208 | 4662 KRISTIANSAND S |
| Borg bispedømmeråd | Bjarne Aasgt. 9 | 1606 FREDRIKSTAD |
| Bjørgvin bispedømmeråd | Postboks 1960 | 5817 BERGEN |
| Hamar bispedømmeråd | Postboks 172 | 2302 HAMAR |
| Nord-Hålogaland bispedømmeråd | Postboks 790 | 9258 TROMSØ |
| Oslo bispedømmeråd | Postboks 9307 Grønland | 0135 OSLO |
| Stavanger bispedømmeråd | Lagårdsveien 44 | 4010 STAVANGER |
| Sør-Hålogaland bispedømmeråd | Dronningens gate 18 | 8006 BODØ |
| Tunsberg bispedømmeråd | Postboks 10 Kaldnes | 3119 TØNSBERG |
| Møre bispedømmeråd | Moldetrappa 1 | 6415 MOLDE |
| Døves kirkeråd | Fagerborggt. 12 | 0360 OSLO |
| Døves kirkeråd, Camilla Høiberg | Fagerborggt. 12 | 0360 OSLO |
| Nidaros bispedømmeråd | Erkebispegården | 7013 Trondheim |